



# **Universitetet i Bergen**

*Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium*

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Våren 2018

## **Gardsnamn i Askvoll kommune**

*Ein diskusjon av tolkingane i «Norske Gaardnavne» bind 12*

Kristin Heggheim Mjåseth

## Føreord

Takk til rettleiaren min, Gunnstein Akselberg, for all hjelp og gode råd. Takk for at eg har fått arbeide på min måte, sjølv om det kanskje har vore nervepirrande til tider.

Takk til familien, mamma, pappa, veslesøster og besteforeldre, for selskap på rundturane i Askvoll kommune, både på landevegen og på sjøvegen.

Takk til Maja, motivator og klagemur, som har vore der til alle døgnetts tider om eg har trengt det.

Takk til tolmodige venner, som har lete meg skravle om denne oppgåva i eit år no, og takk til gjengen på lesesalen for samhald i striden.

Ein ekstra takk til veslesøster Silje, for å minne meg på at eg sjølvsagt skulle ta faget namnegransking, då eg i ein forvirra augneblink var i tvil.

Takk til informantane for all hjelp, alle opplysningar har vore meir kjærkomne enn de anar.

## **Innholdsliste**

Innleiing	s. 3
Kapittel 1: Introduksjon av Askvoll kommune	s. 8
Kapittel 2: Metode	s. 15
Kapittel 3: Teori	s. 24
Kapittel 4: Gardsnamntolkingar	s. 34
Avslutning	s. 113
Litteraturliste	s. 124
Samandrag	s. 129
Abstract	s. 130
Profesjonsrelevans	s. 131

## Innleiing

I denne oppgåva skal eg ta føre med gardsnamnstolkingar frå Askvoll kommune, frå *Norske Gaardnavne* bind 12. Eg ynskjer å etterprøve tolkingane i dette bindet, for å sjå om tolkingane verkar rimelege, eller om ein kan komme med alternative tolkingar som verkar meir trulege, basert på lokale, topografiske og kulturhistoriske tilhøve. Eg ynskjer også å sjå om lokale forhold kan vere med på å bekrefte tolkingane frå NG12. I tillegg vil eg undersøke om tolkingane i NG12 er grunntolkingar eller standardtolkingar, og om konklusjonane i NG12 er kategoriske eller om det finst atterhald om andre mogelege tydingar. *Norske Gaardnavne* tek føre seg matrikkelgardsnamna for heile landet, fylke for fylke, og presenterer ei tolking for kvart namn. Utgangspunktet for *Norske Gaardnavne* var at det skulle opprettast ein ny matrikkel, og då skulle skrivemåten av stadnamna normerast, for å rydde opp i dei mange ulike variantane av kvart namn. Denne oppgåva var det Namnekommissjonen av 1878 som fekk. Kommissjonen bestod av Oluf Rygh, Sophus Bugge og Johan Fritzner. Spesielt Oluf Rygh la ned eit enormt arbeid i å danne eit vitenskapelig grunnlag for arbeidet, med utgangspunkt i den lokale nedervde uttalen og historisk heimla skrivemåtar (Sandnes 2000:16).

Matrikkelgardsnamna i NG vart tolka for å «finne tilbake til opphavet», og desse tolkingane er gjevne ut fylkesvis i 17 bind. Det at namna allereie er tolka, gjer det mogeleg å etterprøve dei tidlegare tolkingane, både med utgangspunkt i ny kunnskap namnegranskinga har tilført sidan *Norske Gaardnavne* kom ut for om lag hundre år sidan, og ved å sjå på dei lokale og topografiske forholda i større grad enn det dei som jobba med dette verket hadde anledning til. Dette har Oluf Rygh sjølv vektlagt som eit av problema når det kom til arbeidet med *Norske Gaardnavne*:

«En Vanskelighed, jeg ofte har følt ved Navnenes Forklaring, er Mangelen af tilstrækkeligt Kjendskab til Stedforholdene paa de Steder, hvor Navnene høre hjemme» (Rygh 1898:12).

Eit anna interessant aspekt ved matrikkelgardsnamna er den spesielle posisjonen dei har fått i den nye stadnamnlova. Lov om stadnamn presenterer sitt eige føremål slik:

«Formålet med denne lova er å ta vare på stadnamn som språklege kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna» (Lov om stadnamn, 1991, §1).

I 2015 vart det vedteke endringar i Stadnamnlova, etter at det vart lagt fram forslag om å opne opp for at grunneigaren skulle ha meir å seie når det kom til fastsetjing av den offentlege skrivemåten av namnet på bruket sitt. Det vart opna opp for at grunneigarar skulle få meir å seie når det gjaldt bruksnamn, men ikkje matrikkelgardsnamn. I høyringsnotatet til Kulturdepartementet vart det lagt vekt på at gardsnamna har ein annan busetnadshistorisk status enn bruksnamna, grunna alderen deira, at dei kan ha utgangspunkt for anna namngjeving og at ein matrikkelgard som regel har fleire bruk med fleire grunneigarar. Matrikkelgardsnamnet strekkjer seg dermed vidare enn enkeltpersonen sin eigedom, og er ein del av vår felles kulturarv (Ot.prp. nr 105 L 2014–2015).

Noko anna som gjer stadnamn spennande i desse dagar, er dei pågåande adressegjevingsprosjekta rundt om i landet. Alle stadar skal no ha ei adresse, mellom anna for å gjere det lettare for naudetatar å rykke ut. Normering av stadnamn er eit viktig punkt når adressene skal på plass, og fleire stadar vert det reist namnesaker for å få konstatert kva som skal vere den rette skrivemåten av eit namn, og luke ut inkonsekvente variantar. I *lov om stadnamn* vert det lagt vekt på at namna skal følgje normal rettskriving, men samtidig ta omsyn til den lokale nedervde uttalen. I tillegg skal meiningsinnhaldet i namnet ikkje kamuflerast, der dette er mogeleg. Dette krev ei nøye vurdering av skrivemåten for kvart enkelt stadnamn, og ein prosess der fleire aspekt må takast med når namna skal normerast.

Grunnlaget for den geografiske avgrensinga av prosjektet mitt er knytt til omfanget av både talet på namn og dei geografiske avstandane. Namnematerialet måtte vere stort nok, men ikkje for stort, og avstandane mellom stadane måtte vere overkommeleg dersom det praktisk skulle late seg gjere å besøke alle stadane minst éin gong, og helst fleire. Eg ønskte å arbeide innanfor heimkommunen min, fordi det er her eg trur eg har dei beste føresetnadane for å kunne gjere dei beste undersøkingane. Innanfor Askvoll kommune er eg godt kjend, og eg veit kven eg kan prate med for å få tak i den informasjonen eg treng. Hausten 2016 tok eg faget *Namnegransking* på UIB, der eg skreiv ei semesteroppgåve om gardsnamna på øyane i

Askvoll kommune. Dette arbeidet var veldig spennande, og det gav meirsmak til å både sjå på dei tolkingane eg hadde gjort tidlegare på nytt, og til å utvide granskingsområdet.

Historisk sett har ikkje området som eg har valt for undersøkinga mi vore ei samla eining spesielt lenge. Det området som i dag utgjer Askvoll kommune består av delar frå fire ulike kommunar som i løpet av siste del av 1900-talet vart sett saman til den eininga ein har i dag. Dei tidlegare kommunane Bru og Vevring vart oppløyste på 1960-talet, og dei delane av desse kommunane som låg på sørsida av Førdefjorden vart innlemma i Askvoll kommune. På 1990-talet kom ei ny kommunereform, der Askvoll og Fjaler gjorde eit bytte. Då vart kommuneinndelinga slik at i staden for at begge kommunane hadde område på både nordsida og sørsida av Dalsfjorden, ligg dagens Fjaler kommune no berre på sørsida, medan Askvoll berre er knytt til nordsida. Endringar i kommuneinndelinga kan by på utfordringar. Sidan NG12 vart gjeven ut før den noverande inndelinga av kommunane, er gardane i dagens Askvoll kommune fordelt i ulike delar av NG12. Dette gjeld også i gamle matriklar og jordebøker, og dette kan vere med på å gjere datainnsamlingsprosessen meir krevjande. Som eit resultat av at gardane har opphav i ulike kommunar, ser ein at matrikkelgardsnummera i denne oppgåva ikkje er løpande alle stadar, mellom anna startar gardane i Holmedal-området på gardnummer 200 i staden for å følgje etter dei gardane som kjem før dei i matrikkelgardsnummereringa.

Det er ikkje berre i skrift at Askvoll kommune kan by på utfordringar. Det geografiske området er langstrekt og oppdelt, og det er langt frå *Hestvika* i aust til *Sandøy* i vest. I tillegg er busetnaden spreidd og fleire av stadane kjem ein berre til med båt. Likevel hadde eg eit ønske om å undersøke heile kommunen, slik den ser ut i dag. Ved å velje dagens Askvoll kommune, framfor det tidlegare Askvoll herad, forsøker eg å symbolisere at prosjektet også har ein relevans i moderne tid. Kunnskap om stadnamn viktig, både når ein skal verne namna som kulturminne, men også når det gjeld normering og adressegjeving.

Adressegjevingsprosjekta er viktige for å gjere arbeidet til naudetatar og andre yrkesgrupper som er avhengige av å finne fram på stadar der ein ikkje er lokalkjend. Det som kan vere faren med innføringa av adresser, er at stadnamna gradvis kan bli fortrenge av adressene. Stadnamn som ikkje vert brukte, døyrt til slutt. Dersom ein tek til å nytte *Askvollvegen 452* om staden ein bur, framfor gardsnamnet *Straumen*, slik ein tidlegare har gjort, kan *Straumen*

komme til å døy ut etter nokre generasjonar utan å vere i bruk. Sjølv om matrikelgardsnamna foreløpig står ganske sterkt, og ikkje er dei namna som står i størst fare for å forsvinne, må ein heller ikkje ta desse namna for gitt.

Sjølv om matrikelgardsnamna allereie er tolka, vil eg likevel seie at det er grunnlag for å sjå på dei på nytt. Ikkje for å undergrave det enorme arbeidet som er gjort i *Norske Gaardnavne*, men av den grunnen Oluf Rygh sjølv peika på: mennene bak dette verket hadde ikkje alltid tilstrekkeleg lokalkunnskap. I dei fleste tilfella hadde den som gjorde tolkinga, ikkje vore på staden i det heile. Dei hadde informantar, men desse var som regel tilfeldig utvalde, og vart ikkje spurde fordi dei hadde noko spesiell interesse for stadnamn eller lokalhistorie, men fordi det var praktisk. Rygh og namnekommissjonen nytta ofte eksersisplassane, stadane der militæret hadde øving, og seminara, dåtidas lærarskular, for å innhente informasjonen dei trengte. Dette var svært effektivt, fordi ein kunne møte mange folk samla og få informasjon frå større område samtidig. Problemet med dette er kanskje å snakke med folk utan spesiell interesse for stadnamn. Det er ikkje alltid så lett å leggje merke til kva som er det spesielle ved staden ein kjem frå. Ein kan fort sjå seg blind på tilhøve ein er vand med, og dei tilhøva ein ser til dagleg er ikkje nødvendigvis dei same som ein ser dersom ein observerer i eit spesielt augneméd.

På grunn av storleiken på prosjektet hadde Rygh og namnekommissjonen avgrensa tid til å undersøke kvart enkelt namn. I tillegg arbeidde dei i den moderne namnegranskinga si spede byrjing, og det er naturleg at faget har utvikla seg i løpet av dei hundre åra som har gått. Både den avgrensa tida Rygh og etterføljarane hans hadde, og dessutan den tida dei levde og forska i, gjorde at modelltolkingar vart eit framstående trekk ved mange av tolkingane. Modelltolking vert av Gunnstein Akselberg definert som «faste referansemodellar for tolking av utmerkingslekkane i gardsnamna avhengig av kva for gardsnamnklasse namna høyrer til» (Akselberg 2000:69). På grunn av at Oluf Rygh var så stor innanfor namnegranskingsfeltet, har mange av både dei samtidige fagfellane hans, og arvtakarane etter han, også lagt seg på denne linja, og modelltolkingar finn vi derfor også i bind 12 for Sogn og Fjordane fylke, som er det bindet eg arbeider mest med. Rygh meinte til dømes at *stadir*-namna «i de allerfleste Tilfælde» hadde eit personnamn som utmerkingsledd (Rygh 1898:78). Denne påstanden har fått konsekvensar for korleis mange av *stadir*-namna har blitt tolka i NG. I dag har denne

teorien vorte avkrefte frå fleire hald, og namnegranskingsfeltet generelt har endra seg på dette området. Difor meiner eg ein bør vurdere namna på nytt, i lys av lokale forhold og utviklinga av fagfeltet.

Allereie i 1949 søkte sjefen for Norsk stadnamnarkiv, Per Hovda, forskingsrådet om støtte til å lage ei revidert utgåve av *Norske Gaardnavne*. Det var ynskjeleg å kontrollere uttaleopplysningane frå NG, komme med fleire realopplysningar, utvide kommentarane, og i tillegg utvide verket til å femne om yngre namn, som bruk- og plassnamn. Prosjektet fekk støtte, og i 1950 tok arbeidet til, med Kåre Hoel som prosjektmedarbeidar. Hoel arbeidde med dette prosjektet i meir enn 30 år, og etterlet seg over 7000 sider med manus då han døydde i 1989 (Schmidt 1994:9). Hoel sitt arbeid konsentrerte seg hovudsakleg om Østfold fylke, og Avdeling for namnegransking ved Universitetet i Oslo har per i dag gjeve ut 15 av dei 22 planlagde binda av verket *Bustadnavn i Østfold*. Prosjektet med å få revidert *Norske Gaardnavne* for heile landet, har så vidt eg kjenner til ikkje vorte realisert.

Kåre Flokenes har i sitt verk *Stadnamn i Askvoll* revidert nokre av tolkingane frå Askvoll kommune, men dette verket konsentrerer seg ikkje hovudsakleg om gardsnamn, så det er berre kortare omtalar han har gjeve av nokre av dei namna der han ikkje er samd med NG12.



# Kapittel 1: Introduksjon av Askvoll kommune

## Geografisk plassering

Kystkommunen Askvoll ligg i regionen Sunnfjord i Sogn og Fjordane, med Nordsjøen i vest, med Stavfjorden og Førdefjorden som nordleg grense mot Flora og Naustdal. I aust grensar kommunen til Førde og Gaular, og i sør utgjer Dalsfjorden grensa mot Fjaler. Den nordaustlege delen, som strekkjer seg langs sørsida av Førdefjorden, hørde til dei tidlegare kommunane Bru og Vevring. Desse områda vart innlemma i kommunen i 1964 (Thorsnes og Askheim 2017). I 1990 bytte Askvoll områda sine på sørsida av Dalsfjorden mot Fjaler sine område på nordsida, Rivedal, Holmedal og Vårdal. Dagens kommune er knytt til ytre del av *Askvollhalvøya*, som landet mellom Førdefjorden og Dalsfjorden vert kalla, og øyane utanfor.




Figur 1: Omriss av Askvoll kommune.

## Landskap

Landskapet i Askvoll kommune er variert, men samtidig eit typisk vestlandsk kystlandskap med fjell og fjord. Heilt aust i kommunen ligg gardane Hestvika og Rørvika, plassert under det bratte og kilometerlange Heilefjellet som stuper rett i fjorden. Ytst i havgapet ligg øysamfunna Bulandet og Værlandet, som består av 365 øyar, holmar og skjær. Her er landet


oppstykkja og terrenget lågt, men innimellom dukkar det opp restfjell, som til dømes øya Alden, på om lag 480 meter, rett opp frå havet. Dei fleste gardane er relativt små, sidan ein ikkje finn vidstrekke grasmarker her. Landskapet er kupert og jordsmonnet tynt. Her har bøndene måtta arbeide hardt for å livnære seg. Det høgaste fjellet i kommunen er *Blegja*, (frå norrønt *blæja*, ‘teppe, duk’) på 1304 meter over havet. Fjellet er ein del av Heilefjellmassivet (Askheim 2017). Mange av gardane i ytre del av kommunen ligg på det som innan geologien vert kalla strandflata, det vil seie erosjonsflate som strekkjer seg frå om lag 60–70 meter over havet og til om lag 30–40 meter under havoverflata. Strandflate vert ofte avgrensa inn mot land av bratt fjellvegg, såkalla restfjell med bratte fjellsider. Slikt landskap finst på Svalbard og Grønland, men er elles ein ganske særnorsk landskapstype. Breidda på strandflata, som er vanleg på kysten av Noreg frå Ryfylke til Vest-Finnmark, varierer frå nokre få kilometer til nær 50 kilometer (Linge 2015). I Askvoll kommune er strandflata avgrensa, men typisk. Geologen Hans Rusch som var opphavsmannen til omgrepet strandflate, skildra området rundt Vilnesfjorden i den første forskingsartikkelen om strandflate som vart publisert i 1894 (Losnegård 2009:57). Han beit seg merke i det flate landet mot dei bratte fjellsidene, og samanlikna dei med hattar med brem som flaut på vatnet (Losnegård 2009:57).



*Figur 2: Fjellet Lammetun har den mest karakteristiske hatteforma av fjella ved Vilnesfjorden.*

Frå ein geologisk ståstad er Askvoll visstnok svært blanda samanlikna med resten av Nordvestlandet (Losnegård 2009:17). *Dalsfjorddekket* er ei geologisk nemning om skyvebergartane i området som vart danna i samband med den kaledonske fjellkjedefoldinga

for ca. 400 millionar år sidan. Dei to kontinentalplatene Laurentia (den nordamerikanske) og Baltika (den europeiske) brasa inn i kvarandre, og den nordamerikanske plata skubba sediment og bergmassar framfor seg, over det gamle grunnfjellet, som sokk ned under dei nye laga med bergmasse. Dalsfjorddekket er ein del av dette *kaledonske skyvedekket*. (Losnegård 2009:31). Skiljet mellom Dalsfjorddekket og grunnfjellsområdet sør for dette er godt synleg, og viser seg som steile ryggar mot eit relativt flatt grunnfjell og strandflate. Dei bratte fjella går frå aust til vest, med sørvende, bratte heng. *Stavfjordofiolitten* er ein berggrunnstype som også er med på å prege landskapet i kommunen. Den er laga av jordskorpe frå havbotnen som har blitt skyvd opp på grunnfjellet og hamna i dagen, mellom anna i Melværet, på Alden og på Stavenesodden (Losnegård 2009:19).



Figur 3: Steile fjellsider. Her ser ein Fristadfjellet i framgrunnen og Atløyna i bakgrunnen.

## Religion

På grunn av den svært oppstykkja geografien, har *Den Norske Kyrkja* sju gudshus i kommunen. Dei tre kyrkjene, Askvoll kyrkje, Holmedal kyrkje og Vilnes kyrkje, var tidlegare oppdelte i tre sokn, men er no samanslegne til Askvoll sokn. I tillegg har ein Kvammen kapell, og tre bedehuskapell som er vigsla til gudstenestebruk i Stongfjorden, Værlandet og Bulandet (Den Norske Kirke/Kirkebyggdatabasen). Askvoll sokn høyrer til Sunnfjord prosti som ligg under Bjørgvin bispedøme.

## **Administrasjon, historisk**

Sidan dagens kommune består av delar frå fire ulike kommunar, er det naturleg at administrasjonseiningane frå eldre tider er oppstykkka. Kvammen-området, det vil seie bygdene langs Førdefjorden, som tidlegare hørde til Bru og Vevring, låg tidlegare under Brandsøy skipreide. Dei austlegaste gardane låg under Førde prestegjeld og Vevring sokn. Den vestlegaste delen av Førdefjord-bygdene hørde til Kinn prestegjeld, nokre av gardane låg i Kinn sokn, og nokre i Bru sokn.

Askvoll skipreide omfatta delar av Askvoll prestegjeld. Dette var Askvoll sokn, del av Vilnes sokn, og dessutan delar av Øn sokn og Hyllestad sokn som i dag høyrer til Hyllestad kommune. Dei andre delane av Askvoll prestegjeld hørde til Utvær skipreide med hovudsete i Solund. Ytre Dale skipreide omfatta Ytre Holmedal prestegjeld, og gardane i Holmedal sokn (Skipreider i Sogn og Fjordane, 2014).

## **Busetnad og næringsveggar**

Mykje av busetnaden i kommunen ligg i kort avstand til sjøen, både på øyar, i viker og langs fjordane. Askvoll kommune har spreidd busetnad, med mange små grender. Sjølv i nyare tid når tendensen er at folk bur meir og meir samla er det ikkje meir enn like over 700 av totalt om lag 3000 innbyggjarar som bur i kommunesenteret Askvoll (januar 2017). I følgje SSB bur 23% av innbyggjarane i kommunen i tettbygde strøk. Landsgjennomsnittet er 81% (ssb.no 'Befolkning og areal i tettsteder'). I tillegg til kommunesenteret Askvoll (549) er andre bygder Holmedal (397), Stongfjorden (226), Atløy (213), Kvammen (175), Værlandet (125) og Bulandet (114). Tal i parentes er Posten sine tal på kundar på kvar av poststadane for å vise ei omtrentleg fordeling av innbyggjarane (Posten, Adressesøk). Arealet til kommunen er på 326 km<sup>2</sup>. Til samanlikning vil dette nesten dekke arealet til Bergen kommune utan Arna bydel.

Truleg kom dei første menneska til Askvoll rundt ca. 9000 f.Kr. På denne tida var havnivået om lag 30 meter høgare enn det er i dag, og stadar som Bulandet og Værlandet låg i stor grad under vatn. Sidan har landet stige gradvis, slik at havnivået i dag er lågare enn det var. Dei eldste buplassane er vanskelege å finne spor etter, og ein trur at det høge havnivået i eldre steinalder er årsak til at det ikkje finst buplassar frå preboreal tid (før 8200 f. Kr) verken i Askvoll eller andre stader i Sunnfjord (Losnegård 2009:78). Dei fleste steinalderbuplassane

som er funne i Askvoll ligg på nordsida av fjordane, på sørvende og solrike plassar, som på *Vilnes*, i *Grov*, på *Prestøyna*, i *Vårdalsneset*, på *Unneset* og *Yndestad*, og i *Vågane* (Losnegård 2009:78).

På 2000-talet f.Kr tolk folk i Askvoll til å dyrke jorda og halde husdyr (Losnegård 2009:91) Ikkje alle stadar langs kysten eigna seg for korndyrking, på dei ytste øyane i Askvoll er det tynt jordlag og sur jord. Her har folk truleg livnært seg på fangst, fiske og husdyrhald, medan folk på fastlandet i større grad har drive jordbruk og åkerbruk (Losnegård 2009:92). Jo lenger ut mot havet ein har kome, jo viktigare har fisket vore, og gardsdrifta har truleg vore meir og meir eit supplement, jo lenger ut ein har budd. Når ein kjem til moderne tid, har det også kome til ein del industri i Askvoll, til dømes kopargruver i Grimelia, aluminiumsfabrikk i Stongfjorden, brusfabrikk, smørfabrikk og knivfabrikk i Holmedal, teglsteinsverk i Vårdal, hermetikkfabrikk i Askvoll, garnmontering i Værlandet, fiskeindustri i Bulandet og i Flokeneset, krabbefabrikk på Herland og ulike kraftverk fleire stadar i kommunen. Mange av desse er no historie.

### **Fornfunn i Askvollområdet**

Ein reknar overgangen mellom steinalder og bronsealder til å vere rundt år 1700 f.Kr. På *Unneset* og i *Leirvåg* finn ein helleristningar som truleg stammar frå bronsealderen. Bergkunsten i *Leirvåg* er den første som vert omtalt i norsk bergkunst si forskingshistorie, og vart undersøkte allereie i 1826 av biskopen i Bergens stift, Jacob Neumann og i 1828 av Wilhelm Frimann Koren Christie, som var motoren bak Bergen Museum (Losnegård 2009:101, 102). Helleristningsfelta på *Unneset* vart oppdaga langt seinare, og vart første gong undersøkte på 1940-talet. Mesteparten av helleristningane her vart ikkje oppdaga før på 1970-talet, men viste seg å innhalde nokre vognmønster som er unike her i Noreg. Dei fleste av figurane både i *Leirvåg* og på *Unneset* har båtar som motiv (Losnegård 2009:103).

Gravrøysene ein finn i Askvollområdet er stort sett frå jernalderen. Ein reknar overgangen bronsealder til jernalder til om lag år 500 f.Kr. Ifølgje fornminneregisteret er det 112 gravhaugar innanfor Askvoll kommune sine grenser (Losnegård 2009:109). Askvoll har uvanleg få arkeologiske funn frå romartida og folkevandringstida, ei tid (200–550 e.Kr) som elles i landet er den rikaste på funn og fortidsminne. Det finst to funn som er daterte til

folkevandringstida eller byrjinga av merovingartida, Holmedalsbåten, som er datert til 500-talet eller byrjinga av 600-talet, og ei gravrøys på *Unneset* frå ein stad mellom år 290 og 590 (Losnegård 2009:119). Frå yngre jernalder har ein derimot ei rekkje funn frå Askvollområdet.

### **Kvar var makta plassert?**

I yngre romartid og folkevandringstid meiner ein det var ein omfattande ekspansjon med nyetablerte gardar, grunna folkevekst og ny teknologi, men også ein ny politisk organisering i samfunnet. Høvdingar og høvdingsslekter tok kontrollen over sentrale jordbruksbygder, og eit leigendingssystem vart innført. Arkeologar har ved å måle konsentrasjonen av funn av spesielle statusgjenstandar, sett opp dei mest trulege maktsentera på Vestlandet før vikingtida. I Sogn og Fjordane er det indre Sogn og indre Nordfjord som peikar seg ut, medan i Sunnfjord er det få eller ingen sentra som utpeikar seg. Dette skil seg frå resten av Vestlandet, funnkonsentrasjonen i dei andre fylka er tettast i ytre strok (Losnegård 2009:140, 141).

Ein trur at fisket har bidratt til ein flatare samfunnsstruktur, samanlikna med resten av fylket. Ressursane i havet var vanskelegare å hevde eigedomsrett over, sidan det nok var vanskeleg å kontrollere fiskeriet til leigendingane. Geografiske tilhøve, opplysningar om stadnamn og fortidsfunn tyder på at det har vore mange små maktsentrum i Askvoll framfor få store. Stadane som peikar seg ut som mindre maktsentrum i Askvoll er *Vik* og *Rivedal* i Dalsfjorden, på øyane peikar *Spor/Grov* og *Alden* seg ut, og på sørsida av Askvollholmen og Olsetlandet ser *Straumen* ut til å ha vore eit høvdingsete. I Stongfjorden peikar *Yndestad* seg ut, og *Gjelsvika* ved Førdefjorden (Losnegård 2009:142).

### **Samferdsle**

Askvoll ligg sentralt til ved skipsleia, ei ferdselsåre som har vore nytta så lenge det har budd folk i Noreg (Olsen 1971:29). Ein byrja å ta båten i bruk i tidleg steinalder, og bergkunsten på *Unneset* og i *Leirvåg* viser at ein har nytta større farkostar allereie i bronsealderen (Losnegård 2009:149). Med 145 km kystlinje langs fastlandet og heile 483 km kystlinje langs øyar,

holmar og skjær (ssb.no, pr. 2009) er det ingen tvil om at båt er eit godt framkomstmiddel i store delar av kommunen. På Vestlandet har sjøen vore den viktigaste ferdselsvegen til langt inn på 1900-talet, og grunna det kuperte terrenget har vegbygging vore både ressurskrevjande og tidkrevjande. Då bilen kom til landet på starten av 1900-talet, vart han på desse trakter berre eit supplement til båttrafikken, grunna manglande vegnett. Frå 1858 og utover kunne selskapet som seinare er kjent som *Fylkesbaatane i Sogn og Fjordane* tilby faste ruteavgangar og både hurtige og komfortable reiser i langs kysten. Utover på 1900-talet vart det satsa på vegbygging, ikkje berre fram til fjordane for å komme seg til båttransport, men langs fjordane (Losnegård m.f. 1999:130/131). Før dette har det vore stadane nær sjøen som har vore dei mest sentrale.

Det vart bygd veg mellom Askvoll sentrum og Stongfjorden rett før krigen, noko som knytte fastlandsdelane av kommunen saman på ein ny måte. Etter kvart som trafikken vart flytta over på land, vart fjordane noko som splitta opp eit område i staden for å samle det. Som tidlegare nemnt har det vore om-rokking av kommunegrensar, først på 60-talet, då Bru og Vevring som hadde område på både nord- og sørsida av Førdefjorden vart lagt ned. Bygdene på nordsida vart innlemma i Kinn og Naustdal kommunar, medan området langs ytre Førdefjorden vart høyrande til Askvoll. Dette vart ein viktig pådrivar for å utvide landevegen, som framleis berre gjekk til Stongfjorden (Losnegård m.fl. 1999:132). Då kommunegrensene igjen vart flytta i 1990, vart det gjort eit byte, slik at kommunegrensa mellom Askvoll og Fjaler gjekk ved Dalsfjorden, i staden for at begge kommunane hadde område på begge sider.

I 2003 stod fylkesveg 365, Nordsjøporten, ferdig. Den knytte saman øysamfunna Bulandet og Værlandet med 6710 meter veg og seks bruer som snirklar seg rundt i landskapet. Samla på strekninga finn ein 990 meter bru, og denne perla fekk i 2006 "Vakre vegers pris" (Statens vegvesen, 2006).

## Kapittel 2: Metode

For å best mogeleg kunne seie noko om opphavet til dei aktuelle gardsnamna, har eg nytta meg av ulike metodar. Eg har kombinert det å sjå på korleis namna tidlegare har vore skrivne og tolka med å oppsøke staden for å kunne få eit inntrykk av kva som skil den frå andre stader topografisk og kulturelt. Eg har forsøkt å etterprøve tidlegare teoriar og tolkingar opp mot dei topografiske og kulturelle forholda på staden. Der kor eldre tolkingar ikkje har vore heilt rimelege eller har vore fråverande, har eg forsøkt å komme med eit alternativ som kan passe både språkleg og topografisk.

### 1. Metode for innsamling av data

Før ein kan byrje å tolke eit namn, må ein hente inn ein del informasjon om tidlegare og noverande forhold. Eldre skriftvariantar av eit namn kan vise former som i dag er nedslitne, og som dermed gjer eit tydelegare bilete av kva det opphavelige namnet har vore. Den lokale uttalen til menneska som bur på, og er frå staden er også rekna som eit nyttig hjelpemiddel til å komme fram til den opphavelige tydinga til eit namn. I tillegg har eg undersøkt dei topografiske og kulturelle tilhøva på staden som ein del av prosessen med å forstå kva opphav namnet har hatt.

#### Historisk heimla skrivemåtar

For å finne fram til opphavet til eit namn kan det vere nyttig å sjå på korleis det historisk sett har vore skrive tidlegare. På grunn av dansk påverknad på skrivemåten etter reformasjonen, er det dei førreformatoriske skriftene som er dei mest interessante. I Noreg vart reformasjonen innført i 1536 samtidig som Noreg mista status som eige rike og hamna under dansk styre (Rasmussen 2016). På den måten vert reformasjonen ei skiljelinje, frå no av er det tydeleg dansk påverknad i skrivemåtane av gardsnamna.

*Björgynjar kálfskinn* eller *Bergens Kalvskinn* er den eldste bevarte jordeboka i Noreg, og ei svært viktig historisk kjelde. Den er eit register over geistlege jordeigedommar for Bergen bispedøme frå ca. 1360. Boka er utgjeven i trykt utgåve av første gong av P.A. Munch i 1843 (*Bergens kalvskinn*, *Store Norske Leksikon* 2017), og i 2016 kom det ut ei ny utgåve, som er



oversett til moderne norsk, redigert av Ole Jørgen Johannessen. Fleire av gardsnamna i Askvoll kommune er nemnde i *Bergens Kalvskinn*. Boka er inndelt geografisk, så det er mogeleg å skilje like namn frå kvarandre. Ho er inndelt i fylke, og tek føre seg dei ulike futedøma kvar for seg, som igjen er inndelte etter sokn. Her finn ein altså nokre av dei eldste skriftbelegga for mange av gardane i på Vestlandet, som kan vere med å gje ein peikepinn mot opphavet til namna. Som nemnt er *Bergens kalvskinn* den eldste bevarte norske jordeboka, men i tida etter dette vert det skriva fleire jordebøker som gjev innblikk i skrivemåten av namna på eit tidleg tidspunkt. Ei av desse er *Vincens Lunges jordebok* frå 1523, som dekker Vestlandet godt. Desse og andre skrifter kan ein finne samla i *Diplomatarium Norvegicum*, ei kjeldesamling over norske diplom frå dei eldste tider og fram til om lag 1570 (Gjerde 2017). Desse kjeldene er også gjort søkbare gjennom Dokumentasjonsprosjektet.

Eg har teke med alle historisk heimla skrivemåtar frå NG12, frå den aktuelle garden. Dersom det har vore behov for det, har eg også vist til eldre belegg i NG, for gardar med liknande namn. Desse har eg for det meste funne gjennom Dokumentasjonsprosjektet. I opplistinga frå NG12 har eg teke med årstal, samt alle forkortingar og referansar, slik dei står oppførte der. Dette gjer det enkelt å finne tilbake til dokumentet ein kan finne belegget. Forkortingane er ikkje mine.

*Askvelli* DN IV 66 1306, DN VII 114, 1322 (begge etter seinare avskrift), *Askuollr*, *Askuelli* 24a, *Askuelle* BK 24b 1349, *Askewoldh* NRJ II 139, *Askewold* NRJ II 141, *Askewold* DN VIII 596 1528, *Askewoldt* NRJ IV 487, *Askeuouldt* 1563, *Askeuold* 1603, *Ascheuolld* 1608, *Aschewold* 1667, *Aschevold* 1723, *Askvold* 1919 (NG12:249).

Her er ei oversikt over forkortingane som vert brukte i NG12 i Askvoll kommune.

AB = *Aslak Bolts Jordebok*

BK = *Bergens Kalvskinn*

DN = *Diplomatarium Norvegicum*

NRJ = *Norske Regneskaber og Jordebøker*

OE = *Erkebiskop Olaf Engelbretsens Jordebog*

I tillegg har eg sett på eit par jordebøker som ikkje er nytta i NG. Der informasjon frå slike er brukt, står det som ein eigen referanse i opplistinga av historisk heimla skrivemåtar, like etter notidsforma til gardsnamnet. Supplement frå andre jordebøker enn dei som er nemnde i NG12, er som regel teke med dersom ein gard har få skriftbelegg, dersom det er noko ved skrivemåten som skil seg frå dei allereie nemnde, eller dersom det er eit nytt førstebelegg.

## **Undersøkingar av lokale, topografiske og kulturelle tilhøve**

### **Topografi**

Når det gjeld undersøkingar av realia, har eg vore oppteken av at eg, sjølv om eg er oppvaksen i Askvoll kommune, ikkje har hatt «namnegranskingsbriller» på før eg tok til på dette prosjektet. Difor har eg, sjølv på dei stadane eg er mest kjend, reist rundt og sett meg om for å sjå staden i frå eit namnegranskingsperspektiv. På denne måten kan ein legge merke til ting ein ikkje har tenkt over før, og kanskje har sett seg blind på. Fordi det ikkje alltid er enkelt å illustrere korleis ein stad ser ut berre ved bruk av ord, har eg på stadar der det er relevant, nytta fotografi eller kart for å betre kunne forklare det eg meiner kan vere relevante topografiske tilhøve for eit gardsnamn. Alle foto er mine, med mindre anna er opplyst. Eg har mange stader nytta båt når eg har reist rundt og besøkt stader, for å kunne sjå staden frå det som i stor grad var ferdsleveggen til namngjevarane. Dette har vorte gjort for å supplere ‘synsvinkelen’ min frå land, og kanskje oppdage ting ein ikkje legg merke til når ein er på land.

Eg har nokre stader nytta kart i undersøkingane. Dette har til dømes vore for å sjå kvar grensene mellom gardane går, for å få greie på høgder, og nokre gonger berre for å sjå om ein kan oppdage ting ein ikkje har tenkt på. Det er sjølv sagt viktig å hugse at namnegjevarane ikkje såg stadane rett ovanfrå, og at ein må vere påpasseleg ved bruk av dette perspektivet. I dei tilfelle der ikkje noko anna er nemnt, er høgden som er nemnde i denne oppgåva funne på kartet til Kartverket, Norgeskart.no, og høgden er omtrentlege.

### **Informantar**

I tilfelle der det kan tyde på at eit namn kan ha ei tyding knytt opp mot det kulturhistoriske, har eg snakka med lokale informantar som har god kjennskap til staden. Dette kan vere

informasjon om til dømes næringsvegar og kulturminne. Eg har også spurt lokale informantar om for eksempel vêrforhold, straumforhold og liknande.

Å spørje lokale informantar om kva namnet på staden dei kjem frå tyder har vore utfordrande, sidan mange av oss ikkje har eit bevisst forhold til stadnamna og tydinga deira. Nokon har gjerne høyrte noko om det, men ofte kan det vere folkeetymologiske forklaringar utan noko historisk eller språkleg belegg. Folkeetymologi er ei slags «opphavssegn» om korleis eit stadnamn har vorte til. I mange tilfelle har omstenda rundt eit namn blitt dikta opp og vorte til ei segn (Stemshaug 1985:15).

Eg forsøkte meg i byrjinga på å spørje folk om dei viste kva gardsnamnet kom av, men dette enda ofte med negativt svar, eller med ei tolking sterkt knytt opp mot NG12. Eg har funne ut at den mest nyttige måten å få tak i den lokalkunnskapen folk sit med, har vore å stille konkrete spørsmål knytte til livet på garden. Dette har gjerne vore gjort på eit tidspunkt i tolkingsprosessen der eg har fått eit inntrykk av kva som kan vere opphavet til namnet. Eg har stilt spørsmål til informanten som kan bekrefte eller avkrefte ein teori eg har kome fram til utifrå den andre informasjonen eg har, så det som egentleg skulle vere ein metode for datainnsamling, har også vorte ein metode for tolking. Svakheita ved dette er at det er den tingen eg har bite meg merke i, det vere seg ei topografisk form eller ein kulturhistorisk detalj, som vert undersøkt. Eg har forsøkt å vege opp for dette ved å vere bevisst på å ikkje låse meg til ei spesiell tolking, og prøve å komme med andre rimelege alternativ der dette let seg gjere.

Når eg har valt ut informantar, har eg lagt vekt på at informanten skal vere så lokal som mogleg, helst frå den garden det er snakk om, men eg har nokre gonger snakka med folk frå ein nabogard. Dette har spesielt vore naudsynt i samband med fråflytta gardar.

### **Skriftlege kjelder til lokalhistorie**

Når det gjeld skriftleg informasjon om lokale tilhøve, har eg hatt god nytte av Gaute Losnegård si allmennsoge for Askvoll, *Havfolk og Fjordfolk* (2009). Den er ei lettfatteleg innføring i lokalhistorie som er innom både geologi og danninga av landet, den første busetnaden og tida framover mot moderne tid. I tillegg har eg nytta *Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane* sine nettsider, og nokre stader supplert med informasjon frå *Store Norske Leksikon* sitt digitale oppslagsverk.

## Lokal uttale

Den lokale uttalen av eit stadnamn er viktig å få greie på, fordi denne kan syne aspekt ved namnet som ikkje kjem til uttrykk i skrift. Til dømes kan vokallengd og tonefall vere peikepinnar som kan gje ei tolking meir truverd samanlikna med andre. Endå viktigare er det at det munnlege språket ikkje har vore utsett for dansk påverknad i same grad som skriftspråket. Den lokale uttalen på staden har i mange hundreår levd på folkemunne, utan påverknad frå skrivemåten til embetsmennene. Dermed kan den lokale uttalen vere nærare opphavet enn skrivemåten. For å hente inn uttaleinformasjon har eg kontakta folk frå grenda som er minst 50 år gamle, og som har budd i grenda heile livet. I tilfelle der den nedervde uttalen kan vere heilt utslagsgjevande for tolkingsresultatet, har eg snakka med folk frå den aktuelle garden, for å få uttalen så lokal som mogeleg. I andre tilfelle har eg plukka ut ein informant frå grenda til å uttale fleire namn.

Eg har sett eit alderskrav, fordi ungdom ofte ikkje har like «brei» dialekt som dei som er middelaldrande eller eldre. Det som kan truge den lokale uttalen som informasjonskjelde om stadnamn, er at samfunnet har vorte stadig meir skriftprega. Vi les og skriv heile tida, og den skriftlege forma av gardsnamna, spesielt dei som har vorte etternamn, er ikkje noko vi sjeldan vert eksponert for lenger. I sosiale medium ser vi stadig skrivemåten til etternamna til dei vi kommuniserer med, slik at den skrivemåten som er nytta som etternamn kanskje vert oppfatta som den «rette». Dette kan nok over tid vere med å fortrenge den nedervde uttalen. Difor er det no, endå meir enn før, viktig å snakke med eldre informantar når det kjem til uttale, fordi dette problemet truleg vert meir og meir omfattande jo yngre informantane vert. Dei som er middelaldrande og eldre har vakse opp i ei tid der skrift ikkje spelte ei like stor rolle som den gjer no. Uttaleopplysingane i NG12 samsvarer stort sett med mine funn, og der ikkje anna er kommentert, seier eg meg einig i desse opplysningane.

## 2. Metode for tolking

Når eg har tolka namna, har eg jamført med andre tolkingar som er gjorde, både for det aktuelle namnet, og for liknande namn. I tillegg har eg nokre stader gjort oppslag i ordbøker, både for definisjonar av kjende ord, men også for å leite etter språklege slektningar av ord som høve betre.

## *Norske Gaardnavne*

Dei eldre tolkingane som eg har vurdert, er primært frå Oluf Rygh sitt monumentale verk, *Norske Gaardnavne*. Askvoll kommune vert dekt av bind VII, *Nordre Bergenhus Amt* (i dag Sogn og Fjordane fylke) som vart fullført av Albert Kjær og utgjeve i 1919. Grunna kommunesamanslåingar i seinare tid er gardane nemnde i NG12 under ulike sokn og herad, både Askvoll herad med Askvoll og Vilnes sokn, Holmedal sokn i Ytre Holmedal eller Fjaler herad, Vevring herad og Kinn og Svanøy sokn i Kinn herad.

For kvart gardsnamn har eg nemnt korleis namnet har vorte tolka i NG12, og gjeve ei vurdering av kor rimeleg denne tolkinga er, på grunnlag til dømes topografi. Nokre stader, der teksten i NG12 er ganske rett fram, brukar eg sitat. Andre stader, der det er ei lang utgreiing om namnet, og det er mange jamføringar med andre namn, har eg parafraisert innhaldet i omtalen. Eg har også nytta dei eldre skrivemåtane som er lista opp i NG12, i tillegg til at eg nokre stader har supplert med skrivemåtar frå andre kjelder, som *Bygdebok for Askvoll* av Abraham Loftheim frå 1971 og *Fjaler: Gards- og ættesoge* av Ragnvald og Magne Fagerheim frå 1976. I tillegg har eg sett litt i matriklar som ikkje er tekne med i NG12. Dei mest frekvente namneledda frå heile landet har Rygh lista opp i innleiingbandet til *Norske Gaardnavne, Forord og Indledning* (her forkorta som FI). Difor vert det nokon gonger i oppgåva mi referert til NG12 og nokre gonger til FI når eldre tolkingar skal jamførast.

Som nemnt er dei fleste gardsnamna allereie tolka, men eg meiner at dette ikkje nødvendigvis er det same som at tolkingsarbeidet er fullført og ingenting meir kan seiast. *Norske Gaardnavne* vart utgjeve for om lag hundre år sidan, og det som ein gong var aksepterte sanningar innom namnegranskingsfeltet, er ikkje lenger det. Sjølv om Oluf Rygh har hatt eit fantastisk utgangspunkt for eit heilskapsbilete av gardsnamna i Noreg, har det avgrensa seg kor mykje han har kunna undersøke av lokale tilhøve. Her har eg ein fordel sidan eg berre går inn på om lag hundre namn, samanlikna med dei tusenvis av namn han tok føre seg.

For å skaffe meg overblikk til dette arbeidet har eg forsøkt å jamføre med liknande namn andre stader, først og fremst i NG12 og NG11: *Søndre Bergenhus Amt* (Hordaland). Dersom liknande namn ikkje har vore å finne i desse to områda, har eg tydd til liknande namn andre stadar i landet. Grunnen til at eg først og fremst har jamført med namn frå dei to Bergenhus-amta, er at desse to områda har likskapar både dialektalt og kulturelt. Dialektene har mange fellestrekk sidan fylka er naboar, og kulturelt sett har kysten og fjordane vore viktige

ferdselsårer og næringskjelder for begge områda. Når eg refererer til *Norske Gaardnavne*, skriv eg bind-nummer og sidetal, for å sleppe ein full referanse til dette verket kvar gong det er nemnt, sidan det er såpass sentralt. I litteraturlista er alle binda som er nemnde, lista opp på vanleg måte.

*Norske Gaardnavne* bind 12 vert for det meste forkorta NG12, medan *Forord og Indledning* nokre stader vert forkorta FI, og nokre stader står det full tittel.

### ***Stadnamn i Askvoll***

I tillegg til å vurdere tolkingane gjevne i NG12, har eg nokre stader teke med tolkingar frå Kåre Flokenes, språkprofessor ved Universitetet i Stavanger, sitt verk *Stadnamn i Askvoll*. Dette verket vart utgjeve i 1999. Flokenes har som eg lokalkunnskap, men tek føre seg eit mykje vidare spekter av namn enn det eg gjer, og han kan då av naturlege årsaker ikkje gå like i djupna på kvart enkelt gardsnamn. I dei tilfella Flokenes ikkje har noko å føye til tolkingane frå NG12, er han ikkje nemnd, men der han har noko å leggje til eller han har ei motstridande meining, har eg teke dette med.

### **Andre kjelder til tolkingar**

Andre som har forsøkt seg på å tolke namn frå området, er mellom anna sogebokforfattarane Ragnvald og Magne Fagerheim som har skrive *Fjaler gards- og ættesoge* (1976). Dei har teke føre seg fleire av gardane i Holmedal-området og skrive litt om tydinga til gardsnamna, men desse verkar å vere sterkt knytt opp til tolkingane frå NG12. Presten Bernt Askevold (1846–1926) skreiv notat om mykje forskjellig, og i verket *Frå heimbygda* (utgjeve 1980) er det samla eit lite kapittel med notat han har skrive om stadnamn frå heimstaden sin.

### **Dokumentasjonsprosjektet**

For å jamføre namneledd så enkelt og effektivt som mogeleg har eg nytta stadnamndatabasane til Dokumentasjonsprosjektet, som er eit samarbeid mellom dei humanistiske fagmiljøa ved universiteta i Bergen, Oslo, Trondheim og Tromsø. Her er det mogeleg å søke i *Norske Gaardnavne* på tvers av binda, slik at ein kan få oversikt over gardsnamn med likelydande namneledd frå heile landet, eller frå ein avgrensa del av

materialet. Dette har vore særleg til hjelp der det er mangelfulle tolkingar av gardsnamnet i Askvoll kommune, slik at eg har kunna sjå korleis namneleddet har vore tolka andre stader utan å måtte bla seg gjennom alle banda manuelt. Til dømes er garden *Ottersteinen* ein ung gard, som ikkje ein gong er nemnd i NG12. Sidan tidlegare tolkingar dermed ikkje er tilgjengelege, har eg jamført med andre namn i NG12 og NG11. For å gjere det, har eg søkt på ‘Otter%’ (prosentteikn for å markere meir tekst) i feltet ‘gårdsnavn’. Sidan det ikkje er spesifisert noko meir i dei andre søkefelta, får ein då opp alle namn som startar på *Otter-* i landet (31 treff, 4 frå Bergenhus-amta). Eg haka då av gardane i Nordre Bergenhus amt (1) og Søndre Bergenhus amt (3) og får då opp teksten frå *Norske Gaardnavne* for kvar av gardane. Då ser ein at tre av dei fire gardsnamna er tolka som *oter* m., frå norrønt *otr*, ‘rovdyr i mårfamilien’, medan eitt er tolka som mannsnamnet *Ottar*. Då kan ein lansere to moglege tolkingar for namnet, og drøfte i kva grad tolkingsforslaget er rimeleg eller ikkje.

### **Nynorskordboka**

Når det gjeld ordforklaringar nemnde i teksten, er dei fleste henta frå Språkrådet og Universitetet i Bergen si *Nynorskordbok* på nett ([ordbok.uib.no](http://ordbok.uib.no)). Sidan dette er ei internettside, kan eg ikkje referere med sidetal, men eg skriv alltid søkjeordet som eg har brukt saman med grammatisk kjønn, kva opphav ordet har og ein eller fleire av definisjonane som er gjeve. Dersom det finst informasjon om andre ord av relevans med språkleg slektskap, er dette også teke med.

### **Norrøn ordbok**

I tilfelle der den moderne tydinga av eit namneledd ikkje er kjent, er det ikkje like lett berre å slå opp tydinga i *Nynorskordboka*. Då har eg forsøkt å leite i *Norrøn ordbok* av Heggstad, Hødnebø og Simensen (2008), og slå opp på former som liknar dei eldste skriftbelegga ein har for eit namn. Nokre gonger har eg slått opp i *Norrøn ordbok* for å finne definisjonar, og nokre gonger har eg undersøkt kva språklege slektskap som er å finne ved å sjå på ord som har like ledd. Ved oppslag i *Norrøn ordbok* er det referert som vanleg.

### **3. Metode for konklusjon**

Når eg har teke for meg dei eldre tolkingane, har eg forsøkt å vurdere kor rimelege dei er. I tilfelle der den eldre tolkinga ikkje høver topografisk, har eg forsøkt å finne alternativ som kan passe både topografisk og etymologisk. Eg legg vekt på å ikkje konkludere for kategorisk, fordi eg vil vise at dette ikkje er noko ein kan vere sikker på. Namnegransking er ikkje eit fagfelt der ein vanlegvis finn eit fasitsvar, men derimot eitt eller fleire rimelege tolkingsforslag. Om det er etymologi eller topografi som har blitt tillagt mest vekt, har vore ei vurderingssak frå gong til gong, og eg har ikkje på førehand bestemt meg for kva som skal vege tyngst. I fleire tilfelle har eg måtta konkludere med at det er vanskeleg å seie kva som er den mest rimelege tolkinga av dei som er lagt fram. Nokre stader har eg foreslått alternative tolkingar som ikkje direkte kan forsvarast skriftleg, men dette vert hovudsakeleg framstilt som eit forslag.



## Kapittel 3: Teori

### Kva er eit stadnamn?

Med stadnamn meiner ein namn på alle typar geografiske lokalitetar, som elvar, fjordar, øyer, fjell og liknande. I tillegg reknar ein namn på menneskeleg busetnad og andre menneskeskapte artefaktar, som til dømes gardsbruk, naust og bruer. Større geografiske og administrative einingar har også namn, som til dømes kommunar, fylke, land, regionar, bygder og kyrkjelokn (Særheim 2015:9). Funksjonen til stadnamna er å skilje ulike typar lokalitetar frå kvarandre. Difor får stadane eit namn, som er unikt for denne lokaliteten (innanfor det aktuelle området), slik at ein veit akkurat kva stad det er snakk om. Namnet viser då til denne eine lokaliteten, slik at dersom ein ven fortel deg at han skal gå på *Dokka* i dag, så veit du akkurat kva fjell han skal på, i motsetnad til dersom han meir generelt seier at han skal gå på fjellet. *Dokka*, og dei andre stadnamna, er altså eit særnamn (*proprium*), medan *fjellet* og andre substantiv som ikkje viser til ein spesiell lokalitet eller person, er samnamn (*appellativ*) (Særheim 2015:9).

I stadnamngranskinga er det vanleg å dele inn namn i usamansette og samansette namn. Døme på usamansette namn er *Vik* og *Nes*, medan *Gjervik* og *Leknes* er døme på samansette namn. Eit samansett namn kan delast inn i gru og grunnord. I tillegg til desse ledda kan det nokre gonger vere lagt til ei komposisjonsfuge (Stemshaug 1985:9), som til dømes i *Engjabøen* eller *Gjelsvika*. Namnet *Gjelsvika* er delt inn i utmerkingsleddet *gjel* + komposisjonsfuga *s* + grunnordet *vik*, og sidan dette namnet er i bestemt form har ein også eit bøyingsuffix på slutten, som er *a*. Dette er ein del av grunnordet. Grunnordet seier som regel noko om kva type lokalitet det er snakk om. Til dømes forstår ein at *Kaldrasbøane* er ein grasgrodd stad, grunna etterleddet *bøane*, og at *Kaldrasnipa* er eit fjell, grunna etterleddet *nipa*. Dette forstår ein sjølv om utmerkingsleddet er det same. Det er ved hjelp av utmerkingsleddet ein kan skilje to lokalitetar av same type frå kvarandre, til dømes *Sætrevatnet* og *Hellesetvatnet*. Begge to er vatn, men grunna utmerkingsleddet forstår ein kva vatn det er snakk om. Utmæringsleddet står ofte som føreledd, men ikkje alltid.

Det er nettopp behovet for utmerking som er hovudfunksjonen til stadnamna. Dei har i alle tider hjulpet menneska å orientere seg i omgjevnadane sine. Ein meiner at dei eldste namna i

Noreg som framleis er i bruk er om lag 3000-4000 år gamle, og dette er namn på naturlokalitetar som øyer, fjordar, innsjøar og elver (Særheim 2015:9). Desse namna har gjort at menneska har kunne ta seg fram i terrenget og kunne navigere etter namna, til dømes langs skipsleia. I sjøen har det ikkje berre vore behov for å gje namn til seglingsmerke, men også namn som fortel om skummelt farvatn, gode fiskeplassar og stader ein kan legge til med båt (Særheim 2015:11).

Stadnamna vert ofte delt inn i to hovudgrupper, busetnadsnamn og naturnamn. Døme på busetnadsnamn er namn på matrikkelgardar og gardsbruk, namn på kyrkjesokn, namn på grender, byar og kommunar. Naturnamn er namn på alle typar naturlokalitetar, som tidlegare nemnt, øyar, fjordar, elver, innsjøar, i tillegg til fjell, viker, sund og skjær for å nemne nokre (Særheim 2015:9). Nokre namn som opphaveleg var naturnamn, har vorte namn på gardar, til dømes *Vilnes* og *Rørvik*. I min omtale av grunnord i første del av kapittel 4, deler eg inn grunnorda i busetnadsnamn og samansette naturnamn, sjølv om alle namna per definisjon er busetnadsnamn sidan dei er namn på gardar.

I mange tilfelle vert stadnamn laga ved hjelp av eit grunnord som seier noko om kva type lokalitet ein har med å gjere, og eit utmerkingsledd som karakteriserer lokaliteten. Døme på slike namn er *Nordeidet* og *Eidsfjorden*. *Nordeidet* er namnet på garden som ligg nord for *eidet* som bindar *Askvollholmen* til fastlandet. *Eidsfjorden* er namnet på fjorden som går inn til *eidet*. Desse namna er også *relasjonsnamn*, det vil seie namn som er gjeve i relasjon til andre (Særheim 2015:269). Utgangspunktet er *eidet*, og namna *Nordeidet* og *Søreidet* vert laga i relasjon til plasseringa deira i høve til plasseringa nord for og sør for *eidet*. Det same gjeld for *Eidsfjorden*, som er fjorden ved *eidet*. Nokre gonger vert stadnamn sette saman av tre ledd i staden for to, og då vert som regel det første og midtre leddet slått saman og utgjer utmerkingsleddet. Dette kallast *trekomposita* (Flokenes 1999:18). Døme på dette er *Rivedalselva* og *Hellesetvatnet*, som begge to har eit samansett gardsnamn som utmerkingsledd.

Nokre stader i desse *trekompositaa* kan midtleddet falle bort for å lette uttalen, slik at ein i staden får eit namn samansett av to ledd (*bikompositum*). Eit døme Kåre Flokenes viser til er

stadnamnet *Eترفossen*, som ein kunne venta at heitte *Eتrenipefossen*, fordi fjellet *Eتrenipa* ligg like ved. Eit anna døme han kjem med er *Vassholmen*, like ved *Vassøya*. Holmen kunne like gjerne heitt *Vassøyholmen*, men midtleddet har falle bort. Dette kallast ellipse (Floknes 1999:19).

Ikkje alle namn vert laga like direkte, som til dømes jamføringsnamna. Desse namna vert laga med utgangspunkt i at ein lokalitet liknar på noko anna (Stemshaug 1985:9), til dømes namnet *Alden*, som truleg kjem av det norrøne ordet *alda* f., som tyder ‘bølgje’ (Heggstad m.fl. 2008:31). Her har ein gjeve øya namn etter forma til fjellet, som røyser seg som ei bølgje. Ein annan type jamføringsnamn er når ein stad får namn fordi nokon har drege parallellar til ein annan stad. Noko ved staden har minna namngjevaren om ein annan stad, og så har dette namnet vorte overført. Dette kallast *oppkallingsnamn*. Til dømes finst det ein stad i Rogaland som vert kalla *Strilelandet*, oppkalla etter områda rundt Bergen, der strilane bur. Ifølgje Inge Særheim er dette fordi dette området er spesielt vêrhardt, noko som kanskje har minna namngjevaren om det opphavelige *Strilelandet* (Særheim 2015:268).

### **Kven er det som har gjeve stadane namn?**

Magnus Olsen meinte at då han skreiv *Hva våre stedsnavn lærer oss* i 1934, at det fanst om lag 5 millionar stadnamn i Noreg. Busetnadsstrukturen i Noreg, som alltid har vore svært spreidd, gjer til at ein har hatt mange namn. Kvar ein teig og kvar ei høgde har hatt eit namn, fordi heile landet har vore i bruk (Olsen 1971:12). Dei fleste namna er nok gjevne av dei som til ei kvar tid har disponert eit gardsbruk, men flesteparten av desse namna har nok truleg ikkje vore kjende for andre enn dei som budde på eller i nærleiken av garden. Dette er det Magnus Olsen kallar «gårdens navn» (Olsen 1971:14). Andre namn har eit breiare interessefelt enn det «gårdens navn» har, og det er dei namna Olsen kallar «bygdens navn». Dette er namn gjevne og brukte av folk frå heile bygda, og femner gjerne om stadar langs felles vegar, eit felles midtpunkt for bygda, og om gardsnamna. Den tredje hovudgruppa Magnus Olsen deler namna inn i er «veiens navn». Dette er namn som ikkje er gjevne av folket i bygda, men av det han kallar «små «samfund» som er i bevegelse langs hovedveier til lands eller i seilleden langs kysten» (Olsen 1971:14). Til desse namna reknar han mange av fjord-, øy-, sjø- og elvenamna, og av namna på store bygder eller landskap. Desse namna er laga for å særmerke stadar langs lange vegar, slik at ein kan orientere seg i terrenget.

I *Egilssoga* er det nemnt eit stadnamn som mest truleg refererer til *Værlandet: Vitar*. Soga fortel om at Egil har stukke av frå *Atløy*, og «var på eit utvær som heiter *Vitar*, det ligg ut frå *Alde*, utanfor hovudleia» (Losnegård 2009:170). Ifølgje sogeforfattaren Gaute Losnegård kjem truleg namnet av *vete*, som er ein varde. Losnegård skriv at namnet språkleg ikkje kan knytast til *Bulandet* eller *Værlandet*, men at namnet i NG12 er knytt til *Vardøyna* mellom *Bulandet* og *Melværet*, og at *Vitar* då kan omfatte både *Bulandet* og *Værlandet* (NG12:257). Verken Rygh eller Losnegård forsøker å forklare kva namnet kan referere til. Eg meiner namnet kan vere knytt til silhuetten til *Værlandet*, sett frå leia. Ser ein *Værlandet* frå *Aldefjorden* og hovudleia, er silhuetten til *Værlandet* svært markant. Spesielt *Båtekletten* (ca. 115 moh) og *Høgkletten* (ca. 163 moh) kan godt sjå ut som vardar, og har sikkert vore eit godt seglingsmerke. *Vitar* kan ha vore det Magnus Olsen kalla eit «vegens namn» (Olsen 1971:29/30) på øygruppa, gjeve av reisande seglande langs leia.



Figur 4: *Værlandet* sett frå *Vilnesfjorden*.

### **Grunnleggaren av den moderne namnegranskinga**

Oluf Rygh (1833–1899) vaks opp i Verdal i Trøndelag og har vore viktig for utviklinga av både historiefaget, arkeologifaget og namnegranskingsfaget i Noreg (Svendsen 2009). I 1866 vart han professor i historie, til han i 1874 bad om å få dele stillinga i to greiner og tok på seg embetet som professor i arkeologi. Etter han hadde hatt stillinga i fire år, fekk han oppgåva å leie namnekommissjonen som skulle revidere skrivemåten av gardsnamna i heile landet til den nye matrikkelen som skulle utarbeidast (Hallan 1984:11). Namnekommissjonen frå 1878 med Rygh som leiar fekk som mandat å rette skrivemåtar av gardsnamn som var språkhistorisk

ukorrekte (Hallaråker 2000:45). Kommisjonen bestod av Oluf Rygh, Sophus Bugge og Johan Fritzner. Spesielt Oluf Rygh la nedmykje arbeid i å danne eit vitskapeleg grunnlag for arbeidet, med utgangspunkt i den lokale nedervde uttalen og historisk heimla skrivemåtar (Sandnes 2000:16). Rygh la spesielt vekt på kor viktig den lokale, nedervde uttalen av gardsnamna var for tolkingsprosessen. Den hadde levd på folkemunne frå generasjon til generasjon, utan å ha blitt påverka av skrivemåten. Skrivemåten kunne variere både grunna dansk skriftspråk, men også fordi ulike skrivarar kunne skrive ting forskjellig. Rygh meinte at «Landsfolket med sjeldan Troskab har bevaret Stedsnavnene frå Fortiden uden at ænse de mangfoldige vxlende Former, hvori de have været skrevne gjennem Tiderne» (FI:3). Ikkje berre hadde dei ulike skrivarane ulik måte å skrive eit namn på, grunna manglande skriftnorm, men i tillegg kunne kommunikasjonssvikt oppstå mellom informant og skrivar som gjorde til at namnet vart oppfatta feil. Desse variasjonane var ikkje den nedervde uttalen påverka av, og var dermed meir genuin og knytt tettare opp mot opphavet.

Etter 12 år var kommisjonen ferdig med arbeidet, men ikkje Oluf Rygh. Han heldt fram med arbeidet med å kommentere og forklare gardsnamna, og etter kvart kom det oppmoding om å gje ut det som vart det enorme verket *Norske Gaardnavne*. Rygh fekk fullført tre av banda og det fjerde var nesten ferdigstilla før han døydde i 1899 (Hallan 1984:12). I tillegg gav han ut *Forord og Indledning* (1898), som er eit introduksjonsbind til *Norske Gaardnavne* med instruks om korleis ein skal nytte verket, samt ei opplisting av dei vanlegaste ledda i norske gardsnamn (Hallaråker 2000:44). Bror til Oluf Rygh, Karl Rygh, tok på seg oppgåva med å ferdigstille banda for områda nordanfjells. Dei andre banda vart redigerte av Magnus Olsen, Albert Kjær, Hjalmar Falk, Amund Larsen og Just Qvigstad (Hallan 1984:12). Det er Albert Kjær som har redigert NG12, bandet for 'Nordre Bergenhus Amt' (Sogn og Fjordane).

Det er ingen tvil om at Oluf Rygh har vore ein viktig mann for norsk namnegransking. Ola Stemshaug gjengjev i si lærebok i namnegransking, *Namn i Noreg*, Gustav Indrebø si inndeling frå 1938, der han hevdar at den vitskapelege norske namnegranskinga kan delast inn i tre tidsperiodar; tida før Oluf Rygh, Oluf Rygh og tida etter Oluf Rygh (Stemshaug 1985:16). Stemshaug er einig med Indrebø om inndelinga, meir enn 45 år seinare, og det seier noko om kor godt Rygh sitt arbeid og posisjonen hans har stått seg i tida. Oluf Rygh gjekk

vitskapeleg og systematisk til verks i stadnamngranskinga på ein måte ingen hadde gjort før han.

Rygh heldt fram kor viktig dei eldste skriftformene var for tolkinga, og stilte opp eit utval historisk heimla skrivemåtar for kvart gardsnamn. I tillegg vektla han den lokale bygdeuttalen, den nedervde, som hadde gått munnleg i arv mellom generasjonane (Stemshaug 2000:33). Han samla inn informasjon om uttalen for heile landet, og skaffa seg dermed oversikt over namnetilfanget i heile Noreg. Det å «sjå namna i flokk» som Magnus Olsen har kalla det, både språkleg og geografisk, var ein metode han heldt fram som viktig (Stemshaug 2000:33). I tillegg til arbeidet med gardsnamna, arbeidde han også med naturnamn. Han gav ut *Norske Fjordnavne* i 1896, og i dei mange skriftene han etterlet seg, var mellom anna manus til *Norske Elvenavne*, som vart gjeve ut etter hans død. Gjennom arbeidet danna han seg ei enorm oversikt over det samla namnetilfanget i Noreg. Denne oversikta har nok vore svært viktig, og han er truleg den første som påpeika at fjordnamn og elvenamn kan dukke opp som ledd i andre namn langs fjorden eller elva. I tillegg oppdaga han, truleg som den første, at elvar med kjelder i same område, nokre gonger har same namn eller namn laga til same rot, sjølv om dei renner kvar sin veg. Dette er mest sannsynleg fordi gamle ferdselsveggar har gått langs vassdraga (Stemshaug 2000:37).

### ***Norske Gaardnavne***

*Norske Gaardnavne* er rekna som hovudverket til Oluf Rygh, og nasjonalverket innan stadnamngranskinga i Noreg. Bakgrunnen for dette verket var revisjonen av matrikkelen, og det vart oppnemnt ein kommisjon som skulle revidere skrivemåten av namna i matrikkelen, og finne tilbake til meir opphavelige skriftformer og ein skrivemåte meir i tråd med den lokale bygdeuttalen på staden. Kommisjonen bestod som nemnt av tre personar, Oluf Rygh, Sophus Bugge og Johan Fritzner, men det var Oluf Rygh sjølv som stod for det mest tidkrevjande arbeidet. Han brukte åtte år på ein gjennomgang av mellomalderkjelder, jordebøker frå 1500- og 1600-talet, i tillegg til matrikkelutkastet frå 1723, som femnde om alle gardane i Noreg (Schmidt 1998:410). Då den reviderte matrikkelen kom ut i 1886, heldt Oluf Rygh fram med å arbeide med gardsnamna, og etter kvart vart det bevilga pengar til å gje ut opplysningane han hadde samla inn. I *Norske Gaardnavne* finn ein oversikt over gardsnamna, kyrkjesokn for kyrkjesokn, med tolkingar av kvar enkelt namn, i tillegg til

uttaleopplysningar og eldre skriftbelegg av namna. Kwart fylke har fått kvart sitt bind, og før Rygh døydde i 1899, hadde han rukke å gje ut tre og eit halvt bind (Schmidt 1998:412).

Oluf Rygh hadde gjort førearbeidet til alle binda, men døydde som nemnt før han hadde fått ferdigstilt verket. Han fekk gjort ferdig binda for Østfold, Akershus og Hedmark fylke, og Oppland til og med Gudbrandsdalen. Resten av binda vart redigerte og gjevne ut av Albert Kjær, Hjalmar Falk, Amund B. Larsen, Magnus Olsen, Just Qvigstad og bror til Oluf Rygh, Karl Rygh.

### ***Staðir-namna i Norske Gaardnavne***

Den enorme oversikta Rygh hadde over namnetilfanget i Noreg gav han ein stor styrke i tolkingsarbeidet, men storleiken på prosjektet til han og dei andre i namnekommissjonen gav naturlege avgrensingar på kor grundig ein kunne gå inn på kvart enkelt namn. Det mykje av kritikken mot han har gått ut på, er den omfattande bruken av det Gunnstein Akselberg kallar «modelltolking». Rygh har ein tendens til å tolke føreleddet i eit gardsnamn med utgangspunkt i kva type etterledd det har. Spesielt når det kjem til *staðir*-namna, foreslår han som regel alltid eit mannsnamn som føreledd. Det også i *Forord og Indledning* at føreleddet i *staðir*-namna i dei fleste tilfelle er eit personnamn (Akselberg 2000:69). Eit døme frå Sogn og Fjordane, for ein gard med namn *Yndestad* i Fjaler, illustrerer kor sterkt denne teorien står i NG12:283:

Synes at være \*Yndisstaðir, af yndi n., Tilfredshed, Glæde ved noget (jfr. nema yndi, finde sig fornøiet paa et Sted) (...) Da staðir jo kun sjelden findes sms. med Fællesord (se Indl. S. 78), turde Flertalsformen \*Yndisstaðir være en senere Ændring af \*Yndisstaðr (om Ent. staðr se Indl. S. 76); der findes adskillige Tilfælde, hvor det synes, som om Navne, der ere sms. med Ent. staðr, have faaet Flertals-form, fordi Navne paa -staðir fandtes i saa langt større Antal.

Det ser altså ut til at når føreleddet ikkje går an å tolke som eit personnamn, er det meir truleg at namnet har eintalsforma i etterleddet enn at *-staðir* kan setjast saman med eit appellativ. Høver det ikkje med personnamn som føreledd, kan det heller ikkje vere snakk om eit ordentleg *staðir*-namn.

Sjølvsagt er det skilnadar mellom namn i gruppa ‘truleg personnamn i utmerkingsledd’. Nokre namn har eit meir truverdig personnamn i utmerkingsleddet enn andre. Dersom ein både har historiske belegg for personnamnet i bruk i Noreg i den aktuelle perioden, og ein har gamle former som peikar mot dette namnet, er det rimeleg å tru at personnamnet er utgangspunktet for stadnamnet. Ein skal ikkje avvise alle tolkingar med personnamn, berre fordi det viser seg at det har vore ein sterk trong til å tolke det i den retninga tidlegare. Her er eit døme frå ein gard i Gaular kommune i Sogn og Fjordane, med eit transparent namn vi kjenner til i dag, og med eit eldstebelegg som viser i same retning:

«18. Gjermundstad. Udt. *jæ`rmónnsta*. — i Gæirmundarstodum BK. 28 a. Gjermundstad 1603. 1608. 1667. Hiermundstad 1723. Geirmundarstaðir, af Mandsnavnet Geirmundr, endnu meget brugt (Gjermund). Naar deraf dannede Stedsnavne i senere Tid som her ere skr. Hierm-, have de Udseende af at være sms. med Mandsnavnet Hjormundr; men intet Stedsnavn kan dog bestemt paavises at indeholde det sidste» (NG12:290).

Nokre stader finn ein derimot formuleringar som «Dette Gaardnavn forekommer temmelig ofte, og Mandsnavnet har derfor vistnok været brugt temmelig hyppig langt tilbage i Tiden, uagtet det i den senere MA. kun kjendes i et enkelt Tilfælde fra det nordlige Bohuslen» (NG12:250). Dette dømet vert ein sirkelargumentasjon, der den store utbreiinga i stadnamna «bekreftar» at dette namnet var i hyppig bruk, utan å vurdere at utmerkingsleddet kan ha referert til noko anna enn eit personnamn.

I Noreg har tradisjonen for å halde på personnamnteorien til Rygh vore sterk, ifølgje Akselberg (1984:54). Etter andre verdskrigen vart det stilt spørsmål ved teorien frå både svenske og danske forskarar. Med John Kousgård Sørensen vart synet på det danske namnematerialet omvelta. Han hevda at det faktisk berre var ein liten del av dei danske *sted-*namna hadde personnamn som føreledd, og han advarte i 1967 mot å «homogenisere stadnamntypene» (Akselberg 1984:55, 56). Kousgård Sørensen peikar på at det sentrale er å sjå på dei rimelege språklege moglegheitene for kvart enkelt namn, og dette vil i nokre tilfelle vere eit personnamn, i andre eit appellativ eller eit føreledd frå andre ordklassar (Akselberg 1984:56). Akselberg peikar på at ein ikkje kan gå fullt inn for verken «personnamnteorien» eller den motsette tendensen, «naturnemneteorien». Han hevdar at «den nye regelen» er at utmerkingsleddet *skal* vere eit naturnemne, og at ein dermed berre vel ei alternativ tolking dersom ein ikkje får naturlokalitetane til å stemme. Akselberg seier som Kousgård Sørensen, at det viktigaste er å sjå på kvart einskild namn, og vurdere dei ut frå «lokale språklege,



språkhistoriske, historiske og reale tilhøve» (Akselberg 1984:80). Dette er det Akselberg kallar «grunntolking», som han set i motsetnad til systemtvangen i det han kallar «modelltolking» (sjå ovanfor). Grunntolkinga er altså den frie tolkingsprosessen, med ulike og alternative tilnærmingar, utan faste referansemodellar som seier noko kva slags etterledd som tek ein spesifikk type føreledd, slik det er ved modelltolking (Akselberg 2000:69). Akselberg hevdar at det finst to typar grunntolkingar hos Rygh, og definerer omgrepet slik: «Den eine typen er ekte grunntolking, tolking som er ein diskusjon av ulike alternativ som munnar ut i eit mogeleg/moglege eller usikkert/usikre resultat. Den andre typen er kategorisk grunntolking, tolking som er ein diskusjon, men som resulterer i eit kategorisk resultat. Til skilnad frå standardtolkingane må grunntolkingane ha ein reell diskusjon av utmerkinglekken, og ikkje berre ei stadfesting av tolkingsresultatet» (Akselberg 2000:78).

### **Konklusjonar og grunngevingar i *Norske Gaardnavne***

Rygh har også vore kritisert for at han konkluderer for bastant og ofte lanserer han berre eitt tolkingsforslag. Dette er det Akselberg kallar for «standardtolking». Ofte er det få eller ingen atterhald i tolkingane. Stilen og metodane hans har sett standarden for namnegranskinga i Noreg, og ein kan sjå at etterkommarane hans har lagt seg mykje på same linja. Eit døme frå NG12 er denne tolkinga: «\*Tvíberg, Dobbeltberget. Er en Ø, som har Navn efter to stakformede Høider.» (NG12:256). Akselberg peikar på at dette er eit resultat av korleis status var innom namnegranskingsdisiplinen for hundre år sidan, og at modelltenking var vanleg innanfor fleire vitskapar i Rygh si samtid (Akselberg 2000:83). Også Nils Hallan har vektlagt at ein må passe seg for sjå på arbeidet til Rygh med notidas briller og dømme det utifrå det vi veit i dag, sidan fagkunnskapen naturleg nok har komme lengre no enn den hadde på Rygh si tid (Hallan 1984:18). Rygh sine metodar og tolkingar har sine avgrensingar, men trass i dette er han umogleg å avskrive. Ein må berre nytte seg av den kunnskapen fagfeltet har tileigna seg dei siste hundre åra når ein ser på tolkingane på nytt. I mange av tilfella kan det vere vanskeleg å direkte avvise at det har vore snakk om eit personnamn eller persontilnamn som utmerkingsledd, fordi ein ikkje kan vite sikkert, verken om ein person knytt til garden har hatt eit slikt namn, eller om namnet i det heile teke har vore i bruk. Sjølv om det ikkje finst historiske belegg for eit namn, veit ein ikkje sikkert at det ikkje har vore i bruk. Likevel, dersom ein har alternative tolkingar med støtte i topografiske eller

kulturhistoriske forhold, er det lettare å avvise ei tolking med personnamn dersom det ikkje finst historiske belegg for namnet i bruk.

Ikkje berre vert det konkludert kategorisk i mange av tolkingane i NG, men i mange tilfelle er det ikkje gjeve forklaring på kvifor ein har tolka det slik. I dei mest kortfatta omtalane vert det berre vist til ein annan gard med same namn, eller til innleiingsbindet, utan ein einaste kommentar angående den aktuelle garden. Dette har sine naturlege årsaker i formatet til NG, og som Nils Hallan skriv, og siterer Rygh: «det var ikkje rom for vitskapeleg drøfting i den utstrekning som døkke namn krev; - «mange Spøragsmaal maa stilles hen uden Forsøg paa at løse dem.»» (Hallan 1984:19). Hallan meiner også at mykje av det Rygh har uttalt seg om har vore rett, men vorte oversett grunna dei korte formuleringane og mangelen på grunngjeving. (Hallan 1984:19). Kanskje har det ikkje blitt lagt merke til, eller kanskje har det ikkje blitt tillagt noko særleg vekt, fordi ei skikkeleg grunngjeving manglar.

## Kapittel 4: Gardsnamntolkingar

I dette kapittelet vil eg ta føre meg alle matrikkelgardsnamna i Askvoll kommune, og vurdere tolkinga frå NG12 opp mot realia frå den aktuelle staden. Nokre stader kjem eg med alternative tolkingar der tolkinga frå NG12 ikkje verkar rimeleg, eller der kor det finst andre ting som særpregar staden enn det som er vektlagt i NG12. Det er omtrent 100 namn det er tale om, og mange av grunnorda går att mange gonger. For å unngå oppattaking gjev eg her ein omtale av dei hyppigast brukte grunnorda i kommunen, og nemner i tillegg kva gardar som har dei ulike grunnorda. I tilfelle der grunnordet dukkar opp som utmerkingsledd vert dette også nemnt, men dette vert omtalt som ei vanleg tolking under det aktuelle gardsnamnet.

### **Bustadnamn**

Innan namnegranskingsfeltet finst det bustadnamnkategoriar, som truleg har vore i produktive til ulike tider oppgjennom hundreåra, og har ulik distribusjon rundt om i landet. Det er vanleg å dele bustadnamn inn i primære og sekundære bustadnamn. Primære bustadnamn er namn som frå starten er gjevne for å karakterisere ein bygd stad, medan sekundære bustadnamn er namn som opphaveleg har vore naturnamn, men som har vorte tekne i bruk som bustadnamn ved eit seinare tidspunkt (Stemshaug 1985:90). Det eg her kallar bustadnamn er altså primære bustadnamn. Eg nemner dei som er relevante for Askvoll kommune, og listar opp dei aktuelle gardane.

### ***-heim-namn***

Dette grunnordet finst i to matrikkelgardar, *Loftheim* og *Vindheim*.

Etymologien til *heim* er noko uviss, men forskarar har sett det i samaband med det greske verbet *keĩmai*, som tyder 'liggje'. *Heim* tyder i så tilfelle 'liggestad' eller 'opphaldsstad' (Sandnes og Stemshaug 1997:203).

### **-land-namn**

Dette grunnordet finn vi i matrikkelgardane *Osland, Håland, Herland, England* og *Laukland*.

Nammeleddet har mange svenske namnegranskarar vorte tolka som ‘mark som ligg ned mot vatn’, medan det i Noreg har vore semje mellom forskarane om ei tyding knytt til jordbruket, ‘mark, jord, jordstykke’ (Sandnes og Stemshaug 1997:280).

### **-set-namn**

Dette grunnordet finn vi i matrikkelgardane *Unneset, Mjåset, Røyset, Olset, Hellestet, Hyllset* og i dei to *Liset*-gardane.

*Setr* n., i tydinga ‘bustad, tilhaldsstad’, er ikkje lenger eit levande appellativ, og det vert ikkje laga særleg mange nye namn med dette nammeleddet. Språkleg er dette leddet nært i slekt med *seter*, og det er ikkje lenger vanleg å skilje mellom desse gardane etymologisk (Sandnes og Stemshaug 1997:387, 388).

### **-stad-namn**

Dette grunnordet finn vi i matrikkelgardane *Yndestad, Ringstad, Fristad, Blakkstad* og *Vagstad*.

Av norrønt *staðir*, fleirtalsforma av *staðr* m., som det same ordet som det nynorske ‘stad’. Tydinga til oret har vore tolka som ‘bustad’ av norske granskarar, medan andre har føreslege ‘mjølkeplass eller støl’. Oppfatninga i dag er ei generell tyding ‘stad’ eller ‘grunn der bustad ligg eller kan ligge’. Ein veit ikkje sikkert kvifor fleirtalsforma *staðir* vert nytta i desse namna (Sandnes og Stemshaug 1997:421).

I tillegg er *Tveita* og *Engjabøen* namn som fell innanfor kategorien primære bustadnamn, men desse vert omtalte for seg, fordi desse grunnorda berre førekjem ein gong kvar i Askvoll kommune.

### **Grunnord i samansette naturnamn (sekundære bustadnamn)**

Mange av gardsnamna er sekundære bustadnamn, det vil seie at dei opphaveleg har vore naturnamn. Nokre er usamansette, og andre er samansette av eit grunnord som er eit naturnemne, og eit utmerkingsledd som karakteriserer grunnordet. Mange av grunnorda går att, så eg listar opp dei som går att meir enn ein gong, saman med dei gardane det gjeld som døme.

#### ***Dal***

Grunnord i gardane *Størdal*, *Bjørndalen*, *Ytre Vårdal*, *Indre Vårdal*, *Holmedal*, *Rivedal* og *Fossedal*.

*Dal* m. kjem av det norrøne ordet *dalr* i tydinga ‘stort og langstrekt søkk i terrenget’ (*Nynorskordboka*).

#### ***Eid***

Grunnord i gardane *Stubseid*, *Nordeide* og *Søreide*. Dukkar opp som utmerkingsledd i gardane *Nordre* og *Søre Eidmind*.

*Eid* n. kjem av det norrøne ordet *eið* og kan tyde anten ‘landstripe (med vatn på sidene) som bind saman to landområde’, eller ‘tverrdal eller skar der ein lett kan komme over frå eit strøk til eit anna’ (*Nynorskordboka*). Ifølgje *Norsk stadnamnleksikon* tyder *eid* eigentleg ‘gang(veg)’, og ofte finn ein *eid*-namna ved fossar og stryk, fordi båtar måtte dragast forbi (Sandnes og Stemshaug 1997:129, 130).

#### ***Li***

Grunnord i gardane *Øvre Grimelia*, *Nedre Grimelia*, *Haslelia*, *Mandelia* og *Skjærli*. Finst usamansett i gardsnamnet *Lia*.

*Li* f. kjem av det norrøne ordet *hlíð* og tyder ‘bratt (og jamn) (fjell)skråning, oftast med gras eller skog; dal- eller åsside’ (*Nynorskordboka*).

## **Nes**

Grunnord i gardsnamna *Stavsnes, Vilnes, Kjempenes, Leknes, Hegreneset, Flokeneset, Kleppeneset* og *Eikeneset*. Finst usamansett i gardsnamnet *Nes*.

*Nes* n. kjem av det norrøne *nes* og kan tyde anten ‘spist og smalt landområde som stikk ut i sjøen; tange’, eller ‘eng ved elv eller vatn’ (*Nynorskordboka*). I denne oppgåva er den første tydinga gjeldande i alle tilfella.

Ifølgje *Norsk stadnamnleksikon* kan ordet generelt tyde ‘framstikkande terrengformasjon’ (Sandnes og Stemshaug 1997:327).

## **Vik**

Grunnord i gardsnamna *Holevika, Fauskevika, Gjervik, Høyvik, Hestvika, Rørvika, Løvika, Gjelsvika, Selvika, Merkesvika* og *Nærvika*. Finst usamansett i gardsnamnet *Vik*.

*Vik* f. kjem av norrønt *vík* og tyder ‘mindre (ofte trong) innskjering i strandlinja; liten fjordarm; kil, våg’ (*Nynorskordboka*).

## **Voll**

Grunnord i gardsnamna *Øvre Askvoll, Nedre Askvoll* og *Seljevoll*.

*Voll* m. kjem av norrønt *vøllr* som tyder ‘grasslette’, og vert brukt om 1 ‘jordstykke med jamn og fast grassvor; engslette, slåttemark’, 2 ‘grasmark som ikkje har vore åker (på lang tid), eller 3 ‘grasvaksen mark kring hus’, i grunntydinga ‘grasslette’ (*Nynorskordboka*).

Ordet kan forvekslast med *voll* m. frå det lågtyske *wal* ‘demning’ (*Nynorskordboka*), men det er altså naturnemnet ‘grasslette’ det er tale om i stadnamn.

## **Vær**

Grunnord i gardsnamna *Smelvær* og *Melvær*. Utmerkingsledd i gardsnamnet *Værøy*.

*Vær* n. kjem av det norrøne *ver* ‘fangstplass ved sjøen’ (*Nynorskordboka*).

## Våg

Grunnord i gardsnamna *Follevåg* og *Leirvåg*. Finst usamansett i gardsnamnet *Vågane*.

*Våg* m. kjem av det norrøne *vágr* som tyder ‘smalt sjøstykke som skjer inn i landet’ (*Nynorskordboka*).

## Øy

Grunnord i gardsnamna *Heggøy*, *Hindøy*, *Værøy*, *Gjørøy*, *Hågøy*, *Fedøy*, *Sandøy*, *Halsøy*, *Hellersøy* og *Nikøy*.

*Øy* f. kjem av det norrøne *ey* og tyder anten ‘landområde (vanleg større enn holme, skjer og mindre enn kontinent) som har vatn rundt seg på alle sider’ eller ‘eng, engslette, låglende langs elv’ (*Nynorskordboka*). I alle tilfella i denne oppgåva er det den første tydinga som er gjeldande.

Med mindre det er ein spesiell grunn til det, kjem eg ikkje til å gå nærare inn på desse grunnorda i kvar enkelt omtale. Dersom grunnordet ikkje er nemnt i ein omtale, tyder dette at eg tolkar det slik det står i denne oppsummeringa. I tilfella der eit grunnord har to eller fleire tydingar, understrekar eg kva tyding eg meiner er den gjeldande i omtalen av namnet.

I det følgjande vil eg gje ein omtale av kvart enkelt gardsnamn, med nokre av dei historisk heimla skrivemåtane som finst for den aktuelle garden, ilag med tolkinga frå NG12 og ei vurdering av denne tolkinga. Nokre stader har eg nytta bilete for for å illustrere topografien på garden. I tilfella der to gardar har det same namnet, som *Øvre Grimelia* og *Nedre Grimelia*, har gardane fått ein felles omtale. Namna som er nytta i overskrifta er den offentleg godkjende og tilrådde skrivemåten, henta frå *Sentralt stadnamnregister*. Gardsnamnomtalane går i stigande rekkefølge etter matrikkelgardsnummer, og startar med Stongfjordområdet, så Askvollområdet, sidan Atløyne og øyane rundt. Etter dette vert Værlandet og Bulandet nemnt, deretter gardane langs Førdefjorden, som tidlegare høyrde til Vevring kommune og Bru kommune. Sist nemnt vert gardane som kom til frå Fjaler kommune, Holmedalsområdet.

## 01.Øvre Grimelia og 02. Nedre Grimelia

*Grimeliidt* 1603, *Grimmelienn* 1608, 1667, *Nedre Grimmelin* 1667, *Øfre og Nedre Grimelie* 1723 (NG12:244). *Grimmelien* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:151).

I NG12 vert utmerkingsleddet føreslått tolka som eit kvinnenamn *Grima*, eller eit elvenamn *Grima*, og refererer til garden *Grimen* i Gulen. Det er også nemnt at garden grensar mot Svanøy sokn i Kinn herad, men at forklaringa om utmerkingsleddet i tydinga ‘grense’ ikkje passar til dei andre gardane det er jamført med (NG12:244). Kåre Flokenes tolkar førsteleddet som genitiv av det norrøne *grima* f., med tydinga ‘grime (av lys), stripe’ (Flokenes 1999:143).



Figur 5: Frå Grimelia, mot Stavfjorden.

I omtalen av garden *Grimen* vert også eit elvenamn foreslått, i mange ulike tydingar, til dømes ‘vassvette’, ‘ansiktsskjerm, maske, hjelm’, ‘natt’, ‘stripe i ansiktet’. Også her vert tydinga ‘grense’ nemnt, grunna den svenske språkprofessoren Jöran Sahlgren si tolking av det gammalnorske ordet *grima*, som han hevda at tidlegare tydde ‘stripe eller merke’. Dette ordet skal ifølgje Sahlgren ha vorte nytta i svensk og dansk om grensemerke i tre (NG12:210). Også om garden *Grimen* vert det teke opp at ei forklaring på namnet som ‘grense’ er vanskeleg å konkludere med, grunna at dette ikkje passar for alle gardane med dette utmerkingsleddet. Når *grime* kan tyde så mange forskjellige ting som det er lista opp ovanfor, treng ikkje tydingane av ordet vere det same for alle gardane. Eg meiner derfor at plasseringa til garden på grensa til nabosoknet, eller ut mot *Stavfjorden*, mest truleg har gjeve namn til garden. Då kan det tolkast litt i same baner som til dømes Karmøy i Hordaland, som



er tolka som ‘karm, vern mot havet’ (Særheim 2004:358). Ifølgje *Nynorskordboka* er ei tyding av *grime* f., ‘karm, ramme (til ymse føremål)’. Dermed kan utmerkingsleddet tolkast som ‘grensa’, ‘karmen’ eller ‘ramma’ til soknet eller heradet, eller mot fjorden.

### 03. Lia

*Lienn* 1667, *Lien* 1723 (NG12:244). *Lien* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:152).

I NG12 vert det referert direkte til oppslagsordet *lið* (*hlið*) i *Forord og Indledning*, der einaste forklaring er det norske *li* (FI:63). Ifølgje *Nynorskordboka* vert ei *li* f., definert som «bratt (og jamn) (fjell)skråning, oftast med gras eller skog; dal- eller åsside», av norrønt *hlið*. Sjølv om garden har eit usamansett naturnamn, er den nok ikkje av dei eldste. Garden dukkar seint opp i skriftlege kjelder, har ei ulendt plassering i terrenget og namnet er i bestemt form.

Garden ligg om lag 130 m.o.h utan bilveg, i ei ‘graskledd åsside’, så forklaringa i NG12 er ikkje noko å seie på. Ifølgje Abraham Loftheim er garden ikkje å finne i skattemanntalet før i 1633 (Loftheim 1971:28). Garden er fråflytta i dag.

### 04. Holevika

*Holuig* 1603, *Holleuigen* 1608, 1667, *Hollevig* 1723 (NG12:244). *Holleuig* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:152).

Frå NG12: «Vistnok \*Holuvík, af hola f., Hulning, Fordybning» (NG:245). Det vert vist til garden *Hollvik* i Gloppen, som det står følgjande om: «\*Høllvík (eller í Hølluvík?), sms. med Adj. hallr, heldende, skraanende; vík betegner opr. ikke Vandet i en Bugt, men Landets Indbugtning, og Navnet kan derfor godt være sms. med Adj. hallr. 1ste Led kan ogsaa være Adj. hollr, huld, velvillig, gunstig» (NG12:469).

Både forklaringa med *hola* f. ‘holrom inni berg’ (*Nynorskordboka*) og adjektivet *hallr* i tydinga ‘hallande’ kan høve for *Holevika* realt, men det er ikkje noko meir *hallande* ved denne garden enn ved dei omkringliggande gardane. Forklaringa med adjektivet *hollr* ‘velvillig eller gunstig’, verkar ikkje rimeleg grunna plasseringa og lysforholda til garden. Garden ligg nordvend på Stavenesodden, og litt tilbaketrekt, slik at garden, ifølgje ein informant ikkje har sol på vinterstid. Lysforholda kan ha hatt noko å seie i

namngjevingsprosessen, men då med forklaringa *hola* f., ‘hulning, fordypning’ slik det er foreslått for namnet i NG12, og ein kan seie at garden ligg litt «inni ei hole».

Informanten fortalte meg at det finst ei hole oppe i fjellet ovanfor garden. Den lokale uttalen av *Holevika* er med tydeleg *å*-lyd. Det stemmer nok dermed, som hevda i NG12, at namnet kjem av *hole* f., norrønt *hola* ‘holrom inni berg’ og *vik* f., norrønt *vík* ‘mindre innskjering i strandlinja’. Om det er plasseringa til garden i ei lite solfylt bukt eller *hola* ovanfor garden er dermed litt vanskeleg å seie, men sidan det finst ei *hole* på staden, er det truleg at det er denne det vert referert til.

## 05. Unneset

*Vnnarsætre* DN XII 5 1281 (avskrift frå 1427), *Vnnarsætir* DN XII 162, 1427, *Vnasæter* DN XII 231, ca. 1490, *Vnsetter* NRJ II 138, *Vndesetter* 1563, *Wndersetter* 1567, *Vnndersetter* 1603, 1608, *Vndersetter* 1667, *Undersetter* 1723, *Unnesæter* 1919 (NG12:245). *Wndersetter* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:149)

Utmerkingsleddet er i NG12 tolka som det norrøne kvinnenamnet *Unnr*, med den moderne forma *Unn* (NG12:245). Garden er den første som dukkar opp i skrift i Askvoll.

Jamfører ein med namn med same utmerkingsledd i dei to Bergenhus-amta, er det berre *Unneland* i Arna som kjem opp. Dette namnet er tolka som eit elvenamn, av \**Auðna*, grunna eldre former som *Audnulond* og *Audnuland*. Elvenamnet er knytt opp mot *auðn* f. ‘øydelegging, ubebygd og ubebyggd strekning’ (NG11:309). Denne forklaringa kan ikkje overførast til *Unneset* i Askvoll, her er ikkje større elvar her, og denne staden har nok ikkje vore ‘aude’. Garden er som sagt nemnt tidleg i skrift, og ligg godt plassert ved leia. I tillegg er her både helleristningar og ein har funne om lag 30 gravrøyser på staden. Ein del av gravrøysene trur Svein Åge Knudsen kan vere gravene til sjøfarande som har døydd på reise, på grunn av den sentrale plasseringa til garden langs leia (Knudsen 1976:15). Jamfører ein med utmerkingsleddet *und-*, slik ein ser namnet er skrive i dei nyare skriftbelegga, finn ein fleire ulike forklaringa. Til dømes er *Undertun* i Gulen tolka som preposisjonen *under* (NG12:200). *Unneset* ligg *under* fjellet, men dette skil ikkje denne garden frå dei andre gardane på sørsida av Stavenesodden. *Undredal* i Aurland er forklart med *under* n., av norrønt *undr* «Vidunder, noget forunderligt» (NG12:117).



Figur 6: Unneset.

Eg meiner at tydinga bak personnamnet *Unn* kan ligge til grunn for stadnamnet, fordi det kan høve realt. Personnamnet kjem truleg av appellativet *unne*, ‘elske’ (Kruken og Stemshaug 2013:578). Appellativet kan nok like gjerne karakterisere ein stad, til dømes kan det referere til ein stad som er god å vere på. *Unneset* ligg lunt og godt til med fjellet som vern mot nordavinden, og er sørvend og solrik. Garden er som nemnt den første som dukkar opp i skrift av gardane i Askvoll kommune, som kan tyde på at han har vore tidleg busett. Personnamnet *Unnr* er også tolka som ‘båre, bølge’ (Kruken og Stemshaug 2013:578), noko som også kan vere relevant å nemne om ein av dei to vestlegaste gardane på Stavenesodden. Hovudbruket ligg på sørsida av odden, men mykje av vestenden høyrer til under denne matrikkelgarden, så det er ofte bra med bølger inn mot land. Det er likevel truleg at det er plasseringa til hovudbruket som er skildra, og at det kan sikte til dei lune og solrike forholda på garden. Det er i så fall eit av nokre få namn med eit utprega «hyllande» føreledd i Askvoll, sjå *Yndestad* og *Vilnes*.

## 06. Mjåset

*Miøsetter* NRJ II 138, *Møsetter* 1567, 1603, 1608, 1667, *Miosetter* 1723, *Mjaasæter* 1919 (NG12:245). *Miøsetter* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:150). *Mosetter*, *Miøsetter* 1563 (Dybwad 1938:148, 154).

Frå NG12: «1ste Led er Adj. mjár, smal; efter Beliggenheden mellem Søen og en brat Høide ovenfor sigter Navnet vistnok til Jordveiens Form» (NG12:245).

Jamfører ein med namn med utmerkingsleddet *mjá-* i Bergenhus-amta, finn ein fire andre gardar. I Nordre Bergenhus finn ein *Mjånes* i Bremanger, og i Søndre Bergenhus finn ein to *Mjånes* og ein *Mjåtveit*, der alle føreledda er tolka som adjektivet *mjár* ‘smal’.

Tolkinga frå NG12 verkar rimeleg, sidan garden er lang og smal. *Jordveg*, som er nemnt i NG12, er den dyrka marka som høyrer til ein gard (*Nynorskordboka*). *Mjáset* strekkjer seg om lag 1,5 km utover *Mjásetstranda*, mellom sjøen og fjellet ovanfor. Ein kunne også tenkje seg at *mjá-* kunne tolkast i overført tyding, i tydinga ‘smalt med mat’, ‘tronge kår’, men det er vanskeleg å forklare kvifor det skulle vere trongare kår her enn andre stader. Det rimelegaste er nok tolkinga frå NG12, at *mjá* refererer til det smale lendet mellom fjellet ovanfor og sjøen. Bøane på *Mjáset* er ikkje smalare enn til dømes på nabogarden *Stubseid*, men det at garden er så lang gjer at han får ei smal form totalt sett.



Figur 7: Mjáset.

## 07. Stubseid

*Staffed* NRJ II 138, *Stubseidt* 1563, 1603, *Stubssedt* 1608, *Stubs Eide* 1667, *Stubseide* 1723, *Stafseid* 1919 (NG12:245). *Stubseid* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:150).

Garden ligg ved det lågaste punktet på sørsida av *Stavenesodden*, altså eit eid over odden frå nord til sør. På nordsida av odden ligg *Stubseidvågen*, som er med på å bekrefte at namnet refererer til ‘eidet eller skaret over Stavenesodden’. Namnet er då sannsynlegvis sett saman av *stav* m., norrønt *stafr* ‘kjepp, stökk’ og *eid* n., norrønt *eið* ‘tverrdal eller skar der ein lett kan kome over frå eit strøk til eit anna’, sidan det her ikkje er snakk om noko ‘landtunge’, men heller eit *skar*. Sjå også gard nr. 11 *Stong*.



Figur 8: *Stavenesodden* frå *Stubseid* og vestover. *Stubseid* ligg ved det lågaste punktet på odden, til høgre i biletet.

## 08. Fjella

*Field* 1603, *Fiellidt* 1608, *Fielldet* 1667, *Fjeldet* 1723 (NG12:245). *Fieldit* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:151).

I NG12 vert forma på namnet og plasseringa til garden kommentert: «Er sikkert Dat. i best. Form. Gaarden har sit Namn af, at den ligger oppe paa Heien i det indre af Halvøen» (NG12:245).

Garden ligg «på fjellet» over garden Fauskevika, om lag 260 m.o.h. Eit *fjell* n., av norrønt *fell*, *fjall*, er ifølgje *Nynorskordboka* 1 ‘stort, høgt berg (over tregrensa)’, 2 ‘vidde, område som ligg høgt; fjellstrokk, fjellvidd’ eller 3 ‘berggrunn, grunnfjell’. I dette tilfellet må nok *fjell* forståast i vid forstand som ‘område som ligg høgt’. Garden utan bilveg og er i dag fråflytta.

## 09. Fauskevika

*Fuskevig* 1603, *Fuschevuig* 1608, *Fuscheuigen* 1667, *Fuschevig* 1723 (NG12:245).  
*Fuscheuig* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:152).

Tolking frå NG12: *Fausk* m., norrønt *fauskr* ‘morken ved, morke tre’ og vik f., norrønt *vik* ‘innskjering i strandlinja’ (NG12:245).

Det er vanskeleg å forstå kvifor garden har fått dette namnet, då den ligg sør-vestleg vendt med gode solforhold. Ein informant frå garden kan også fortelje at garden ligg lunt til, så det verkar ikkje rimeleg at namnet skulle komme frå forvitring frå vêr og vind. Utmerkingsleddet *fausk* verkar meir rimeleg som nemning på ein gard som ligg i skugge.

Eit søk i Dokumentasjonsprosjektet på andre stader med same namn legg eg merke til at nokre stader er det vatn, fjordar eller elver med *fausk* i namnet. Kvifor skulle ein nytta nemnet *fausk* om vatn? Fleire stader langs kysten finst det skjær som ligg ut mot havet, med utmerkingsleddet *fausk*, til dømes *Fauskeskjeret* i Vesterålen og *Fauskaskjæret fyr* i Bjugn i Trøndelag. Kan namna vise til at stadane ligg slik til at det vert oppsamla mykje rekved der? Dette kan også vere ei forklaring på kvifor eit utmerkingsledd som tyder ‘forvittra eller morkent tre’ kan nyttast om elvar og fjordar, altså at dette refererer til kva fjorden eller elva dreg med seg. I *Norske Fjordnavne* står det inga forklaring på namnet *Fauskanger* på Askøy, men i *Norske Elvenavne* er det nemnt at elvenamnet *Føskeaaen* kanskje kan komme av elveleiet og elvebreiddene er oppfylt med halvrotne tre (Rygh 1904:47). Dette er likevel ikkje føreslege for eit einaste av dei 16 gardsnamna med *fausk* som utmerkingsledd her i landet, sjølv om i fem av tolkingane står at (her frå bind 11) «Det oftere forekommende Navn paa Skjær, Fausken, Fauskan, maa vistnok være at forstaa paa anden Maade, i overført Betydning af Ordet.» (NG11:34). Eg meiner at fleire av desse namna, både hydronyma, skjærnamna og gardsnamna kan forklarast med at stadane ligg slik til at det kan samle seg opp drivved og liknande som sjøen eller elva har drege med seg. Eg er for så vidt einig i tolkinga av utmerkingsleddet, men det høver ikkje realt godt nok til å stå aleine utan ei forklaring.

## 10. Yndestad

*Yndestad* NRJ II 138, *Indestadt* 1563, 1567, *Indestad* 1603, *Ønndestad* 1608, *Inndesta* 1667, *Indestad* 1723 (NG12:245). *Indestadt* 1563 (Dybwad 1938:148), *Jnndestaid* 1567 (Dybwad 1941:52). *Yndrista* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:151)

I NG12 vert det vist til ein gard med same namn i Fjaler, der det står følgande:

Synes at være \*Yndisstaðir, af yndi n., Tilfredshed, Glæde ved noget (jfr. nema yndi, finde sig fornøiet paa et Sted) (...) Da staðir jo kun sjelden findes sms. med Fællesord (se Indl. S. 78), turde Flertalsformen \*Yndisstaðir være en senere Ændring af \*Yndisstaðr (om Ent. staðr se Indl. S. 76); der findes adskillige Tilfælde, hvor det synes, som om Navne, der ere sms. med Ent. staðr, have faaet Flertals-form, fordi Navne paa -staðir fandtes i saa langt større Antal. (NG12:283).

Utmerkingsleddet *Ynde-* finst i NG12 berre i Sogn og Fjordane. Alle gardane, både *Yndestad* i Askvoll, Fjaler, Gaular, og *Yndesdal* i Gulen er tolka på same måten. Om *Yndesdal* i Gulen står det at «nema yndi» tyder å trivast godt på ein stad, og at garden er ein god gard (NG12:192). Det vert ikkje foreslått noko personnamn som utmerikingsledd for nokon av dei tre *Yndestad*-gardane i fylket, noko som er påfallande for namn med grunnordet *-stad*. Likevel vert personnamnteorien heldt ved like, ved at forfattaren av NG12 hevdar at namnet kanskje ikkje er eit *staðir*-namn, men heller eintalsforma *staðr*.

Ei tyding ‘glede, hugnad’ er påfallande lik tydinga til garden lengre ute på Stavenesodden, *Unneset*. Utmerkingsledda er ikkje så reint ulike heller, og ifølgje *Nynorskordboka* er det truleg språkleg samanheng mellom verbet *ynde* og verbet *unne*. Om dette er tilfeldig, eller om det har vore noko slags forhold mellom dei to gardane, veit eg ikkje. Dei er ikkje nabogardar, *Unneset* ligg fleire kilometer lenger ute på Stavenesodden, medan *Yndestad* ligg nesten heilt inne i Stongfjorden. Tolkinga frå NG12 er uansett rimeleg, då ein trur at *Yndestad* kan ha vore eit mindre maktsentrum i Stongfjordområdet i tida før vikingtida (Losnegård 2009:142). Dette gjev ein peikepinn på at dette har vore ein av dei betre gardane, noko som kan forklare denne typen rosande utmerkingsledd.

## 11. Stong

*Stahamar* DN XII 160 1427 (seinare retta til *Staffuanger*), *Stafwamer* DN XII 231 ca. 1490 (seinare retta til *Stauanger*), *af Stafwom* DN XII 202 1463 (seinare avskrift), i *Stafangri a Fiolum*, *Staffangher* NRJ I 122, *Stawanger* NRJ II 138, *Staffanger* 1563, *Staffuanger* 1603, 1608, 1667, *Stavanger* 1723, 1919 (NG12:246). *Staffuanger*, *Stauanger* 1567 (Dybwad 1941:52, 159).

I NG12 står det om gardsnamnet *Stong*:

Stafangr, efter Formen sms. af stafr m., Stav (Incl. S. 78), og angr m., Fjord (Incl. S. 42); Gaarden ligger ved Bunden af Staangfjorden (sammentrukket af Stavang-), og Navnet har opr. tilhørt Fjorden. Det samme Navn har existeret paa to andre Steder, som Navn paa den lille Fjord, der gaar ind til Byen Stavanger, og paa den Bugt, ved hvilken Gaarden Stavanger i Kinn (GN. 98) ligger. Paa intet af disse Steder har det holdt sig som Fjordnavn. [...] Nu forekommer Navnene Stavenes og Stavnes temmelig ofte, og O. R. har deraf sluttet, at stafr har været brugt som Navn paa langt fremstikkende Halvøer og Nes, der havde en saadan Form, at de kunde sammenlignes med en Stav (Incl. S. 78). Og dette passer godt paa Halvøen nordenfor Staangfjorden; den er lang og har en temmelig jevn Bredde. For denne Forklaring kan ogsaa tale, at den Fjord, som begrænser Halvøen i Nord, heder Stavfjorden og et beboet Sted ved denne, omtrent ved Halvøens Rod, Stavestranden. Baade Staangfjorden og Stavfjorden synes da at have Navn efter den Halvø, som skiller dem; dog er vel Stafangr et ældre Navn end Stavfjorden. \*Stafseið (GN. 7) bliver da at forstaa som "det Eid, der gaar over Halvøen Stafr" (saa ogsaa O. R. i en Notits) (NG12:246).

Garden ligg i botnen av *Stongfjorden*, og for både fjorden og garden finst forma *Stafangr* heimla i skrift. Garden har, som nemnt i NG12, mest truleg fått namn etter fjorden.

Utmerkingsleddet *stav* dukkar opp i fleire gardsnamn i Stongfjord-området. Det finst skriftbelegg for både gardsnamnet *Stong* og fjordnamnet med forma *Stafangr*, og sidan *angr* er ei fjordnemning har grenda og garden mest truleg fått namn etter fjorden. I tillegg finst namna *Stavsnes*, *Stubseid* (tidlegare skrive *Stafseid*) og *Stavestrand* som gardsnamn. Det kan verke rimeleg at alle namna kjem frå namnet på odden som går frå *Stong* og vestover, *Stavenesodden*. *Stavenesodden* er om lag 8 kilometer lang, og på nordsida finn vi havstykket *Stavfjorden*, som er ytre del av *Førdefjorden*. På sørsida av odden ligg *Stongfjorden*, som tidlegare har heitt *Stavangr*. Odden er karakteristisk lang og bein, som ein *stav*, og har truleg vore lett å kjenne att frå skipsleia. Kanskje har odden heitt berre \**Stafr* 'stav, kjepp, stökk', og så har dei andre namna vorte laga i relasjon til dette namnet.



## 12. Gjerde

*Gierde* 1567, 1608, 1667, 1723 (NG12:247). *Gierde* 1563 (Dybwad 1938:154).

Frå NG12: «\*Gerði n., indgjerdet Jordstykke» (NG12:247). Garden ligg saman med nabogarden *Stong* i botnen av Stongfjorden. Eit søk i Dokumentasjonsprosjektet viser at gardsnamnet er svært vanleg, nesten 90 gardar i landet har namnet *Gjerde* eller *Gjerdet*, dei fleste langs kysten frå Rogaland til Nordland. Ser ein på tolkingane som er gjevne for namna frå dei to Bergenhus-amta, kan ein sjå at alle er tolka på same måten.

## 13. Stavnes

*Staffnes* 1563, *Staffsnes* 1567, *Staffnes* 1603, 1608, *Stafness* 1667, *Stafsnes* 1723, 1919 (NG12:247).

Namnet vert i NG12 tolka saman med dei andre namna i Stongfjordområdet med *stav-* som utmerkingsledd. Det er nettopp *Stavnes* som gjer forslaget om at Stavenesodden, med eit gammalt namn \**Stafr*, kan gitt namn til alle, vanskeleg. *Stavnes* ligg ikkje på Stavenesodden, men på sørsida av Stongfjorden, og det vert diskutert om det då ikkje er fjorden som har heitt \**Stafr*, og at namnet på *Stavnes* kan ha vore \**Stafangrsnes*. Det vert også foreslått om *Stubseid* (tidl. *Stafseid*) då tyder «eidet som fører over til fjorden \**Stafr*» (NG12:246). Ser ein på topografien så er det vanskeleg å grunngje denne forklaringa. Det er ikkje fjorden som skil seg ut i landskapet, men odden. Stongfjorden har ikkje ei påfallande «stavform», sjølv om ein kan sjå frå botnen og ut til enden. Den lange, høge odden har derimot meir det ein kan sjå på som ei stavform, og når skipsleia går rett utanfor er det truleg at denne har vore nytta som seglingsmerke, sidan han er så synleg. Frå leia er Stavenesodden eit tydleg merke, der han strekk seg 8 km rett ut.

I NG12 vert det også peika på at *Stavnes* ikkje ligg ved munningen av fjorden, slik ein kunne forventa dersom neset har fått namn etter fjorden. Neset ligg ganske langt inne i fjorden, og det er fleire *nes* på sørsida, så kvifor akkurat det er akkurat dette som har fått namn etter fjorden, seier seg ikkje sjølv. Det vert foreslått ei forklaring ut frå lægjet til dette neset under fjellet *Stafsnesstauren/Størdalsstauren*, og eit fjellnamn \**Stafr*, med ei forklaring på fjordnamnet som ‘fjorden som leiar inn til fjellet \**Stafr*’ (NG12:247). Eg trur at namnet *Stavnes* har kome frå at det er eit *nes* som stikk ut i Stongfjorden, sjølv om det ikkje er det ytste. Garden *Stavnes* femner om både *Stavnes* og *Urdaneset*, med *Nesavika* mellom. I

praksis kunne staden ha hatt fleirtalsforma *\*Stavsnesjar*, fordi her reelt er fleire *nes*, men dette er det ikkje grunnlag for å hevde med tanke på dei eldre skriftbelegga. Sjølv om det ikkje er nemneverdig storleiksskilnad på nesa som stikk ut i Stongfjorden, er nok *Stavsnes* det største, så det kan jo vere ei forklaring på kvifor akkurat dette neset fekk namn etter fjorden. Neset er i alle fall ikkje forma som ein *stav* sjølv, så det må ha fått namn indirekte.

## 14. Størdal

*Størdall*, *Stordall* NRJ II 138, *Størdall* 1563, *Stordaell* 1567, *Størdall* 1603, 1608, *Støerdall* 1667, *Størdahl* 1723 (NG12:248).

I NG12 vert det føreslege eit elvenamn *Størja*, med samanheng i substantivet *styr* m., ‘uro, støy’, men denne tolkinga vert forkasta til fordel for ei forklaring knytt til fjellet ved garden, som her vert kalla *Stafsnesstauren*, men som på dagens kart er nemnt som *Størdalsstauren*. (NG12:248). Ser ein på plasseringa til garden *Størdal* i terrenget, verkar denne forklaringa rimeleg. Ikkje berre ligg garden ved *Stafsnesstauren*/*Størdalsstauren*, men mellom denne og eit anna fjell, *Nipa*. Desse fjella kan ha hatt andre namn tidlegare, eller berre ha heitt «Staurane», og dermed gjeve namn til dalen mellom dei, *Størdal* eller *\*Staurdal*. Ordet *staur* m., kjem av det norrøne *staurr* som har samanheng med verbet *stå*, og tyder ‘stong, smal påle, stokk’ (*Nynorskordboka*) og er ei vanleg nemning på fjell og høgder.



Figur 9: *Størdalsstauren* (som vert kalla *Stafsnesstauren* i NG12) og *Nipa*, med *Størdal* i midten.

## 15. Nordeidet og 16. Søreidet

*Edhe* NJR II 138, *Eide* 1563, 1608, *Nøreidt* og *Søreint* 1603, *Nørædt* 1608, *Nor Eide* og *Sør Eide* 1667, *Noreide* og *Søreide* 1723, *Eidet nordre* og *Eidet søndre* 1919 (NG12:248). *Nørre Eide* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132). *Ede*, *Eiide* 1567 (Dybwad 1941:52)

Tolking frå NG12: \*Eið n., se Indl. S. 48. Ligger paa det lave og smale Eid, som skiller Eidsfjorden fra Kylleren (NG12:248).

*Nynorskordboka* definerer eit *eid* n., norrønt *eið* ‘landstripe (med vatn på sidene) som bind saman to landområde’ eller ‘tverrdal eller skar der ein lett kan kome over frå eit strøk til eit anna’. *Eidet* er den einaste staden Askvollholmen er naturleg landfast, i dette tilfellet er det definisjonen ‘landtunge’ som høver. *Eidet* har gjeve namn til fjorden som går inn mot eidet frå nord, *Eidsfjorden*.



Figur 10: Midt i biletet ser vi eidet som knyt Askvollholmen (til høgre) til fastlandet (til venstre).

## 17. Fisma

*Fiskmaghastrond* BK 24b 1349, *Fißmenn* 1667, *Fisme* 1723 (NG12:248). *Siszme* ca. 1620 (Johannessen 2000a:130). *Fisme* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:152).

Namnet er i NG12, grunna notidsforma, samanstilt med *Fismedal* i Østfold, som er hevda å vere eit elvenamn. Det står at det ikkje er funne noko sikker forklaring på elvenamnstammen *Fism-*, men at dei forklaringane som er stilte opp i *Norske Elvenavne*, fors ‘foss’ eller *fiskr* ‘fisk’ ikkje verkar rimelege for denne staden. Det vert vist til Ivar Aasen si ordbok som

forklarer ordet *fisma* f. som ‘tynt tøy, eller noko som er altfor fint’. Eldstebelegget *Fiskmaghastrond* vert også teke opp, men utan forklaring på kva som kan ha gjeve grunnlag for å kalle ein stad «Fiskemage» (NG12:248). Eg har høyrte at dette namnet har vorte forklart med eit berg nedanfor garden som liknar på ein fiskebuk. Elles er tyder verbet ‘å mage’ ifølgje *Nynorskordboka* å sløye fisk, så ein kan ha nytta eit namn «Fiskmagastrond» om ein stad der ein sløyer fisk.

Kåre Flokenes meiner forklaringa om eit elvenamn stemmer. Han meiner at eit elvenamn av rota *\*fism-* i tydinga ‘den fossande eller strøymande’, og at dette også kan høve med Aasen si forklaring om ‘tynt tøy’, fordi ein på avstand kan sjå elva henge som eit slør nedover fjellsida når vassføringa er stor nok (Flokenes 1999:68). Elva som kjem ned frå *Fismavatnet* ved garden *Fisma* ligg i dag inne i ein planta skog av sitkagran, slik at ho ikkje viser frå andre sida av fjorden, men ho har nok vore synleg på avstand før denne skogen vart planta i nyare tid, men her er ikkje snakk om nokon foss. Sør for garden, i fjellsida ovanfor inste del av *Eidsfjorden* er ein foss som kan passe til skildringa til Flokenes, og eg trur det må vere den han refererer til. Denne ligg utanfor grensene til *Fisma*, men heile fjellsida på vestsida av *Eidsfjorden* kan ha vore referert til som *Fisma* eller *Fismene*, sidan det fell fleire fossar her ved høg vassføring, noko som ikkje hender så sjeldan.

## 18. Folvåg

*Folwogh* NRJ II 138, *Følleuoegh* 1563, *Fulluogh* 1567, *Foluog* 1603, *Fulleuoigh* 1608, *Fulleuogh* 1667, *Follevog* 1723, *Folvaag* 1919 (NG12:248). Uttalast /'fål:'vå:g/.

Tolking frå NG12: «Vel *\*Folavágr*, af foli m., Føl, Unghest, og vágr m., Vaag, Bugt [...] jfr. Navnet Hestvik. Steder med disse Navne maa opr. have været benyttede som Havnegang for Heste» (NG12:248).

Kåre Flokenes har tre ulike forklaringar på utmerkingsleddet *Fol-*, som alternativ til forklaringa frå NG12, som han meiner er feilaktig. Han hevdar at dersom *fole* m. skulle ha vore utmerkingsledd i namnet, måtte namnet ha lydd *\*Folevåg*, ikkje *Folvåg*. Flokenes hevdar namnet kan kome av det norrøne *fold* f., i tydingane 1. jord, land (eig. flate, slette), 2. fjordnamn, eller 3. elvenamn. Flokenes har snakka med ein informant, som meiner at namnet må vere eit fjordnamn, og utelukkar ei forklaring om elvenamn eller slettenamn. Flokenes meiner at sjøområdet mellom Granesundet og Staveneset tidlegare kan ha heitt *\*Fold*, og kan

ha gjeve namn til vågen ved sjøstykket, som kan ha hatt eit namn som \**Foldarvágr* (Flokenes 1999:239).

Dersom ein skal gå for denne forklaringa, kan ein jamføre med fylkesnamna *Vestfold* og *Østfold*, som har fått namna sine frå det gamle namnet på ytre Oslofjorden. Ifølgje *Store Norske Leksikon* tyder fjordnamnet *Fold* eller *Foldin* ‘den slette, flate’, som fjordnamn i tydinga ‘den breie, opne’ (Thorsnæs 2017). Dette kan høve om dette sjøstykket, sidan både Stongfjorden og Granesundet ‘breiar ut’ eller opnar seg vest for *Folvåg*.

Ein informant eg har snakka med, hadde enno ei alternativ forklaring. I *Folvåg* er det ei vik som vert nesten heilt tørrlagd på fjære sjø, og informanten har høyrte at namnet er knytt til vatnet si rørsle i denne vika. Ved lågvatn ‘fell’ vatnet ut, og legg vika tørr. Både Flokenes si tolking og forklaringa frå informanten høver reelt, og det kan godt ha vore eit hestebeite på staden i tidlegare tid. Det er vanskeleg å vurdere kva som er den mest rimelege tolkinga.

## 19. Nordre Eidmind og 20. Søre Eidmind

*Æidminni* BK 24b 1349, *Edymynde* NRJ II 138, *Edmendt* 1563, *Edmenn*, *Eidmenn* 1567, *Eidmin*, *Eidminn*, *Søer Eidminn* 1603, *Edmunndt* 1608, *Eidminn*, *Sør Eidminn* 1667, *Nordeimen*, *Søreimen* 1723 (NG12:249). *Søndre Edmind* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132)

Tolking frå NG12:249: Verkar å vere samansett av *eið* n., ‘eid’ og *minni* (mynni) n., ‘munning’, men med uklår tyding. Det vert forsøkt forklart med plasseringa ved utløpet av Granesundet, men tolkinga verkar ikkje å overtyde skrivaren sjølv. Det vert nemnt at garden ligg på Askvollholmen som er knytt til fastlandet ved eit eid, men utan å komme nærare ei forklaring av gardsnamnet (NG12:249).

I Bernt Askevold sine notat, samla i verket *Frå Heimbygda* kommenterer Askevold at *Eidmind* ligg på motsett side av Askvollholmen frå *Eidet*, og at eit *myne* er ein stad der noko tek slutt (Askevold 1980:75). Det kan ha vore nyttig å kunne markere staden ligg på motsett side av *Eidet*, for å vite kvar ein skulle gå over fjellet dersom ein skulle komme seg av Askvollholmen til fots. Frå *Nordre Eidmind* kan det ha gått ei ferdselsåre opp på fjellet og ned att *Smettet* på *Eidet*. Ei anna forklaring kan ligge i tydinga *eid* som ‘skar eller tverrdal’, då det spesielt ovanfor *Søre Eidmind* er nokre markante skar i fjellet. Gardsnamnet kan då tolkast som ‘garden ved enden av/under skara’.



Figur 11: Skara i fjellet over Eidmind.

Under *Søre Eidmind* ligg eit nes kalla *Slok*, som er nemnt som ein eigen gard i *Bergens kalvskinn* under namnet *Sloke* (Johannessen 2016:100). Dette namnet vert i NG12 tolka som ‘kvernhusrenne’, som også er ordforklaringa for ordet *slok* n. i *Nynorskordboka*. Både far min og farfaren min brukar ordet *slok* n., om noko som er bøygd eller bølgete. Dette kan nok vere i samanheng med ‘renne’, som også er kurva eller bøygd, men truleg refererer namnet til formasjonen av landskapet i kurva nes langs fjellsida.

## 21. Røyset

*Røyrsetre* BK 24b 1349, *Rødsetter* 1563, *Røsetther* 1567, *Røsetter* 1603, *Rorsetter* 1608, *Rørsetter* 1667, *Røsetter* 1723, *Røisæter* 1919 (NG12:249).

Ifølgje NG12 er det tydinga av namnet «Røyrsetr; 1ste Led røyrr m., formodentlig det Ord som betyr «Stenrøs», 2det Led setr n., Bosted» (NG12:249). Denne garden er no eit tettbygd byggefelt, og det er ikkje mange spor att av *røyser*. Delar av garden ligg plassert under *Askvollheia* kor der går ein forholdsvis bratt hammar frå heia og ned på *Røyset*. At her har vore steinrøyser før det vart rydda til gardsbruk, er ikkje utenkjeleg. Bruk nr. 1 ligg derimot slakkare til i terrenget, men med litt helling slik at her kan ha vore nokre røyser som har vorte rydda vekk for å lette jordbruket. Det som talar imot denne forklaringa er at det i alle fall i dag er mange fleire røyser i skråningane vidare utover frå *Røyset* og til *Eidmind*, fordi terrenget ovanfor er mykje brattare. Om desse røysene har vore der sidan før garden fekk namnet, sitt er vanskeleg å seie, men slik terrenget ser ut i dag, skil ikkje *Røyset* seg ut

på nokon måte på dette området. I *Nynorskordboka* står det at *rør* f., tyder ‘kant eller rand’. *Røyset* ligg på vestsida av Askvollholmen, mot Granesundet, og er dermed ‘randa’ på holmen.

## 22. Nedre Askvoll og 23. Øvre Askvoll

*Askvelli* DN IV 66 1306, DN VII 114, 1322 (begge etter seinare avskrift), *Askuollr*, *Askuelli* 24a, *Askuelle* BK 24b 1349, *Askewoldh* NRJ II 139, *Askewold* NRJ II 141, *Askewold* DN VIII 596 1528, *Askewoldt* NRJ IV 487, *Askeuouldt* 1563, *Askeuold* 1603, *Ascheuolld* 1608, *Aschewold* 1667, *Aschevold* 1723, *Askvold* 1919 (NG12:249). *Ascheuold* 1567 (Dybwad 1941:52).

Tolking frå NG12: «Askvøllr, af Trænavnet askr, Ask, og vøllr m., græsgroet Slette» (NG12:249).

Denne tolkinga er rimeleg. Det er vanskeleg å seie noko om relasjonen mellom namna til garden *Askvoll* og nabogarden *Ask*, men det er ikkje urimeleg å tenkje seg at *Ask* kan ha vore ein av dei eldste gardane i området, og at *Askvoll* kan ha lagt under denne garden. Det er rimelegast at det er *Ask*, med eit usamansett naturnamn i ubestemt form, som i stadnamnsamanheng ofte er ein indikasjon på høg alder, skal ha vore modergarden. Det er fleire namn med *Ask-* som utmerkingsledd i nærleiken, som *Askhaugen* (alminneleg berre kalla *Håjen*) og *Askdalen*, som *Askvoll*-gardane ligg i munningen av.

I NG12 står det berre ‘Præstegaarden’ under *Nedre Askvoll*, og dette er det namnet som garden går under til dagleg, også i dag. Prestegardar mistar ofte sine opphavelige namn, fordi ein berre kallar dei for «Prestegarden», og dermed fortregjer det opphavelige namnet (FI:7). På side 261 i NG12 står det oppført «Forsvundne Navn» frå Askvoll herad, mellom anna *Huamme* som stod oppført i *Bergens kalvskinn* (Johannessen 2016:98). Dette skal ifølgje presten Bernt Askevold sine notat, som er samla i verket *Frå Heimbygda*, vere det gamle namnet på Prestegarden. Dette vert bekrefta i *Jordebok for Bergen bispedømme ca. 1600*, redigert av Ole Jørgen Johannessen. Der står det «Huanne eller Askeuoldz prestegieldtt» (Johannessen 2000 a:130) og «Prestegaarden kaldis Huanne» (Johannessen 2000 a:132).

Ifølgje *Nynorskordboka* er ein *kvam* m., av norrønt *hvammr*, ein ‘trong dal, vik; avkrok’. I *Forord og Indledning* s.57 står følgande om *hvammr*: «bruges endnu paa flere Steder i

Betydning: kort Dal eller Sænkning, omgivet af Høider» (Rygh 1898:57). Garden ligg rett nok i munningen av *Askdalen*, men sjølve garden er ikkje «omgivet af Høider». ‘Trong dal, vik eller avkrok’ høver heller ikkje.



Figur 12: Askvoll-gardane. Askvoll øvre til venstre, Askvoll nedre (Prestegarden) til høgre. Skiljet går ca. midt i biletet, ved elva. Kyrkja står på jorda til Askvoll øvre.

Ifølgje Jørn Sandnes har ordet *kvam* endra tyding over tid. Difor passar ‘kort eller trong dal’ på mange av dei yngre gardane som har fått namn frå mellomalderen og seinare (Sandnes 1985:35). Sandnes tar føre seg fleire sentrale gardar og bygder med dette namnet, og ser på kva som kan vere fellesnemnaren mellom dei. Den forklaringa han kjem fram til er ‘stad der ei bratt dalside opnar seg, flatar ut’ (Sandnes 1985:40). Dette høver betre til *Askvoll nedre* enn forklaringa frå *Forord og Indledning* og Nynorskordboka. Ser ein på *Kvammen* nord i Askvoll (tidlegare Vevring kommune) (gard nr. 87), kan det derimot vere tale om den yngre tolkinga.

## 24. Ask

*pa Aska*, Ask NRJ II 139, 141, *Asker* NRJ IV 487, Ask 1563, *Aske* 1603, *Asch* 1608, 1667, 1723 (NG12:249). *Asch*, Ask 1567 (Dybwad 1941:52).

Gardsnamnet er tolka i NG12:249 som tresorten *ask* m., norrønt *askr*. Namn med *ask* som utmerkingsledd kan ifølgje *Forord og Indledning* sikte til at her har vore mykje *ask*, eller ei elv som har fått namn etter tresorten (FI:42). I dette tilfellet må det ha vore mykje av tresorten



*ask*, eller ei enkelt, framstående *ask* som har gjeve namnet, det ikkje er noko elv av noko omfang på garden.

## 25. Fristad

*Ffriestadh* NRJ II 139, *Fristadt* 1563, *Friistad* 1567, *Frijstad* 1603, *Fristad* 1608, *Frista* 1667, *Fristad* 1723 (NG12:249). *Frestadt* 1563 (Dybwad 1938:154), *Friistaid* 1567 (Dybwad 1941:159).

Tolking frå NG12: «Gaardnavnet *Fristad* forekommer oftere og antages (...) overalt at være et gammelt \**Friðreksstaðir*, sms. med Mandsnavnet *Friðrekr*, som tidligst kan paavises i Norge ved 1060 (Harald Haardraades Saga, Kap. 91); efter Sammensætningen med *staðir* maa det dog formodes at have været i Brug tideligere» (NG12:249).

Ser ein på dei eldre skriftbelegga for *Fristad* i Askvoll er ikkje tolkinga frå NG12 nødvendigvis den mest opplagde, spesielt når ein veit at namnegranskarar på den tida *Norske Gaardnavne* vart skriven, hadde ein tendens til å tolke utmerkingsleddet i alle *staðir*-namn som eit personnamn, dersom det lot seg gjere. Ser ein derimot på skriftbelegga til andre gardar med *fri-* i utmerkingsleddet rundt om i landet, kan ein sjå variantar som ligg tettare opp mot tolkinga med *Friðrekr* som utmerkingsledd. Dette gjeld til dømes *Fristad* i Oppland (eldstebelegg *Fridighstaðum*) (NG4:287), *Frisvold nedre og øvre* i Møre og Romsdal (eldstebelegg *Fridrikswelle*) NG13:228), *Frislid* i Eid kommune i Sogn og Fjordane (eldstebelegg *Friðregslid*) (NG12:447). *Fredrik* er eit tysk personnamn, samansett av *Fred-* ‘fred, vern’ og *-rik* ‘mektig’ eller ‘herskar’ (Kruken og Stemshaug 2013:168).

Sidan forma \**Friðreksstaðir* vert foreslått i NG12, er det freistande å sjå på namnet slik eg har gjort under gard nr. 218, *Vagstad*. Der foreslår eg, basert på Gunnstein Akselberg si tolking av fjellnamnet *Ulriken* og gardsnamnet *Alrekstad*, at *Vagstad* (eldstebelegg *Vakrecksstadher*) kan vere eit relasjonsnamn til eit forsvunne fjellnamn \**Vagrekr*. Også garden *Fristad* ligg under eit markant fjell, som i dag heiter *Fristadjellet*. Fjellet er 477 meter høgt og stig nesten loddrett opp frå *Fristad*. Fellesnemnaren mellom dei tre namna er *rek*-leddet, som Akselberg har tolka som det norrøne *rikr* ‘rik eller mektig’, som er det same leddet ein finn i personnamnet *Fridrekr*. Til den same rota høyrer også verbet *raka* ‘rake saman’, *ranke* ‘stabel eller hop’, verbet *rekja* ‘rekke ut, strekke, breie ut’ og *reka* ‘spade, skufle’, alle i grunntydinga ‘noko som er retta oppover’ (Akselberg 2012:358, 359).



Figur 13: Garden Fristad under Fristadfjellet.

Fjellnamnet *Reka* i Vesterålen er av liknande karakter, og alle dei nemnte fjella er karakteristisk bratte, og «stig opp» i omgjevnadane sine. Utmerkingsleddet kunne då ha vore anten som i personnamnet, *friðr* m., ‘fred’, det ‘norrøne adjektivet *friðr* ‘vakker, ven’, eller adjektivet *fri* som kjem av lågtysk, som det norrøne verbet *fría* ‘fri, gjere fri’ også kjem av. *Fri* kan tolkast på mange ulike måtar og er i stor grad knytt opp til det å vere politisk og samfunnsmessig *fri*, men eg tenkjer her ei forklaring i tydinga ‘frittståande’, grunna at fjellet på sørsida stig rett opp frå «ingenting».

## 26. Ringstad

*Ringstadt* 1563, *Ringstad* 1603, 1608, *Ringstae* 1667, *Ringstad* 1723 (NG12:250). *Riigstaid*, *Rinngstaid* 1567 (Dybwad 1941:52, 159).

Tolking frå NG12: «\*Ringsstaðir, af Mandsnavnet Ringr (Hringr). Dette Gaardnavn forekommer temmelig ofte, og Mandsnavnet har derfor vistnok været brugt temmelig hyppig langt tilbage i Tiden, uagtet det i den senere MA. kun kjendes i et enkelt Tilfælde fra

det nordlige Bohuslen (RB. 388). Fra en tidligere Tid nævnes oftere Personer med dette Navn; men kun faa af disse synes at være historiske.» (NG12:250).

Her vert ikkje andre alternativ enn eit mannsnamn vurdert, truleg grunna *staðir*-endinga. Det eg kan tenkje meg som ei alternativ tolking er garden sin formasjon mot vatnet. Mot brakkvassinnsjøen *Kyllaren* dannar landet på garden ein halvrunding, og saman med *Ringstadelva* (som er grensa mot gard nr. 27) dannar vatnet noko som kan minne om ein sirkel rundt garden, den er altså 'innringa' og rund i forma. Sjølv om vasstanden har endra seg i løpet av tidene, er platået den flate garden ligg på om lag 25 meter høgt, med skråning ned mot vatnet. Dermed kan garden ha hatt same topografiske forma, sjølv med høgare vasstand.



Figur 14: Kart over garden Ringstad.

Dersom ein jamfører med namn med same utmerkingsledd i Bergenhus-amta, får ein tilslag på ein gard i Nordre Bergenhus, *Ringreide* i Høyanger, og tre namn i Søndre Bergenhus; *Ringaas*, *Ringøie* og *Ringeim*. Eit mannsnamn *Ringr* er ikkje foreslått for nokon av desse, men derimot «ringr (hringr) m., Ring, Kreds» (NG11:534). For *Ringreide* og *Ringeim* kan det ikkje konkluderast med noko konkret dette skulle sikte til, men både for *Ringaas* og *Ringøie* vert det forklart med formasjonen til landet (NG11:407, 463). Dette høver som nemnt også om *Ringstad*, og eg trur derfor at tolkinga i NG12 må tilskrivast trongen til modelltolking av *staðir*-namna.

## 27. Straumen

*Strøm* NRJ II 142 1563, *Strøminn* 1603, *Strømmenn* 1608, *Strømmen* 1667, 1723 (NG12:250). *Strøm*, *Nedre Strøm* 1563 (Dybwad 1938:149), *Strøm* 1567 (Dybwad 1941:52).

Tolking frå NG12: «\*Straumr m. eller best. Form \*Straumrinn. Ved en Indknibning af en Fjord.» (NG12:250). Det stemmer nok at namnet kjem av *straum* m., frå norrønt *straumr*, i tydinga ‘stad der vatn eller sjø strøyer’, men skildringa frå NG12 stemmer ikkje heilt. Garden ligg ikkje ved innknipinga av ein fjord, men ved elva *Leira*. Namnet refererer nok til plasseringa ved elva og det strøymande vatnet i denne. *Leira* renn frå brakkvassinnsjøen *Kyllaren* og ned i *Askvika*. Det er såpass lite helling i denne elva at ved flo sjø går vatnet frå sjøen opp i *Kyllaren*.

## 28. Loftheim

*Loftheimer* DN XII 231 ca. 1490, *Lofthenn* 1563, *Lofftim* 1603, *Lofftem* 1608, *Lofftemm* 1667, *Lofftem* 1723, *Lofteim* 1919 (NG12:250). *Lofftheim* ca.1620 (Johannessen 2000a:59)

I NG12 er utmerkingsleddet tolka som «*lopt* n. Bygning med to Stokværk, men som i adskillige dermed sms. Stedsnavne, hvoriblandt dette, kan antages at sigte til høi Beliggenhed.» (NG12:250). Dei andre namna med same utmerkingsledd i dei to Bergenhus- amta, *Loftesnes* i Sogndal, *Lofthus* i Ullensvang og Voss, og *Loftås* på Osterøy, har same tolking.

Namnet siktar nok til den høge plasseringa til garden i terrenget. Den ligg ca. 100 meter over havet på ein bratt ås ovanfor det som sannsynlegvis har vore modergarden, *Straumen*. Men på grunn av at garden er nemnt så pass tidleg, er det mindre sannsynleg at utmerkingsleddet skal referere til ‘bygning med to stokkverk’ (etasjar), fordi slike bygningar ikkje var vanlege før i mellomalderen (Hagen 2013). Alle dei fem matrikelgardane med *Loft*- som utmerkingsledd i Bergenhus- amta er nemnde i skrift i mellomalderen. Namna refererer nok ikkje til det kulturelle eller bygningsfagelege fenomenet *loft*, men ‘oppe i lufta’. Ordet *loft* kjem som nemnt av det norrøne *lopt* n, som har samanheng med *luft* f., av lågtysk *lucht*, i tydinga ‘ope rom mellom golv og tak eller over ein viss plass’ (*Nynorskordboka*). Altså refererer namnet sannsynlegvis til at garden ligg ovanfor noko, ‘oppe i lufta’. Dette høver med dialektale forhold, i Askvoll seier ein at «ballen er i /’lof:ta/».



Figur 15: Utsikt frå Loftheim mot Leira og Askvika. Atløyna i bakgrunnen.

## 29. Nes

I *Midnese* (BK. 24b), *Neß* 1603, *Ødemarckenn eller Ness* 1608, *Neess* 1667, *Næss* 1723 (NG12:250). *Midtnes* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132).

Tolking frå NG12: «Nes n.; se Indl. S. 68. Navnet i BK. maa betegne en Part af Gaarden» (NG12:250). I *Forord og Indledning* står det om *nes* n.: av norrønt *nes* n., «Nes, Forbjerg» (FI:68). I *Nynorskordboka* er eit *nes* definert som eit spist og smalt landområde som stikk ut i sjøen, og er språkleg i slekt med *nos*, som igjen er slekt med *nase*. Forma *Midnese* kan sikte til at bruk nr. 1 ligg på det midtre av tre nes på sørsida av elva *Leira*. Dette *neset* heiter i dag *Nesberget*.

## 30. Olset

*Olafssætre* BK 24b 1349, *Ordhasæter* DN XII 202 1463 (etter avskrift), *Vlsetter* 1563, *Olsetter* 1567, *Olþetter* 1603, *Oellsetter* 1608, *Ollsetter* 1667, *Olsetter* 1723, *Olsæter* 1919 (NG12:250). *Oelszetter* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132)

Tolking frå NG12: «Ólafssetr; af Mandsnavnet Ólafr og setr n., Bosted» (NG12:250). Grunna eldstebelegget ser denne tolkinga ut som ei rimeleg forklaring. Skrivemåten frå 1463 ser ut til å vere feilskriven.

### 31. Dorhella

*Daarhelde* 1603, *Daarhelle* 1608, *Dorhelde* 1667, *Dourhellen* 1723, *Dorhellen* 1919 (NG12:250). *Daarhelle* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132). Den lokale uttalen er /'dø:r'hella/.

I NG12 er grunnordet tolka som *hella* f., 'helle, flatt berg', men utmerkingsleddet står utolka grunna få skriftbelegg. Ifølgje NG12 er den lokale uttalen av namnet /'dår'hella/ (NG12:250).

Det finst fleire ulike forklaringar på dette namnet, det eine er ei «folkeetymologisk» forklaring om ein «Tor under helleren», og at lydane /t/ og /d/ har vorte forveksla i dansketida. Ei anna, forklaring er, ifølgje Bernt Askevold sine notat, at garden heitte *Torsheim* og under denne låg *Torshella*. Det kom ein prest til bygda som ikkje ønskte å ha dette heidenske gudenamnet på ein av gardane, og at det dermed vart endra til *Dorhella* (Askevold 1980:75). Det som ikkje gjev meining med denne forklaringa er kvifor underbruket *Torsheim* då framleis har *Tor-* som utmerkingsledd.



Figur 16: Dorhella og Dorhelleneset.

Kåre Flokenes skriv at førsteleddet kjem av det norrøne *dyrr* f., 'dør, helst dørøpning, men også elve- og fjordmunning' (Flokenes 1999:100). Skiljet mellom Dalsfjorden og Vilnesfjorden går ved Dorhelleneset, så namnet refererer nok til staden som «opninga» mellom dei to fjordstrekningane. Denne forklaringa høver med den lokale uttalen per i dag, men som nemnt, ifølgje NG12 sine uttaleopplysningar, har namnet vore uttalt /'då:r'hella'/. *Hella* f., høver også godt, som ein ser på biletet under ligg husa i Dorhella oppå eit 'platå',

som stikk ut frå *Hellestranda*. Garden var tidlegare grensa mot Fjaler kommune, før *Holmedal* og omegn vart innlemma i kommunen.

#### 40. Spor

*Uxaspore* BK 24b, *Uxaspor* BK 25a 1349, *Spor* 1603, *Spoer* 1608, *Spord* 1667, 1723 (NG12: 252). Spaar ca. 1620 (Johannessen 2000a:132).

Tolking frå NG12: «Uxaspor. Det nuv. Namn er øiensynlig en Forkortelse af det gamle, som utvivlsomt sigter til en i en Sten ovenfor Gaarden indhugget Fordybning, som ligner Sporet af en Dyreklov» (NG12:252).

For andre gardar med liknande namn er det ulike forklaringar. På *Sporenes* i Akershus er det funne helleristningar, slik at ein kan forklare namnet med utgangspunkt i typiske fotsålemønster (NG2:54). For *Sporeland* i Rogaland er det foreslått ei forklaring om eit jamføringsnamn *spore* m., av norrønt *spori*, altså reiskap for å få hesten til å lye (som var piggforma og ikkje hjulforma i Mellomalderen) (NG10:166). For *Sporkland* i Vest-Agder er det foreslått eit elvenamn *Sporka* (NG9:331). Ingen av desse høva passar for *Spor* i Askvoll, og sidan eldstebelegget viser ei såpass tydeleg form, i tillegg til at dette merket i berget finst på garden, så verkar den eldre tolkinga rimeleg.



Figur 17: Oksesporet i Spor.

## 41. Øvre Grov og 51. Nedre Grov

*Grof* BK 25a 1349, *Groff* NRJ II 139, *Groff* 1563, 1567, 1603, *Nedergroff* 1603, *Grouff* 1608, *Groff*, *Grouff* 1667, *Grov* 1723 (NG12:252, 255). *Offuergroff* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132).

Tolking frå NG12: «Grøf f., Grav, gravet Fordybning (Innl. s. 52)» (NG12:255). I FI står det at ordet kan sikte til både menneskeskapte og naturlege fordjupningar. Dette ordet skil seg frå ordet *grov* f. av norrønt *grōf* ‘bekk’ ved uttalen, der ‘bekk’ har lukka *o*, medan ‘fordjupning’ har tydeleg *å*-lyd (FI:52). Uttalen for denne garden er som sistnemnde, så tolkinga frå NG12 stemmer nok. Eg kan spesifisere at det truleg er snakk om ei naturskapt fordjuping i dette tilfellet, då begge *Grov*-gardane ligg nede i eit søkk i terrenget, mellom to åsar.

## 42. Sauesundet

i *Sauðungasund* i *Ágrip* 42 43, inn til *Sauðungssunda* Fornm. s. III 36, s. IV 67, s. IV 73 i *Sauðungssundi* i *Björn Hitdølakappes saga* 13, til *Sauðungssunds* i *Egilsoga* kap. 56 (NG12:252). *Soffsund* 1654 (Loftheim 1972:510).

I NG12 vert det vist til forma frå *Ágrip*, *Sauðungasund*, og at *Sauðungar* kan vere det eldre namnet på holmane utanfor som i dag vert kalla *Sauesundsholmane*. Det vert også vist til *Egilsoga*, der det vert nemnt at nær Atløy låg ei øy med namn *Sauðey*, kor det gjekk kyr og sauer og beita (NG12:252). Øynamnet er då truleg opphavet til namnet på sundet .

Jorda hørde tidlegare til nabogarden *Kumle*, og vart ikkje matrikulert som eigen gard før i 1829. I 1622 fekk *Sauesund* gjestgjevarrett (Loftheim 1972:510). Svein Åge Knudsen refererer til matrikelutkastet frå 1723 der det står, under garden *Kumle*: «Og som her paa denne Gaards Grund findes et gammelt fornøden og privilegert Gastgieberie Souesund kaldet» (Knudsen 1976:26).

Garden har truleg fått namn etter sundet den ligg ved, som er nemnt i fleire ulike soger, første gong i *Ágrip* (Indrebø 1936:50), som ein meiner er frå tidleg 1200-tal, men er skriven av eit opphasverk frå om lag 1190 (Indrebø 1936:5).



### 43. Kumle

*Kumblum* BK 24b, 25a 1349, *Komble* 1563, *Kumble* 1567, *Komble* 1603, 1608, *Kumble* 1667, *Kumle* 1723 (NG12: 253). *Comble* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132).

Tolking frå NG12: «Vistnok Kumlar f., Flt. af kuml n., der bruges i Betydningen «Gravminde», men ogsaa om Mærke af anden Art» (NG12:253).

I dag kan ein ikkje finne gravrøyser innanfor grensene til garden *Kumle*, ifølgje ein informant. Det betyr ikkje at det ikkje kan ha vore ei eller fleire gravrøyser her tidlegare, som har forsvunne i dag. Dette er nok ikkje usannsynleg. Garden har tidlegare vore større enn det den er i dag, og kan dermed ha femnt om ytste delen av *Nedre Grov*, der det ligg ei gravrøys framleis. Det er nok like truleg at det har lagt ei gravrøys i *Kumle* som har forsvunne med tida, kanskje i samband med jordbruket.



Figur 18: *Kumle*. Midt i biletet ser ein *Skaret*.

*Kuml* n. i tydinga ‘merke’ kan også vere ei tolking, men kva det skulle sikte til veit eg ikkje. Det kan ha vore eit médmerke, altså at denne staden har vore ein av fleire markørar som tilsaman dannar eit krysningspunkt der det er godt fiske. Frå sjøen utanfor *Kumle* kan ein sjå eit anna médmerke, *Médfjellet* ovanfor *Gjervika*. Til dømes kan *Skaret* på *Kumle* ha vore eit slikt merke. Kva som er den rette tolkinga er vanskeleg å seie. Gravrøyser er ikkje noko sjeldan fenomen på *Atløy*, og ein har funne fleire titals røyser i kommunen, så det må ha vore noko spesielt med denne staden, eller den røysa som fanst her, dersom namnet kjem av *kuml* n. ‘gravminne, gravrøys’.

## 44. England

*Einglande* BK 24b 1349, *Engelannd* 1603, *Enngiland* 1608, *Engeland* 1667, 1723 (NG12:253).

Tolking frå NG12: «England; 1ste Led eng f., Eng (Innl. S. 49)» (NG12:253). I Nynorskordboka er ei *eng* f, av norrønt *eng*, definert som ‘grasmark til slått (eller beite)’.

Utmerkingsleddet er svært vanleg, berre i Bergenhus-amta finn ein 22 gardar med dette utmerkingsleddet. Det totale talet i Dokumentasjonsprosjektet er 266. Alle namna i Bergenhus-amta er tolka som *eng* f. av norrønt *eng*. Gardane *England* i Sogndal, *Engeland* på Eid og *Engeland* på Voss er tolka på same måten (NG11:565). I Østfold er det derimot ein husmannsplass med namnet *England* som visst skal vere eit oppkallingsnamn etter landet *England* (Schmidt 1994:35). Dette er vel mindre truleg tilfelle for *England* i Askvoll, og uttalemessig er det tonemskilnad mellom dei to namna.

På Kartverket sitt kart ser det ut som nabogarden *Kumle* har eigarskap til enkelte teigar og andre område på *England*, i tillegg til at *Kvannholmen* utanfor England høyrer til *Kumle*. Kanskje har *England* tidlegare vore slåttemark eller beitemark under garden *Kumle*, før han vart skild ut som eigen gard. Dette må i så tilfelle ha hendt tidleg, sidan garden er nemnt i BK.

## 45. Gjerdvika

*Gerdarvik* BK 26a 1349, *Gerdewigh* NRJ II 139, *Thierdeuigh* 1563, *Gierdeuig* 1567, *Giereuig* 1603, *Giereuigenn* 1608, *Gieruigen* 1667, *Gierevig* 1723 (NG12:254). *Gieruig* 1567 (Dybwad 1941:159).

I NG12 vert det foreslått fleire ulike framlegg til tolking, mellom anna kvinnenamnet *Gerðr* eit fjordnamn \**Gerðr*, og eit elvenamn \**Gerðr*. Som forklaring på fjordnamnet og elvenamnet vert det foreslått ‘fiskegard (stengsel oppført i elv for fisket)’, men dette vert avfeia (NG12:254). Eg spurte ein informant busett i *Gjerdvika* om ho visste noko om denne typen fangst, og ho kunne bekrefte at då ho kom til *Gjerdvika* på 1940-talet heldt dei framleis på med å gjerde inne fisken i vika. Opninga i *vika* er forholdsvis smal, og med *Gjervikeskjeret* midt i opninga er det gode moglegheiter for å stenge fisken inne. På kartet ser det ut som også *Gjervik* i Lindås har ein ganske smal opning og kan ha passa til denne typen

fiskeri. Slik fanga dei lenge sild på *Sandøy* i Bulandet, kunne ein informant fortelje. På *Sandøy* vart det bygd molo for å gjerde fisken inne.

## 46. Grane

*Grana* BK 24b 1349, *Grane* 1563, *Granne* 1567, *Søergranne*, *Nørgranne* 1603, *Grann*, *Granne* 1608, *Grannæ* 1667, *Grane* 1723 (NG12:254). *Søndre Granne*, *Nøre Granne* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132).

Frå NG12:

Grani m., Navn af uvis Betydning. Grane i Vefsen er vel samme Navn; men det forekommer i ældre Kilder først 1661. K. Rygh sætter det i Forbindelse med grøn f., Trænavnet Gran (Bd. XVI S.69), hvad der vel ikke er muligt, da der ikke voxer Gran i Askvold, som i det hele er et temmelig skogbart Herred. Snarere kunde man tænke paa Sammenhæng med grøn f. i Betydningen «Skjæghaar, Mundskjæg», nu i Dialekterne Gron, tildels i Betydningen «Mule» (paa Dyr), jfr. færøisk grøn f. Mule, Snude. Til Grund for begge Ord grøn ligger Begrebet «være spids», og da Gaarden ligger ved en større fremspringdende Pynt af Atløen, kunde det vel være muligt, at et nu tabt Ord \*grani ligesom múli m., Mule, engang har været brugt som Betegnelse for en saadan Lokalitet. Det bliver dog kun en usikker Gjetning (NG12:254).

Dersom ein jamfører med andre namn som byrjar på *gran-* i Dokumentasjonsprosjektet, ser ein at dette er liten førekomst av på Vestlandet. Utanom i Askvoll der det ingen i Bergenhus- amta, men i Rogaland (Stavangers Amt) finst eit *Grannes*, og i Møre og Romsdal (Romsdals Amt) finst *Grande* og *Grandsæteren*. Alle tre namna er tolka som «\*Grandi m., Sandbanke, Grusbanke ved eller i Vand (Incl. S. 51)» (NG13:111). Om dette skulle vere forklaringa for *Grane* i Askvoll må det i alle tilfelle vere eit jamføringsnamn, for nokon sandbanke eller grusbanke finst ikkje ved *Grane*. Heradsnamnet *Granvin* i Hordaland har fått namnet sitt frå gardane som i NG11 heiter *Graven lille* og *Graven store*. Dette namnet er tolka som trenamnet *gran*, som i liten grad førekjem naturleg på Vestlandet, utanom i Hardanger (NG11:486).

Eg meiner at tolkinga frå NG12 er inne på noko med forklaringa grøn f. i tydinga 'mule' i overført tyding om neset som stikk ut i Granesundet. I *Forord og indledning* s. 68 står det følgande om mule: «Múli m. (Gen. múla, flt. Múlar), mule på dyr; derefter om norget høie, breitt sluttende Nes. Mest vesten- og nordenfjells.» På same måte er garden *Mulen* i Førde kommune tolka (NG12:332). Neset mellom bruka på *Grane*, *Røysaneset*, er ikkje verken høgt eller breitt. Sør om garden, i *Trælevika*, stikk det derimot eit høgt og breitt nes fram. På fjellet

ovanfor *Trælavika* og *Trælevikneset*, som dette neset no heiter, ligg *Granevatnet*, som renn ut i denne vika. Ovanfor både garden og dette neset sør om garden, ligg *Granefjellet*. Truleg kan det som i dag heiter *Trælevikneset* vere «grana» eller «mulen» det vert referert til, og kan ha gjeve namn til både *Granesundet*, som er eit viktig sund for sjøfarande, og til garden ved sundet.



Figur 19: *Trælevikneset* og *Trælavika*, sør for garden *Grane*.

## 47. Seljevoll

*Selleuold* 1567, 1608, 1667, *Sællenvold* 1723, *Seljevold* 1919 (NG12:254).

I NG12 vert det referert til ein gard med same namn i Hyllestad. Om den står det:

«\*Seljuvøllr; af Trænavnet selja f., Silje (Incl. S. 73), og vøllr m. (Incl. S. 87)» (NG12:225).

Utmerkingsleddet kjem truleg av tresorten *selje* f., av norrønt *selja*, og grunnordet av *voll* m., av norrønt *vollr* ‘grasslette’, som nemnt i NG12. *Selje* er ein svært vanleg tresort på desse kantar, men det er mykje berg og ganske lite skog nord på Atløy, så det kan ha vore særeige for denne garden sett i samband med omgjevnadane.

## 48. Høyvika

*Heguikir* DN XII 156 1427, *Hægwiik* DN XII 202 1463 (avskrift), *Hegwiker* DN XII 231 ca. 1490 (seinare lagt til *Høywijch*) *Hegewigh* NRJ II 138, *Houigh* 1567, *Høeguigen*. *Høeuigen* 1603, *Høevigenn* 1608, *Høeuigen*, *Høcuigen* 1667, *Høevig* 1723, *Høivik* 1919 (NG12:254). *Høiuiig*, *Hiøvigh* 1563 (Dybwad 1938:148, 154), *Høuig* 1567 (Dybwad 1941:161).

Tolking frå NG12: «Heggvíkr; 1ste Led Trænavnet heggr m., Hæg (Incl. S. 53), 2det led Flt. af vík f. (Incl. S. 85)» (NG12:254).

Dersom ein jamfører med andre namn med same namn (*Høivik*) i Dokumentasjonsprosjektet, finn ein at utmerkingsleddet i gardane *Høivik* i Nordland (NG16:51), Møre og Romsdal (NG13:162) og Vestfold (NG6:346), samt *Høivik* i Gulen i Sogn og Fjordane (NG12:205) alle er tolka som *høy* n., av norrønt *hey* ‘slege gras som er tørka (eller som skal tørkast) og skal nyttast til husdyrfôr’ (*Nynorskordboka*). Dette høver med den nedervde uttalen, som er /'høy'vika/. Dei eldste skriftbelegga peikar derimot mot tolkinga frå NG12, trenamnet *hegg* m., av norrønt *heggr*.

## 49. Heggøyna

*Hæggøyum* BK 25a 1349, *Heggøen* 1919 (NG12: 254).

Frå NG12: «Heggøy(jar); af heggr, ligesom frg» (NG12:254).

Utmerkingsleddet kjem truleg av tresorten *hegg*, m. frå norrønt *heggr*, og grunnordet av *øy*, f. frå norrønt *ey* ‘landområde med vatn på alle kantar’. Ei øy nord om Atløy og sør om *Smelværet*. Det vaks *hegg* på *Heggøyna* tidlegare, men ifølgje ein informant vart dei siste hogd ned på 1980-talet.

## 50. Smelvær

*Smøluer* DN XII 160 1427, *Smølwær* DN XII 202 1463 (avskrift) *Smyluer* DN XII 230 ca. 1490, *Smølwer* DN XII 231 ca. 1490, *Smilwer* 1603, *Smillduer* 1608, *Smeluehr* 1667, *Smelvehr* 1723 (NG12:254, 255). *Smeluer* ca. 1620 (Johannessen 2000a:130).

I NG12 vert formene *Smøluer* og *Smyluer* i samband med øynamnet *Smøla* (tidlegare *Smyl*) på Nordmøre. Det vert ikkje foreslått noko tolking av namnet *Smøla* (NG12:254, 255). I seinare tid har namnet *Smøla* vorte knytt til ordet *smule*, i samanheng med *smole* og *male* i tydinga å knuse, slå sund eller smuldre opp. Ein trur at øynamnet siktar til dei mange holmane og skjæra rundt ei større øy, som utgjer «smular» rundt ei større øy (Sandnes og Stemshaug 1997:412). *Smelværet* består av ei større øy med mange mindre øyer og skjær. Tydinga «oppsmuldra» kan i prinsippet gjelde også her, eller det kan sikte til korleis havet knuser inn mot land. Når ein jamfører med andre namn som har *Smel-* som utmerkingsledd, ser ein at desse (tre namn, alle i innlandet) er knytt opp til lyd, altså det å smelle. Sjølvstøtt kan dette også vere ei tolking som gjev meining i denne samanhengen, at øyane har fått namn etter drønna frå havet.

Jamfører ein med namn som byrjar på *Smyl-* er desse namna tolka slik som Kåre Flokenes foreslår i *Stadnamn i Askvoll*; å vere knytt til grastypen *smyle* i buneslekta (Flokenes 1999:158). *Smelværet* består av låge, graskledde øyar utan noko særleg tre- eller busker, men det er kanskje ikkje det som er det mest særprega ved denne staden.

Kanskje kan førsteleddet *smel-* stå i samband med adjektivet *smul* (i samanheng med *smelte*) om sjø: 'roleg, still'? Når ein kjem sjøvegen frå nord er *Smelværet* den første øygruppa ein kjem til. Det er ikkje fast busetnad i *Smelværet* lengre, men ein informant frå Staveneset (fastlandet like aust for øygruppa) kan bekrefte at det er først når ein kjem til *Smelværet*, både nordanfrå *Stavfjorden* og vestanfrå *Ryggsteinshavet*, at ein kjem i nokon lunde roleg sjø. *Smelværet* tek av for havbårene både frå nord og vest, og leia nordover tek ei retningsendring i det ho rundar *Tvibyrrje* og går austanfor *Smelværet*. Dette tyder på at det er behov for å gå i le for bølgiene. Kanskje kan *Smelværet* dermed tyde 'været der havbårene smeltar og løyser seg opp'?

## 52. Leirvåg

*Lerwogh* NRJ II 139, *Leruoegh* 1563, *Lieruog* 1603, *Leruog* 1608, *Leeuog* 1667, *Leervog* 1723 (NG12:255). *Leeruog* 1567 (Dybwad 1941:52).

Tolking frå NG12: *leire* f., norrønt *leira*, ‘flat, leirete sandbotn som ligg tørr ved fjøre sjø’ og *våg*, m., norrønt *vágr* ‘bukta, smalt sjøstykkje som skjer inn i landet’ (NG12:255). Dette høver godt for *Leirvåg*, som har ein langgrunn leire-botn som kjem til syne ved lågvatn.



Figur 20: Leirvåg.

## 53. Sætre

*Settre* NRJ II 139, *Setter* 1563, *Settre* 1567, *Setter* 1603, *Settre* 1608, *Settere* 1667, *Sætre* 1723 (NG12: 255).

Tolking frå NG12: «*Setr* n., Bosted (Innl. S. 74); i Dativ» (NG12:255). I *Forord og Indledning* står det at *setr* n., ‘opphaldsstad, bustad (stad kor ein sit, av *sitja* ‘sitte’), ofte er vanskeleg å skilje frå eit ord frå same stammen, *sætr* n./f., ‘seter’, som nemne på utmarksbeite eller sommarbeite. Ifølgje Ola Stemshaug finst *set* berre eit par gonger usamansett i gardsnamn (Stemshaug 1985:106). Stemshaug seier også at det ikkje har noko føre seg å skilje mellom *setr* i gardsnamn og *sætr* i seternamn slik ein gjorde tidlegare i namnegranskingsfaget, fordi begge orda har grunntydninga ‘sete, bustad’, i etymologisk slektskap med verbet ‘sitje’. Det er typisk for *set*-gardane, til liks med *land*-gardane, at dei har oppstått frå teigar og underbruk til ein sjølvstendig gard (Stemshaug 1985:107). Ser ein på plasseringa til garden *Sætre*, som ligg i ein liten dal ovanfor *Vilnes*, er det mest rimeleg å tru at *Sætre* anten har fungert som seter for *Vilnes*, eller blitt skilt ut som eigen gard i ei tid med folketalsvekst, eller begge deler. *Sætre* er eit vanleg gardsnamn i Bergenhus-amta, i

Dokumentasjonsprosjektet finst det 17 gardar med dette namnet i dei to amta, i tillegg til nokre som har *Sætre*- som føreledd.

## 54. Vilnes

*Villness* DN V 124 1341 (avskrift), *Wilnes kyrkje, i Wilnesi* BK 25a 1349, *Vilness* NRJ II 139 1563, *Villnes* 1603, *Vilnes* 1608, *Wilness* 1667, *Willnes* 1723 (NG12: 255). *Vilnes, Willnes, Welnes, Wellnes, Velnes* 1563 (Dybwad 1938:148, 154), *Welnes, Welness, Wilnes* 1567 (Dybwad 1941:51, 52). *Welnes sogen, Velnes* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132).

Tolking frå NG12: «Vil- har vel Sammenheng med vil f., Lyst, Attraa, vili m., Vilje, Glæde, angelsachs. wela m., Lykke, Rigdom, og Betydningen turde være: behagelig, efter Ønske, som har Overflod. Er sognets største Gaard, Kirkested» (NG12:255)

*Vilnes* er også namnet på kyrkjesoknet som i dag omfattar den sørlege og vestlege delen av Atløyna, Bulandet og Værlandet, samt øyane *Alden, Aralden, Tvibyrgje* og *Hindøy*. Kyrkja på *Vilnes* er frå 1674 og dermed det eldste gudshuset i kommunen. Ein veit at kyrkjestaden er svært gammal, men kor gammal veit ein ikkje. Det vert hevda, grunna forma på terrenget, at haugen der kyrkja står truleg var hovstaden på *Vilnes* (Fylkesarkivet: *Vilnes kyrkje*).

Forklaringa frå NG12 verkar rimeleg, både fordi garden er kyrkjestad, men også den sørvende plasseringa med utsikt over heile *Vilnesfjorden*. *Vilure* i Ullensvang, *Vilvang* i Trøndelag og fleire *Vilberg* i Akershus er tolka på same måte, der det i fleire av omtalane er referert til utsikta frå staden (NG2:230, 255). Utmerkingsleddet i *Villanger* i Nordhordland vert derimot tolka som adjektivet *villr* ‘villfarande’ og verbet *villa* ‘bringe på avvege’ (NG11:390), som truleg refererer til straumforholda i fjorden. *Villanger* har tydeleg form som fjordnamn, med det gamle fjordnemnet *anqr* som grunnord. Sidan *Vilnes* deler namn med *Vilnesfjorden*, kunne det tenkjast at eit liknande namn kunne ha vore det opphavelige namnet på fjorden, og at fjorden dermed har gjeve namn til neset, ikkje motsett. Om det realt sett er nokon grunn til å kalle *Vilnesfjorden* for ‘villfarande’ er eg derimot ikkje sikker på. Samanlikna med det tilsluttande sjøstykket *Buefjorden*, er nok ikkje *Vilnesfjorden* det verste å passere, men det kan vere bra med dønningar i *Vilnesfjorden* også. Samanliknar ein derimot *Vilnesfjorden* med *Dalsfjorden*, er nok *Dalsfjorden* ein del rolegare. Tolkinga frå NG12 med eit utmerkingsledd knytt ‘vilje, lyst, glede’ er nok ganske rimeleg.



## 55. Laukland

*Løgland* NRJ II 138, *Løgelandt* 1563, *Løglannd* 1567, *Løigeland* 1603, *Løgeland* 1608, 1667, *Løcheland* 1723 (NG12: 255). *Løgelandt* ca. 1620 (Johannessen 2000a:130).

I NG12 vert namnet tolka som *lauk* m., av det norrøne *laukr* (NG12:255).

Eg meiner like gjerne namnet kan komme av ordet *løk* m., av det norrøne *lók*, som er i språkleg slekt med verbet *leke*, ‘djup, stillerennande bekk (med svak straum)’ (*Nynorskordboka*). Garden ligg bratt til i terrenget, og nedover dei skrå bøkane renn det små vasstraumar, frå såkalla «oppkome», som er ei underjordisk vassåre som bryt fram i dagen. Ifølgje ein informant har det også vore ei større elv på garden, som var ei samling av mange småelvar oppe i fjellet, men den ligg no i røyr og det er berre nedste del av elva som ligg oppe i dagen.

## 56. Hærland

*Hæroland* DN V 1431 (avskrift), *Herlandh* NRJ II 138 1563, *Herland* 1603, 1608, 1667, *Herland med Herrenesset* 1723, *Hærland* 1919 (NG12: 256). *Herlandt* 1563 (Dybwad 1938:148), *Heelannd* 1567 (Dybwad 1941:51).

Tolking frå NG12: «Hæruland, sms. af land (Indl. S. 63) med Elvenavnet Hæra [...] Ved Hæra i Smaalenene ligg Gaarden Hærset, Hærland og Hærslet [...] Elvenavnet Hæra antages afledet af Adj. hárr, graa» (NG12:256).

På *Hærland* renn det ei elv som i dag heiter *Storeelva*. Dette namnet verkar ikkje spesielt gammalt, og elva kan ha heitt *Hæra* tidlegare. Som det står i NG12, er dette elvenamnet truleg avleia av adjektivet *hárr* ‘grå’. Adjektivet kan vise til fargen på elva, eller det kan peike på at det i det heile er «grått» på *Herland*, med mykje berg på begge sider.

Ifølgje *Norsk stadnamnleksikon* kjem øynamnet *Hernar* i Øygarden i Hordaland frå same rota som det norrøne *hjarsi* m., ‘isse’ og det norrøne *hjarni* m., ‘hjerne’, og skal visst sikte til ei hovudliknande høgd sørvest på øya (Sandnes og Stemshaug 1997:211). Ei slik tolking kan også høve for *Herland*. Ved *Herlandsvatnet* ligg fjellet *Hovden*. Dette er eit vanleg fjellnamn,

og tyder ‘hovde, bergpynt’ og er avleidd av det norrøne *hofuð* n., ‘hovud’ (Sandnes og Stemshaug 1997:225). Det er vanskeleg å vurdere kva som er den mest rimelege tolkinga, då namnet realt sett både kan vere knytt til eit elvenamn, til plasseringa ved fjellet *Hovden* eller til det berglendte terrenget rundt garden.



Figur 21: Hærland sett frå Stauren på Tvibyrgje. Til venstre i biletet ser ein fjellet *Hovden*. Foto: Steinar Bauge.

## 57. Hindøy

*Hindøen* 1723 (underbruk til gard nummer 58) (NG12:256).

I NG12:256 er utmerkingsleddet under tvil tolka som *hind* f., ‘hjortekolle’ (NG12:256). Dette kan godt vere den rette tolkinga, dersom ein ser namnet i samband med namna på øyane og holmen like ved, som også er dyrenamn: *Ytre* og *Indre Kyrøyna* og *Lambholmen*. Dei andre namna er derimot namn på husdyr, medan hjorten er vill. Garden *Hindøy* ser ut til å vere ein ung gard, grunna få skriftbelegg og at den har vore eit underbruk til nabogarden, men namnet på øya kan godt vere eldre enn garden. Øya ligg ved skipsleia, og kan ha vore ein vegvisar langs denne.

*Hitr* (*Hitra*) tyder truleg ‘den oppskorne’, laga til den germanske rota *\*hi-* ‘kløyva, skjera av’. Same rota, og tydinga, finn ein i andre øynamn, jf. *Hitr(ar)* (*Hidra*), *Hinn* (*Hinnøya*) *Hís* (*Hisøy*), *\*Hisk* (*Hiskjo*) og *\*Hinni* (*Hinna*) (Særheim 2004: 352). I Sogn og Fjordane har ein *Hisarøy* i Gulen som er tolka på same måten. *Hindøy* er i seg sjølv ikkje ‘oppskoren’, men

ligg tett inntil nokre andre øyar som dannar eit smalt sund mellom. Dersom desse har vore oppfatta som ei eining, kan det tenkjast at dette namnet kan ha vore i bruk. Leia passerer rett vest for *Hindøy*, og herifrå kan ein sjå opninga mellom øyane. Garden *Hindnes* i Lindås vert av Oddvar Nes (1974) foreslått som ein språkleg slektning av dei andre *\*Hi-* namna, via eit fjordnamn *\*Hinni* (Nes 1974:61).

Ei anna tolking som er mogeleg, viss ein ser på *Hindøy* si plassering rett utanfor *Herland*. *Herland* er ein eldre gard, og i dag ein tettstad på Atløyna. *Hindøy* ligg utanfor og vernar *Herland* mot havet, og eg meiner at utmerkingsleddet kan tolkast som *hinne* f. av norrønt *hinna*, som både i planteriket og dyreriket er definert som eit ‘vern, noko som ligg i mellom’ (*Nynorskordboka*). Namnet kan altså referere til at øya ligg som ei *hinne* mellom havet og Atløyna. Kva som er den rette tolkinga er vanskeleg å seie, men eg trur i alle fall at tolkinga frå NG12 er litt tvilsam, som forfattaren sjølv påpeikar.

## 58. Tvibyрге

*Thueberrig* 1563, *Tueberrig* 1567, 1603, 1608, 1667, *Tveberg med Hindøen* 1723 (NG12:256). *Turberrig*, *Tueberge* 1567 (Dybwad 1941:51, 161).

Tolking frå NG12: «\**Tvíberg*, Dobbeltberget. Er en Ø, som har Namn efter to stakformede Høider».



Figur 22: *Tvibyрге* sett frå sør.

Dei to stakkforma høgdena det vert referert til i NG12 går eg utifrå siktar til fjella *Storenipa* (ca. 190 moh.) og *Stauren* (ca. 150 moh.), sidan dette er dei høgste fjella på øya *Tvibyрге*. Ser

ein øya frå søraust, ser desse to høgdene tydeleg med ein «dal» i mellom, og då verkar forklaringa «Dobbelberget» svært sannsynleg. Ser ein derimot øya frå andre vinklar, til dømes frå sør, kan ein sjå ein heilt annan formasjon, nemleg at *Tvibyrrje* er full av høgder, knollar og haugar i ulik storleik. I tillegg til dei to nemnde fjella finn ein *Slåttefjellet* (ca. 140 moh.), *Litlenipa* (ca. 125 moh), *Midthaugen* (ca. 60 moh), *Eika* (ca. 90 moh), *Arefjellet* (ca. 90 moh) (Høgda på fjella er funne på kartet, Norgeskart.no). Slik øya ser ut frå sør, kunne det nesten freiste å foreslå ei tolking med *tue* f., av norrønt *þúfa*, ‘liten kuv, rund topp på marka’ som utmerkingsledd. Som ein kan sjå i mange av dei gamle skriftbelegga som er ramsa opp i NG12, vert det ikkje skilt mellom *u* og *v* i dei eldste skriftene. Ein kan dermed ikkje vite om uttalen på tidspunktet har vore *u* eller *v*, fordi begge fonema er markerte med *u*. Dagens uttale og skrivemåte er begge med *v*, så å gjere noko meir enn å foreslå ei slik tolking vert vanskeleg.

Dette viser hovudproblemet med stadnamngransking. Ein veit ikkje korleis namngjevaren har tenkt, den gongen for hundrevis av år sidan, og vi veit ikkje kva det var han såg då han sette namnet på lokaliteten.

## 59. Alden

*Alldi* i *Snorre-Edda* II 492, út frá *Alda* i *Egilssoga* kap. 57, at *Allda* i *Haakon Haakonssons saga* kap. 283 (Fornm. s. X 60 note 6), i *Alle* NRJ II 140, *Aldenn* 1563, 1567, 1603, 1608, 1667, *Alden* 1723 (NG12:256).

I tolkinga i NG12 vert det drege fram ulike tolkingar av dette namnet som er gjort før, mellom anna av Sophus Bugge, som meiner at til grunn for det norrøne *alda* f. ‘bølgje’, som øynamnet heilt klart har samband med, ligg det latinske *altus* med tydinga ‘høg’. Det vert også vist til andre tolkingar av leddet, som hevdar at *alda* ‘bølgje’ ikkje har noko med ‘høg’ å gjere, men siktar til holrommet mellom to bølgjer. Det vert derfor foreslått at namnet kan referere til at «Øens høie Fjeld [...] er noget udhulet i Midten». Det vert kommentert at det mest påfallande ved øya likevel er høgda, og ikkje denne fordjupinga, men at dei to ikkje treng å utelukke kvarandre (NG12:256, 257).



Figur 23: Alden.

Ser ein på forklaringa frå Sophus Bugge, er denne gangbar både når det gjeld det norrøne *alda* f. ‘bølgje’ og det latinske *altus* ‘høg’. Garden *Alden* ligg på øya med same namn, og nesten heile øya er eit fjell med høgste punkt 480 moh. Sidan fjellet stig rett opp frå havet, ruvar det godt over omgjevnadane. I tillegg skrånar fjellet frå midten av, opp mot ein topp i eine enden, slik ei bølgje gjer. Den andre forklaringa, med utholninga i midten, stemmer også, og det er truleg denne «salryggen» som har gjeve fjellet tilnamnet «Den norske hesten». Både høgda og forma er påfallande, men uansett om *alda* ‘bølgje’ kjem har opphav i ‘høg’ eller ‘djup’, eller begge deler, er tydinga ‘bølgje’ uansett ei svært sannsynleg tolking. Namnet er då eit jamføringsnamn, som vil seie at lokaliteten har fått namn fordi den liknar på noko anna (FI:39).

## 60. Værøy

*Weyrø* NRJ I 48b, *Veren* NRJ II 140, *Were* 1563, *Werre* 1567, *Væierøe*, *Væreøen* 1603, *Verøenn* 1608, 1667, *Werøen* 1723 (NG12:257). *Vere* 1563 (Dybwad 1938:154), *Werren*, *Werre* 1567 (Dybwad 1941:51, 161).

Værøy er namnet på den største øya i Værlandet, og på matrikkelgarden som omfattar heile Værlandet.

Frå NG12: \*Verøy. «Er at forklare af ver n., et Vær (Fiskevær, Ægvær osv.); Øen har sit Navn af sin Beliggenhed ved det fra gammel Tid stærkt besøgte Fiskevær Bulandet» (NG12:257). *Nynorskordboka* definerer eit *vær* slik: n., av norrønt *ver* ‘fangstplass ved sjøen’, samanheng med *verje*. Dette høver godt til eit øysamfunn ytst i havgapet, som er avhengig av lune hamner for å finne vern mot vinden og havet.



Figur 24: Værøyhamna.

## 61. Melværet

*Meluer* 1567, *Miluer* 1603, *Mildurtt* 1608, *Melver* 1667, *Mellvær* 1723 (NG12:257). *Medell Were* 1563 (Dybwad 1938:149). *Melvehr* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:153).

Tolking frå NG12: «\*Meðalver, MelleM-Været» (NG12:257).

Det er rimeleg at namnet kan tolkast som *mellom* prep., av norrønt *meðal*, og *vær* n. ‘fangstplass ved sjøen’ (*Nynorskordboka*). *Melværet* består av ei stor øy og fleire små holmar og øyer som ligg mellom Bulandet og Værlandet.

## 62. Gjørøy

*Gjøreønn* 1603, *Gierøenn* 1608, *Giørøen* 1667, 1723 (NG12: 257).

Ifølgje NG12 er utmerkingsleddet eit kvinnenamn, *Gyriðr* (NG12:257). Fleire liknande gardsnamn har vorte tolka i same retning, men garden *Gjøsund* i Møre og Romsdal vert trass skrivemåten *Gydasunde* frå *Aslak Bolts Jordebok* ikkje tolka som dette. Her vert det tolka som *gjóðr* m., ‘Gjo, Fiskeørn’ (NG13:202). Fiskeørn er vanlegast i skogområde austanfjells i Noreg, og lever hovudsakeleg av ferskvassfisk som mellom anna åbor og gjedde (Norsk Ornitologisk Forening), så denne forklaringa må nok utelukkast for *Gjørøy*. Namnet kan vere knytt til jordbruket, garden har ifølgje Abraham Loftheim truleg lagt under ein annan gard tidlegare, og er ikkje å finne i skrift før i 1590 (Loftheim 1972:733). Som eg skreiv i semesteroppgåva i namnegransking mi hausten 2016 (s. 15), trur eg utmerkingsleddet i *Gjørøy* kan komme av verbet *gjø* eller *gjøde*. Å *gjø*, av norrønt *góða*, kjem av *god*, og tyder å ‘føre, mate husdyr for å gjere dei feite’ (*Nynorskordboka*). *Gjørøy* er den største av øyane i Bulandet, og kan ha vore brukt som beitemark for til dømes *Gjelsa* før den vart skild ut som ein eigen gard.

## 63. Hågøy

*Haaeønn* 1603, *Haaøen* 1667, 1723 (NG12: 258).

I NG12 vert namnet tolka som ‘den høge’, frå det norrøne adjektivet *hár* og *øy* f., av norrønt *ey* (NG12:258). Som eg skreiv i semesteroppgåva mi om gardsnamn på øyane i Askvoll (2016 s.16), verkar det ikkje rimeleg å kalle denne øya for ‘den høge’ i det landskapet ho ligg i. Det skil berre eit smalt sund mellom *Hågøy* og *Gjørøy*, der dei høgaste toppane i Bulandet, *Gjørøyklettane*, ligg. Desse er om lag 40 meter høge, medan ‘haugen’ på *Hågøy* er om lag 20 meter høg. Ei alternativ tolking kan vere at utmerkingsleddet kjem av nettopp *haug* m., av norrønt *haugr*, som på Askvollmålet vert uttalt /hå:g/. Øya er stort sett ganske flat, men den nemnde haugen på om lag 20 meter er nok det som karakteriserer øya mest.



Figur 25: Hågøy sett frå Pilestredbrua.

## 64. Gjelsa

*Gelße* 1567, *Giellisønn* 1603, *Giellißøenn* 1608, *Gillisøen* 1607, *Gillesøen* 1723 (NG12: 258). *Gillisøen* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:161).

Tolking frå NG12:

Gjelsa er en langstrakt Ø, som ligger midt inde i en Klynge Øer, og en smal Kile gaar ind i Øen i dens halve Længde fra Syd mod Nord. Nutidsformen *jæ`llsa* kan være et til Fjordnavnet Jalsi svarende Ønavn \*Jalsa i best. Form; men det er ikke udelukket, at den kan være Dat. i best. Form af Fjordnavnet Jalsi, som da maa have været gammelt Navn paa den nævnte Kile. (NG12:258).

Eg trur også at den nemnde kilen er relevant for namngjevinga av denne øya, men at det nødvendigvis ikkje er tale om eit 'fjordnamn' på denne kilen, men heller at den har vore omtalt som eit *gjel* n. av norrønt *gil* 'kløft i berg eller fjell'. Ein informant fortalte meg at før vegen på *Gjelsa* vart bygd og det vart demma opp rundt denne, var det gjennomstrøyming i den nemnde 'kilen' på flo sjø, slik at øya vart delt i to ved høgvatn, men at ein kunne gå tørrskodd over ved lågvatn.



## 65. Fedøy

*Fitle* 1567, *Fittelaadt* 1603, *Fitteland* 1608, *Fitøre* 1667, *Fettøen* 1723 (NG12:258). *Fitlaa*, *Fetteladt* 1563, *Fictisloedt*, *Fittøen* 1626 (Loftheim 1972:745)

Tolking frå NG12:

Kaldes *fitlåta*, Dat. *-låtene*. (...) En liden Ø. 1ste Led kan neppe være fit f., frodig Græsmark, især ved Sjø eller Elv (...) 1ste Led kunde være Folkesprogets fis, som forekommer i mange Sæmmensætninger brugt om noget usolid, værdløst, upaalideligt, ubetydeligt (...) 2det Led synes at være oldn látr n., Liggsted (...) vel alltid betegnende et Sted, hvor Sælen jevnlig gaar paa Land (NG12:258).

Først kan eg kommentere at *Fedøy* ikkje er ei lita øy sett i forhold til omgjevnadane. *Fedøy* er etter *Gjørøy* den største av øyane i Bulandet, og med tanke på jordsmonnet og det knause terrenget elles på desse øyane, er nok kanskje *Fedøy* det næraste ein kjem 'frodig grasmark' i noko særleg utstrekning. Det er ingen grunn til å tru at denne øya skulle vere naturleg å karakterisere som 'usolid, verdiløst, upåliteleg eller ubetydeleg'.

Kommunenamnet *Fedje* er tolka som 'gjerde, skiljevegg' eller 'fiskestengsel' (Sandnes og Stemshaug 1997:141). Kommunenamnet *Fitjar* er derimot tolka som fleirtalsforma av *fit* 'frodig grasmark', som vert avvist som tolkingsforslag i NG12. Grunna dei eldre skriftformene og at namnet vert kalla «Fitlåta», er det truleg at utmerkingsleddet opphavelig har vore *Fit-* og ikkje *Fed-*. Kåre Flokenes tolkar den eldre varianten av gardsnamnet, *Fitlåta*, som nettopp *\*Fitjarlåta* eller *\*Fitlåta*, i tydinga 'grasslette ved vatn' og *látr* m., 'læggje, liggjeplass m.a. for dyr', sjølv om *låta* er f. og *látr* m., av di han meiner det kan vere eit gno. *\*lát* f. eller *\*låta* f. Flokenes trur også at utmerkingsleddet *Fed* har opphavet *fit* eller *fitjar* (Flokenes 1999:148). Topografisk sett kan det høve med fleirtalsforma, fordi øya er delt i fleire «nes» med vågar mellom.

Ei anna forklaring på grunnordet *låta* kan vere det norrøne verbet *láta*, som mellom anna tyder 'låte, lyde' og 'låte, skrike, bere seg' (Heggstad m.fl. 2008:378). Dette kan referere til lyden av havet, sidan *Fedøy* eller *Fitlåta* ligg på nordvestsida av Bulandet høyrer ein havbårene godt her. Dette passar ikkje like godt til utmerkingsleddet som 'liggeplass for dyr', sjølv om samansetjinga ikkje er utenkjeleg. Eg trur nok at Kåre Flokenes si tolking er den mest rimelege, altså at staden er karakterisert som 'frodig grasmark der dyra ligg'.



Figur 26: Fedøy.

## 66. Sandøy

*Sandøen og Qualløen* 1563, 1567 (Loftheim 1972:750), *Sandønn* 1603, *Sandøenn* 1608, 1667, *Sandøen med Qvalløen* 1723 (NG12: 258). *Sandøenn* 1563 (Dybwad 1938:154).

Søker ein i Dokumentasjonsprosjektet, ser ein at det finst 14 gardar med dette namnet i heile *Norske Gaardnavne*. Fleire står utan forklaring, for nokre er det einaste kommentaren at namnet førekjem hyppig langs kysten (NG12:258). Det er aldri forklart som noko anna enn «den sandige Ø» (NG13:311, 336). *Sandøy* i Bulandet er ikkje «sandig», men ei graskledd øy, så forklaringa frå NG høver ikkje her. Det kunne ha hatt med botnforholda rundt øya å gjere, men sidan *Sandøy* er den vestlegaste av øyane i Bulandet, og ligg såpass ope til, må det vere vanskeleg for sand frå havet å bli liggande her utan å bli vaska vekk. Ein informant fortel at det knapt var ei fjøre ungane kunne bade i på *Sandøy* då dei var små.

Det einaste eg kan forklare dette namnet med, dersom utmerkingsleddet er *sand* av norrønt *sandr*, er at det anten må vere eit jamføringsnamn eller eit oppkallingsnamn. Det kan vere eit jamføringsnamn, altså at nokon har tenkt at det på avstand kan sjå ut som øya har sandrike breidder, eller at ho, med sine små haugar og heier ser ut som sanddyner på avstand. Det kan vere eit oppkallingsnamn, ved at nokon anten har reist frå Bulandet og teke med seg namnet frå ei øy som likna og kalla opp øya etter denne, eller at nokon utanfrå har kome til Bulandet og sett likskapstrekk med denne øya og ei anna *Sandøy* langs kysten.

Kan det tenkjast at utmerkingsleddet opphavelig ikkje var *sand*, men eit anna, liknande ord som har vorte forveksla? Kanskje kan namnet komme av det norrøne *songr*, som tyder ‘song’ (Heggstad m.fl. 2008:625), men ha vore nytta i overført tyding om lyd frå vind og hav. Kanskje kan *songr* ha vorte misforstått som adjektivet *sondugr* ‘sandet, sandfull’? Ein informant kan fortelje at ein høyrer havet sine bulder og brak godt på *Sandøy*, noko som er naturleg på ein øy med Nordsjøen som næraste nabo.

## 67. Halsøy

*Alsønn* 1563, *Alsøenn* 1567, *Allisøenn* 1608, 1667, *Ahlesøen* 1723 (NG12:259). *Alffsøenn* 1563, *Alfsøenn*, *Alsøenn* 1567, *Alisøy*, *Alesøy*, *Allisøy*, *Halsøy* 1972 (Loftheim 1972:756).

Utmerkingsleddet er tolka som *hals* m. i NG12. «Øen falder i to Halvdele, som ere forbundne ved et smalt Eid» (NG12:259). Det vert vist til *Forord og Indledning*: «I Stedsnavne vel alltid sigtende til Ordets overførte Brug om lavere Høider, som skille mellem to Dale, og om smalt Jordstykke mellem to Vande eller mellem Klipper (FI:53). Dette høver godt for *Halsøy*, sidan «halsen» det vert sikta til både er eit smalt jordstykke med sjø på begge sider, og sidan dette jordstykket ligg lågare i terrenget enn omgjevnadane.

To av dei eldre skriftbelegga har ei form med *alf-*, men desse er då i mindretal. Dersom ein skal forsøke å tolke noko utifrå den skrivemåten må det vere anten personnamnet *Alf*, av norrønt *Alfr* ‘alv’, noko i form av det eg skreiv i semesteroppgåva mi «Gardsnamn på øyane i Askvoll» (2016:18): «kanskje kan det knyttes til det norrøne *alfa* av *halfa*, f., «halvpart, helvt», med tanke på de to halvdelene øya er delt opp i.» Ein informant fortalte meg at i den aktuelle ‘halsen’ eller eidet på øya, var det berre tørt på fjære sjø, før det vart demt opp då vegen vart bygd. På flo sjø var det nok vatn mellom dei to halvdelane av øya til at ein kunne ro i sundet mellom dei.

Alle dei eldre skriftbelegga for garden er skrivne utan *h* i framlyd. Dette liknar *halvemål*, eit fenomen der *h*-ar vert kutta i ord som startar med *h*, og føyer til *h* i ord som startar med vokal. Professor i nordisk språkvitskap ved UiB, Helge Sandøy, meiner at sjølv om Sunnfjord ikkje er noko kjerneområde for halvemål, så kan det dukke opp enkeltord og enkeltnamn utanfor halvemålsområda. Ifølgje Sandøy kan formene *Halsøy* og *Alsøy* ha levd parallelt i det munnlege språket, slik det har gjort på *Averøya* på Nordmøre, som ikkje er halvemålsområde,

men likevel av mange vert uttalt *Haverøya*. (Mailkorrespondanse med Helge Sandøy 17.04.18)



Figur 27: Halsøyvågen sett frå landtunga som tidlegare var overfløymd ved høgvatn.

## 68. Hillersøy

*Hellisøenn* 1563, 1608, *Hillesønn* 1567, *Hellisønn* 1603, *Hellisøen* 1667, *Hellesøen* 1723 (då underbruk til gard nummer 69), *Hellersøen* 1919 (NG12: 259). *Hellissøenn*, *Hiillisøenn* 1563 (Dybwad 1938:149, 154).

Tolking frå NG12: «\*Hellisøy; af hellir m., Klippehule» (NG12:259). Det vert vist til *Forord og Indledning*, der det står at *hellir* m. er svært vanskeleg å skilje frå *hella* f. ‘*helle*’ (FI:55).

Topografisk kunne begge forklaringane ha passa for *Hillersøy*. Heile den sydlege delen av øya er prega av faldingar og erosjon i landskapet. Det går både store og små «riller» i berget frå sjøen og innover land. Nokre stader ser berget ut som skråstilte heller som ligg oppå kvarandre innover land. Det kunne tenkjast at øya har fått namnet sitt frå *hella* f. ‘steinhelle’, grunna desse formasjonane som liknar på heller, men ifølgje *Forord og Indledning* vert *hella* f. i stadnamn som regel brukt om flatt berg eller flat klippegrunn (FI:55).

På den sørvestlege delen av øya finn ein dei mest markerte formasjonane som dannar større *hellerar* som ligg i tilta, folda lag innover. Dette er nok det mest utprega ved denne øya, så det er mest rimeleg å tolke utmerkingsleddet som *hellir* m., slik det er gjort i NG12.



Figur 28: Ein av dei mange hellarane på Hillersøy.

## 69. Kjempenes

*Mußønn* 1603, *Mussøenn* 1608, 1667, *Mussøen med Hellesøen* 1723 (NG12:259). *Musøen* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:161).

Tolking frå NG12: «Hvad det nuv. Navn kan sigte til, kan jeg ikke oplyse om. K. Rygh har gjettet paa, at det kan skrive sig fra en Gravhaug paa Stedet (jfr. Kjempehaug Bd, XIII s.142). Det ældre Navn er vel \*Músøy, af Dyrenavnet mús» (NG12:259). Nokon gravhaug i Bulandet har eg ikkje funne noko om i historiske kjelder.

Når ein jamfører med liknande namn ser ein at garden *Kjempe* i Lyngdal i Vest-Agder er tolka som *kamp* m., ‘stein, gråstein’ (NG9:233), *Kjemphol* i Møre og Romsdal er tolka som *kampe* m., eit namn på planten *plantago media* (NG13:142), det same er *Kjæmperud* i Modum i Buskerud. Ifølgje *Nynorskordboka* kan *kamp* m. i tillegg til å tyde ‘stein, gråstein’ også tyde ‘(frittstående) brei eller rundvoren fjelltopp’. På det største neset finst det ein om lag 16 meter høg bergknaus, som i normal forstand ikkje kan karakteriserast som nokon ‘fjelltopp’, men i eit relativt lågtliggande landskap kan kanskje noko slikt karakteriserast som ein ‘kamp’.

Namnet på øya har kanskje bytt namn ein gong garden har lagt øyde, og *Musøy* har vorte bytt ut med *Kjempenes*, som tidlegare kanskje berre har vore namnet på det største neset på øya.

Det finst ein våg på *Kjempenes* som den dag i dag heiter *Musevågen*. Dette må vere ein rest frå det gamle øynamnet *Musøy*. Det er vanskeleg å forklare kvifor ein skulle kalle ei øy ytst i havgapet opp etter ein liten gnagar, utan å ha noko spesifikt å knytte det til. Ser ein på dei eldre skriftbelegga, ser ein at dei fleste er skrivne med dobbelkonsonant, *muss*, og ikkje *mus*. Dette kan sjølvstundt vere feilskrivingar, og det framleis eksisterande *Musevågen* talar vel helst for ei form med /mu:s/. Dersom ein likevel skal våge seg på ei tolking av *muss*, kan dette knytast opp mot fiskeri. *Musse* f., er sild i første leveåret, i følgje *Nynorskordboka*. Kvifor ein skulle ha kalt ei øy opp etter sildeyngel veit eg ikkje, så dette vert berre eit forslag.

## 70. Nikøy

*Nechøenn* 1608, *Nichøen* 1667, 1723 (NG12:259). *Nechøen* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:161).

Dei fleste gardsnamna med *Nik-* eller *Nek-* som utmerkingsledd har vorte tolka som eit mannsnamn, *Nøkkvi*. Om *Nekkøy* i Flora kommune er det derimot lista opp mange forslag til tolking frå gamle dialektord som ikkje var komne i ordboka då NG12 vart skriven. Dei mest rimelege forslaga er *nekk* m. og *nekkja* v. som begge har med tidevatnet å gjere, *hnekkja* v. ‘drive tilbake, stogge, hindre’ og *nekkja* v. ‘drage not opp på land’ (NG12:357). Det er vanskeleg å forklare kvifor øya skulle ha fått namn etter tidevatnet. Kan det ha noko med korleis ein har nytta tidevatnet i tidlegare tider? Kan det ha med tidevasstraumar å gjere? Kan det ha vore så grunt mellom *Nikøy* og *Litle Nikøy* at det vart tørt mellom dei på lågvatn?

Tydinga *hnekkja* ‘drive tilbake, stogge, hindre’ er ei tolking som også er rimeleg, grunna *Nikøy* si plassering som ei rand på austsida av *Kjempenesosen*, som er eit ‘basseng’ ramma inn av øyer. Inne i dette bassenget er det stille, og dette var ifølgje ein informant ‘sentrum’ av Bulandet i gamle tider. Her kunne ein ferdast trygt mellom øyane sjølv om havet storma utanfor. På austsida er det *Nikøy* som stoggar og hindrar sjøen i å bryte inn.

*Nekkja* ‘drage not opp på land’ er også ei gangbar tolking, det kan rett og slett ha vore vanleg å legge til kai her etter fisket. I dag er det fiskemottak og fiskeindustri her.

## 71. Aralden

i *Arallda* BK 24b 1349, *Arald* 1667, *Ararld* 1723 (NG12:259). *Aaroldt* ca. 1620 (Johannessen 2000a:132).

Tolking frå NG12: «Araldi m. Namn paa en Ø c. ½ Mil i Sydøst for Alden (GN. 59). Same Navn har en ensomt liggende liden Ø i Nord for Batalden i Kinn. Aralden i Askvold har, uagtet den forøvrigt er lav, en enkelt spids, 63 M. høi Top.» Det vert referert til Sophus Bugge si forklaring «Sms. af ari m., Ørn, og det Ord \*aldi m., høi Holme, hvoraf han forklarer Ønavnet Aldi» (NG12:259).



Figur 29: Aralden.

Eit utmerkingsledd *ørn* av norrønt *ari* m., kan verke rimeleg, då Kåre Flokenes skriv i *Stadnamn i Askvoll* at han har fått opplyst av ein informant at *Aralden* er ein vanleg hekkeplass for *ørn* (Flokenes 1999:24). Som nemnt i NG12 er ikkje *Aralden* spesielt høg (63 m.) sett i forhold til omgjevnadane sine, og ruvar ikkje over dei, slik *Alden* gjer, med sine 480 meter rett opp frå havet. Ola Stemshaug skriv i *Namn i Noreg* om fjell- og øynamn med *alde* i:

I fjell- og øynamna Aralden, Batalden, Barkald, Digralden, Roalden og Varalden har ein ei avleiing -ald(e) som kan jamførast med latin *altus* adj. ‘høg’, jfr. det usamansette Alden. Karakteristisk for dei øyane som har namn med slikt suffiks, er nett det at dei er så høge. Rota er den same som i alde f. ‘(høg, veksande) bølge’ (Stemshaug 1985:85).

Denne forklaringa stemmer ikkje for *Aralden*. Like i nærleiken av øya ligg øya *Geita* på om lag 50 meter høg, og ikkje langt unna ligg fjellet *Lammetun* på om lag 120 meter. Å karakterisere *Aralden* som ‘den høge’, vil ikkje vere naturleg. I dette tilfellet er det nok den bølge-liknande silhuetten til øya som ligg til grunn for namnet, eller berre likskapen til forma på fjellet *Alden*. Det kan seiast at både *Alden*, *Aralden* og *Batalden* (Flora), som er dei *alde*-

øyane eg har sett personleg, så har dei alle ei karakteristisk stigande form, som ei bølge som røyser seg.

I *Norrøn ordbok* står det at *ár* mellom anna tyder ‘førstning’. Som døme står uttrykket *ár alda* ‘aralds tid, dei eldste tider’, der *alda* tyder ‘gammal’. Kanskje kan *Aralden* vere *ár Aldi* i tydinga ‘før Alden’? Når ein reiser skipsleia frå sør mot nord kjem ein til *Aralden* før ein kjem til *Alden*. Det som argumenterer i mot ei slik forklaring er at *Alden* kan sjåast frå lang avstand i fleire retningar, så eit slikt seglingsmerke ville gjerne vere overflødig. Den tryggaste forklaringa er nok at namnet er samansett av *ari* ‘ørn’ og *alde* ‘bølge’.

Ein informant hadde høyrte ei forklaring om at *Aralden* skulle tyde ‘vern mot bølger’, på grunn av plasseringa til denne øya på tvers i opninga av Vilnesfjorden, slik at øya vernar Vilnesfjorden og Dalsfjorden mot bølgjene. Dette stemmer realt, men kva *ar-* skulle ha tydd i denne samanhengen veit eg ikkje, så dette kan nok kanskje vere ei folkeetymologisk forklaring.

## 80. Hestvika

*Hesteuig* 1603, *Hesteuigh* 1608, 1667, *Hestevig* 1723 (NG12:345).

Tolking frå NG12:

Et meget alm. Navn, som ialfald oftest maa have sin Grund i, at Stedet har været brugt som Havnegang for Heste. Hvor Udtalen som her er *hæ'ss-*, kan dog, selv om den gjængske Skrivemaade er Hest-, Navnet være et opr. Heðinsvík, af Mandsnavnet Heðinn, som i Gen. i senere Tid kan blive Hes-. Der er dog ingen Grund til at antage den sidste Forklaring her (NG12:345).

At denne staden skal ha vore brukt som hamnegong for hestar verkar ikkje rimeleg. Frå sjøen og opp er det bratt, og dette verkar ikkje å vere den best eigna staden for dette. Spesielt ikkje med Løvika like ved, kor det er flatt. Det verkar meir rimeleg at namnet kan ha noko med plasseringa under fjellet *Blegja*, det høgaste fjellet i ytre Sunnfjord, å gjere. *Hesten* er eit vanleg jamføringsnamn på fjell, ifølgje *Norsk stadnamnleksikon*, men *hest-* som utmerkingsledd kan i somme høve komme av det norrøne *hæstr* ‘høgast’ (Sandnes og Stemshaug 1997:212). Kåre Flokenes trur førsteleddet er *hæstr*, superlativ av gno. adj. *hár* ‘høg’, men at ein del av namnet har falle bort. Han trur på eit opphavelig namn *\*Hæstrúnvík* eller *\*Hæstrímvík* eller liknande (Flokenes 1999:229). Kåre Flokenes si forklaring om ‘den



høgste vika' verkar rimeleg, ikkje fordi vika i seg sjølv er høg, men fordi den ligg under det høgste fjellet i området.

## 81. Rørvika

*Røruig* 1603, *Røruigenn* 1608, 1667, *Rørvig* 1723 (NG12: 345). *Røruig* ca. 1620 (Johannessen 2000a:121).

I NG12 vert det referert til ein gard med same namn i Førde, som er forklart slik: «\*Røyrvík, af røyrr m. i en af dette Ords Betydninger «Rør, Siv» eller «Stenrøs»» (NG12:321). Det vert ikkje konkludert med om det er tydinga 'rør, siv' eller 'steinrøys' som er forklaringa for nokon av gardane. For *Rørvika* i Askvoll er det rimeleg å gjette 'steinrøys'. Med tanke på garden si plassering under fjellet *Blegja*, som er det høgaste fjellet i ytre Sunnfjord, og steinrøysene nedover skråninga mot vika, verkar dette som den mest sannsynlege tolkinga.

## 82. Løvika

*i Loduvik* BK 23b 1349, *Løuigh* 1563, *Lodvig* 1567, *Løidvigenn* 1603, *Løeuigenn* 1608, *Løuigen* 1667, *Løfvigen* 1723 (NG12:345). *Løvig* 1563 (Dybwad 1938:145).

I NG12 vert utmerkingsleddet tolka som *lade* (*løe*) f., av det norrøne *laða* (*hlaða*). Ein notis om staden gjort av Oluf Rygh er sitert i NG12: «Her har vel altsaa først kun været en Udslaatt med tilhørende Lade» (NG12:345). Dette verkar for meg urimeleg sidan denne garden er nemnt tidlegare i skrift enn gardane rundt. Ola Stemshaug diskuterer i sin tekst «Lø – gard, lagerplass og hamn» ulike tydingar av det norrøne ordet *hlað-*, og peikar på tolkingar som utskipingsplass (for varer) stabelplass og lagringsplass (Stemshaug 1998).

Gardar som *Lahelle*, *Laberget* og *Lastein* er ifølge Rygh danna til verbet *la* eller *lade*, av norrønt *hlaða*, og vert då tolka som utskipingsplassar, medan utmerkingsleddet i *Løvika* vert tolka som substantivet *laða* (*hlaða*) f. (gen. *loðu*) 'lade (låve) for korn og høy' (FI:63).



Figur 30: Frå Løvika. Til høgre det stupbratte Heilefjellet med Hestvika og Rørvika under.

I mine auge er det ikkje nokon grunn til at desse tydingane ikkje skal kunne gå om ein annan, då verbet og substantivet openbert må vere i slekt. Å *la* eit skip og å *la* kornet og veden er jo aktiviteten ein utfører ved ei løe – ein fyller skipet slik ein fyller ei løe – og ein kan *la* kornet og veden i løa. Det eg tenkjer er at det eine treng ikkje utelukke det andre. Det kan vere praktisk å lagre ting i nærleiken av der det skal skipast ut, så det kan godt ha vore løer i *Løvika*, men at dette berre skal ha vore ein slått i utkanten av ein annan gard verkar ikkje rimeleg sidan garden er nemnt i *Bergens kalvskinn*, medan gardane som grensar til ikkje er nemnde før på 1600-talet.

### 83. Åsen

*Aasenn* 1667, *Aassen* 1723 (NG12:345).

I NG12 er det referert direkte til *Forord og Indledning* utan kommentar. Der står forklaringa «áss, Aas, langstrakt Høide». Dette høver godt med plasseringa til garden, som ligg på åsen om lag 110 meter ovanfor *Løvika*. Namnet er eit usamansett naturnamn, noko som i mange tilfelle tilseier høg alder for garden, men både bestemt form og få skriftbelegg talar imot dette. Det viser seg at denne garden truleg har hatt eit anna namn tidlegare, som kan tyde på at han i alle fall er litt eldre enn det dei to historisk heimla skrivemåtane tilseier. Ole Jørgen Johannessen presenterer i ein artikkel dei funna han har kome fram til etter å ha gjennomgått etterreformatoriske kjelder som Oluf Rygh ikkje brukte i arbeidet sitt med matrikkelen. Han har funne ein gard med namn *Bache* i Vevring sokn i Niels Buschs jordebok frå 1626, som

mest truleg er garden som i skattematrikkelen i 1647 dukkar opp under namnet *Aasen* (Johannessen 2000 b:108). Uansett er tolkinga i NG rimeleg, namnet refererer til garden si plassering oppe på ei høgde, anten denne høgda vert kalla ein *ås* eller ein *bakke*.

## 84. Nesskog

*Neskow* 1603, *Nesschou* 1608, *Nesckou* 1667, *Nesschoug* 1723 (NG12:345). *Neschoff* ca. 1620 (Johannessen 2000a:123). *Neschov* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:181).

I NG12 står det berre «Ligger ved et Nes» i omtalen av garden (NG12:345). Ifølgje *Nynorskordboka* tyder ordet *nes* n., av norrønt *nes*, ‘spist og smalt landområde som stikk ut i sjøen’. Ordet *skog* m. norrønt *skógr*, er definert som ‘område der det veks tre (meir eller mindre tett eller ujamnt spreitt)’. Garden ligg som nemnt på eit nes, ved Førdefjorden, og det veks skog på dette neset.

## 85. Åla (Indre Ålen) og 86. Ytre Ålen

*i Al* BK 23b 1349, *Ol* NRJ II 135, *Aall* OE 146 (?), *Ydteraall* DN IV 808 1533, *Ol* 1563, *Ollenn* 1567, *Aallenn* og *Ytter Alenn* 1603, *Aalenn* 1608, *Inder Aalen* og *Ytter Aallen* 1667, *Indre Aalen* og *Yttre Aalen* 1723 (NG12:345, 346). *Aall*, *Ythre Aall* 1563 (Dybwad 1938:145), *Ollennn*, *Aallenn* (Dybwad 1941:45, 159).

Tolking frå NG12: «Ál f., Skindrem, hvilket ord vel kan være brugt i same Betydning som áll m., «Stribe»; se under Sogndal GN. 21. Udtalen viser, at vi her have Hunkjønsordet, og ikke [...] áll m. Hvad Navnet kan sigte til, er mig ubekjendt» (NG12:346).

Det norrøne *ál* er det norske ordet *ol* f. av norrønt *ól*, *ál* ‘skinnreim’ (*Nynorskordboka*). Når ein ser på fleire av dei eldre skriftbelegga ser ein at fleire av dei er skrivne med *o*, noko som kan peike mot tolkinga frå NG12. Ein informant eg har snakka med kjende ikkje til sjølve ordet *ol* brukt om *skinnreim* eller *seletøy*, men kunne fortelje at det dei i gamle dagar kalla for ein *orepinne* (til å feste seletøy med), vert av nokre kalla ein *olepinne*. Lydleg er *olepinne* og gardsnamnet *Åla* ikkje like, men dei kan ha utvikla seg i kvar sin retning.

A-endinga i namnet treng ikkje tyde at namnet er eit hokjønnsord, truleg kan det vere ein morfologisk frirest. *Ál* kan referere til *ál* m., av norrønt *áll* ‘fisk(eart) i ålefamilien med slangeliknande kropp’, *ál* m., av norrønt *áll* ‘renne, djup før i botnen av elv eller innsjø’ eller

*ål* m., av tysk *Aal* (fald i klede), ‘lang, bukta fald’ (*Nynorskordboka*). Ifølgje *Norrøn ordbok* tyder *alr* m. ‘syl’, og kan vere endå eit alternativ (Heggstad m.fl. 2012:35). Eg meiner at uansett kva etymologisk opphav dette namnet har, så refererer namnet til sundet ved garden. Ved *Ålasundet* er Førdefjorden på sitt smalaste, og namnet kan referere til at sundet er smalt som ein *ål* eller som ei *syl*, eller at sundet buktar seg som ein *ål*, som ei ‘lang, bukta fald i klede’ eller som ei *skinnreim*. Tydinga ‘renne, djup før i botnen av elv eller innsjø’ kan til dels høve også, fordi det er brådjuft i dette sundet. Det som talar i mot ei slik tolking er at denne ‘renna’ ikkje strekkjer seg forbi garden, og at det ikkje er noko djupare her enn mange andre stader i fjorden. Namnet på sundet kan opphaveleg ha vore berre *Ålen*.

Bynamnet *Ålesund* i Møre og Romsdal, er ifølgje *Norsk stadnamnleksikon* fiskenamnet samansett med *sund*, grunna godt ålefiske og mykje ålegras i sundet mellom *Aspøya* og *Nørvøya* (Sandnes og Stemshaug 1997:512). Korleis ålefisket har vore i sundet i Askvoll veit eg ikkje, men ålegras er nok ikkje opphavet til namnet her, sidan det er over 200 meter djupt i sundet. Sundet mellom dei to øyane i *Ålesund* er også svært smalt, så det kunne ha vore snakk om eit jamføringsnamn her også. Eg meiner gardsnamnet *Åla* kjem av namnet på sundet, som er eit jamføringsnamn som samanliknar forma på sundet med anten ei *skinnreim*, ein *ål*, ein *syl* eller ei *fald*, med fellesnemnaren ‘smal’.

## 87. Kvammen

*i Huamme* BK 23b 1349, *Quame* 1603, *Quamme* 1608, 1667, *Qvamme* 1723 (NG12:346). *Quamme* ca. 1620 (Johannessen 2000a:123).

Tolking frå NG12: «Hvammr m.; se Indl. S. 57. Har ogsaa i senere Tid været skrevet Kvamme (Dativ)» (NG12:346).

Som eg skreiv under *Askvoll nedre* (tidlegare *Kvamme*) har tydinga av ordet *kvam* ifølgje Jørn Sandnes endra seg over tid. Han konkluderer med at det frå dei eldste tider må ha tydd noko i form av ‘der dalside flatar ut eller dalmunning’. *Askvoll nedre* må tolkast i denne retninga, men dette høver ikkje for *Kvammen*.

Det Sandnes hevdar er den yngre tydinga ‘kort og trong dal’ (Sandnes 1985:35), høver heller ikkje heilt. I *Norsk stadnamnleksikon* står det at *kvam* ifølgje Aasen har tydinga «en Afkrog, en Dal eller Vig, som er omgivet af høie Bakker, saa at man ikkje kan see den i nogen

Frastand» (Sandnes og Stemshaug 1997:270). Dette passar godt for *Kvammen*, som er ei rund vik, med høge bakkar rundt.

## 88. Leknes

i *Leiknesi* BK 22b 23b 1349, *Lekness* NRJ II 135, *Leckenes* 1563, *Legennes* 1567, *Lechnes* 1603, *Lictnnes* 1608, *Lechness* 1667, *Lechnes* 1723 (NG12: 346). *Leignes* ca. 1620 (Johannessen 2000a:123).

I *Forord og Indledning* står det at stadar med namn som dette, til dømes *Leiknes* (*Leknes*), *Leikvin* (*Lekve*) og *Leikvoll* har vore stader der folket i bygda har brukt som samlingsplass for til dømes ballspel, bryting, hesteveddøløp og liknande. Dette er altså den staden i nærområdet som vart brukt til leik og moro (FI:64). Andre namn med same forklaring i Bergenhus-amta er *Leikanger*, *Leknessund* i Solund, *Lekva* i Hyllestad, *Leknes* i Lindås og *Lekve* i både Ulvik, på Voss og på Os.

## 89. Liset


*Linsetter* 1563, *Lindsetther* 1567, *Linsetter* 1603, *Linnsetter* 1608, *Lindsetter* 1667, 1723, *Lisæter* (NG12: 346). *Linndsetther*, *Linnsetter* 1567 (Dybwad 1941:45, 159).

NG12 viser til *Liset* i Holmedal, der tolkinga er plantenamnet *lin*, av norrønt *lín* (NG12:265). Kor lenge ein har dyrka *lin* i Noreg veit ein ikkje sikkert, men ein har funne sikre merke etter lindyrking ved ein buplass i Hordaland frå 300-talet (Sunding og Kjøpke 2009). Eit påbod frå første halvdel av 1000-talet om årlege avgifter betalt i *lin* føreset at lindyrking var vanleg på denne tida. Frå 1270-åra vert det krevja tidend av linproduksjonen (Knudsen 1992:167). Etter at bomull vart lett tilgjengeleg frå siste halvdel av 1800-talet gjekk linproduksjonen sterkt tilbake, før det stort sett var slutt på 1950-talet (Ferstad og Holen 1991:5,6).

I «Forord og Indledning» nemner Rygh at det er vanskeleg å skilje utmerkingsledda *lin* og *lind* frå kvarandre (FI:65). Dei eldre skrivemåtane kan tyde på begge deler, både for *Liset* i *Kvammen*, *Holmedal*, *Bremanger* og i *Selje*. *Gardane* i *Holmedal* og *Bremanger* er begge nemnde i BK som *Linsætre*, og for alle *gardane* er det fleirtal av skriftbelegg utan *d*, så tolkinga frå NG er nok rimeleg.

## 90. Hegreneset

*Hegreness* NRJ II 135 1563, *Hegernness* 1567, *Heigernes* 1603, *Heygnnes* 1608, *Heierneß* 1667, *Heggernes* 1723 (NG12: 346). *Hegrenes* 1563 (Dybwad 1938:145).



Figur 31: Hegreneset sett frå Selvika.

Tolking frå NG12: «\*Hegranes, af Fuglenavnet hegri m., Heire. Der er her ikke Anledning til at tænke paa Forklaring af Elvenavnet Hegra» (NG12:346). Namnet kan komme av at det har vore mykje *hegre* på staden. Det kan også vere eit jamføringsnamn, neset dannar saman med haugen bakanfor det som kan sjå ut som silhuetten av eit hegrehovud, dersom ein legg ser neset frå sjøen eller andre sida av vika. Tresorten *hegg* finst også på staden, men dei eldre skriftbelegga ser ut til å peike på fuglenamnet.

## 91. Gjelsvika

*Geriiswigh* NRJ II 135, *Giellisuigh* 1563, *Gillesuig* 1567, *Giellisuig* 1603, 1608, 1667, *Gillesvig* 1723 (NG12:346). *Gellisuig* 1567 (Dybwad 1941:159).

I NG12 vert mannsnamnet *Geirleif* vert føreslått som utmerkingsledd. Det vert sagt at grunna tonelaget i uttalen av namnet er det ikkje truleg at det kan vere snakk om det same namnet som *Gjelsvik* i Lindås som kjem av *gil* (*gjel*) n., ‘kløft, revne’. (NG12:346)



Figur 32: Gjesvika.

Kåre Flokenes hevdar derimot at dette truleg er den rette tolkinga (Flokenes 1999:228), utan at han forklarar kvifor. Eg trur Flokenes har rett, grunna forma på både vika og landskapet innover. *Gjelsvika* er svært rett i forma, og sjøen treff land i ei om lag bein stripe. Dette kan minne om ei *geil* f. av norrønt *geil* ‘veg eller fegate’, altså ein inngjerda dyresti. Dette ordet er språkleg i slekt med *gjel*. Innover landet finn ein djupe furer i dalbotnen som slyngar seg bortover. Dette er eit elvegjel, danna i grasgrodde sandhaugar. Dette «gjelet» ligg lengre oppe i den flate dalen ovanfor vika. Sidan grunnordet er *vik* er det truleg forma på sjølve *vika* denne utmerkingsleddet refererer til, og den karakteristiske forma.

## 92. Bjørndalen

*Biørndall eller Øde Jorden* 1608, *Biørndall* 1667, *Biørndahl* 1723 (NG12: 346). *Biøndall* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:182).

Utmerkingsleddet er tolka i NG12 som dyrenamnet *bjørn* (NG12:346). Også Kåre Flokenes trur at denne tolkinga er rett. Han peikar på at det er fleire stader i kommunen som har namn med utmerkingsleddet *bjørn*, der nokre av dei truleg kjem av bærslaget *bjørnebær*, men han trur at det er dyret *bjørn* som har gjeve namn til *Bjørndalen*, utan at han forklarar kvifor. Han kan opplyse om at det er over 140 år sidan det var bjørn i distriktet (Flokenes 1999:254). Av dei 9 gardane med namn *Bjørndal* eller *Bjørndalen* i dei to Bergenhusamta er det berre to gardar der noko anna enn dyret vert nemnt. Det blir i alle tilfella konkludert med *bjørn* som forklaring, men for to gardar i Søndre Bergenhus Amt vert det foreslått eit elvenamn med

Utmerkingsledd *Bjørn*- og mannsnamnet *Bjarni* eller *Bjørn*. Både elvenamnet og mannsnamna er avleia av dyrenamnet.

### 93. Selvika

*Selluigh* 1667, *Sælvigen* 1723 (NG12:346). *Selleuig* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:180).

Utmerkingsleddet er tolka i NG12 som dyrenamnet *sel* m., av norrønt *selr*, men det vert nemnt at *Selvik* som namn på andre stader også kan vere trenamnet *selje*, norrønt *selja*, men at uttalen då er /sæll/, ikkje /sæ:l/. *Selje* er ein tresort som er svært vanleg på desse kantar, vil nok ikkje dette ordet vere spesielt utmerkande. Tolkinga frå NG12 verkar rimeleg, sidan det ligg ei fjære ved garden. I denne fjæra er det også eit skjær, som kan ha vore ein god kvileplass for *sel*.

### 94. Skorva

*Skorffuenn* 1603, *Schorffuenn* 1608, *Skoruenn* 1667, *Schorven* 1723 (NG12:346).

Tolking frå NG12: «Ligger ved Udløbet af en Elv og er utvivlsomt opr. dennes Navn [...] Skorv f., nøgen, noget ujevn eller stenet Bergflade [...] Skarv n., nøgen Fjeldgrund. De to Ord Skorv og Skarv ere dog nær beslægtede» (NG12:346, 347).

I *Norske Elvenavne* ser elvenamnet *Skjerva* \**Skerfa* av stammen *skarf*-, bevart i *skarv* n., ‘naken fjellgrunn’, ut til å vere ganske vanleg (Rygh 1904:220). Like ved garden *Skorva* ligg *Skjervane* – eit område med bert og knausete terreng. Det går ei elv mellom *Skorva* og *Skjervane* som også ligg i steinete terreng. Denne elva kan ha gjeve namn til begge stadane. Forklaringa om eit elvenamn verkar svært rimeleg her, sjå også omtale av gard nr. 97, *Skjerlia*.

### 95. Haslelia

*Hatlelj* 1667, *Hatlelie* 1723, *Hatleli* 1919 (NG12:347).

Utmerkingsleddet er tolka i NG12 som trenamnet *hassel*, av norrønt *hasl* m. (NG12:347). Dei i dei eldre skriftbelegga ser ein at den tradisjonelle lokale uttalen av tresorten *hassel* kjem fram, *hatl*. Ifølgje Kåre Flokenes er det lite *hassel* i Askvoll-området, men er likevel er dette eit nokså hyppig brukt stadnamnsføreledd (Flokenes 1999:254). Dette tyder på at folk i



tidlegare tider gjerne har sett dette som karakteriserande for nett denne staden, eller at ein har hatt behov for å ‘markere’ kvar ein kan finne denne tresorten.

## 96. Mandelia

*Manndelj* 1667, *Mandeli* 1723 (NG12:347). *Mandelij* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:181).

For å forklare dette namnet vert det i NG12 referert til forklaringa til garden *Mannebrekka* i Høyanger, der det vert forklart som ordet mann ‘vaksen person av hankjønn’, og rimeleggjort av at det finnast ei *Kvennebrekka* på Island (NG12:177). Kåre Flokenes knyt utmerkingsleddet til det norrøne *mōn* ‘man, faks (på hest)’. Per Hovda skriv i sin tekst «Mån, man f., gn. mōn f., i høgdenamn» (1981) om korleis ‘man’ vert brukt i overført tyding om fjellryggar over heile landet. Språkleg er dette også i slekt med ordet *møne* ‘takrygg’. Ifølgje Hovda er det altså den boga halsryggen det er snakk om, ikkje fakset. Han meiner altså at misforståingar har gjort at *man* har blitt tolka som *mand* (mann), med døma *Rundemanen* og *Blåmanen* i Bergen. Desse fjella har vore misoppfatta som ‘Rundemannen’ og ‘Blåmannen’ (Hovda 1981:52). I tilfellet *Mandelia* må denne ‘manen’ då referere til eitt eller fleire av fjella ovanfor garden.

## 97. Skjerlia

*Skierlj* 1667, *Schierlie* 1723 (NG12:347). *Scherlij* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:181).

Tolking frå NG12: «1ste Led Maaske sker n., i Betydning af en bar Bakke, som stikker op af en Jordmark [...] GN. 16-18 (i dag 95-97) kaldes Marken eller Skorvemarken; Strøget har altsaa engang været Udmark under GN 15 (94, Skorva)» (NG12:347).

Eg meiner at namnet *Skjerlia* kan vere knytt opp mot namnet *Skorva*. Som nemnt under *Skorva* er eit elvenamn *Skjerva* ikkje usannsynleg, og *Skjerlia* ligg i eine enden av *Markavatnet*, som er det øvste av dei to vatna som dannar elva som renn gjennom *Skorva*. Lengre nede i *Skorvemarka*, langs det same vassdraget, mellom *Markavatnet* og *Øyravatnet* ligg ein stad som heiter *Skjerven*, som verkar å vere i språkleg i slekt med både *Skorva* og *Skjervene* (nemnt i omtalen av *Skorva*), samt *Skjerlia*. Oluf Rygh hevda at den sikraste måten å påvise eit elvenamn, var når ein langs det same vassdraget kunne finne stadnamn med like utmerkingsledd (FI:34). *Skorvemarka* kan slik vere anten ‘marka til garden *Skorva*’ eller

‘marka ved elva *Skorva/Skjerva*’, og ha gjeve namn til garden *Skjerlia*, som ligg i enden av marka.

## 98. Flokeneset

i *Floknesi* BK 23b 1349, *Flogenes* 1603, *Flougennes* 1608, *Flogenes* 1667, *Flochenes* 1723 (NG12:347).

Tolking frå NG12: «Flókanes. Vistnok af Mandsnavnet Flóki, der fra Norge kun kjendes som Navn paa en af Islands Opdagere; senere kan det kun paavises paa Island, men nogle faa norske Stedsnavne kunne forklares deraf. Andre Ord, som kunne være 1ste Led i Stedsnavne, som begynde med Floke-, ere flóki m., noget sammenviklet eller sammenfiltet (t. Ex. Kvister), hvad der neppe kan passe her, og det af Hj. Falk Bd. V S. 95 anførte Dialektord Floke, fladt Jordstykke; om dette Ords Udbredelse mangler dog Oplysning» (NG12:347).

I Dokumentasjonsprosjektet er det sju tilslag på namn som startar på *Flok-*, der det i fire av tilfella er konkludert med eit mannsnamn som utmerkingsledd, inkludert *Flokeneset* i Askvoll. Hjalmar Falk forklarar gardsnamnet *Flokeløkken* i Nes med eit dialektord frå staden, *floke*, ‘flatt jordstykke’. Han noterer seg også at dette ordet er «samme Ord som oldn. flóki «flyndre, (egentlig «den flade»), der dog mangler i Ordbøgerne» (NG5:95). Garden *Floksengen* i Hedmark vert tolka som *flugse* f., ‘lapp, flak, fille’ (NG1:249). Kåre Flokenes held også ein knapp på ei liknande tolking for *Flokeneset*, og tolkar ordet som ‘salklede av tov og filt’. Han seier at når ein rundar Staveneset på veg nordover, og ser Flokeneset i aust, ligg neset breidd utover sjøen, om lag som eit ‘salklede’ (Flokenes 1999:157).

I Nynorskordboka står det at *floke* har samanheng med *flak* i tydinga ‘flugse, flak’. Ein *flake* m., av norrønt *flaki* tyder ‘plate, flate av fjøler eller liknande’ ‘plattung’. Slik Kåre Flokenes nemner, kan namnet komme frå korleis *Flokeneset* ser ut frå sjøen, i ei av desse tydingane. *Flokeneset* har ei karakteristisk form, og er nesten som ein holme, men er landfast ved eit smalt eid. Kanskje har nokon meint at neset ser ut som eit *flak* eller ein *flake*.

## 107. Merkesvika

*Merchisuigen* 1667, *Merchisvig* 1723 (NG12:370).

Frå NG12: «\*Merkisvík. Gaarden ligger ved Grænsen mod Vevring Sogn, altsaa af merki n. i Betydningen af Grænsemerke» (NG12:370).

Garden ligg som nemnt ved ei tidlegare soknegrense, og forklaringa frå NG12 verkar rimeleg.

## 108. Nærvika

*Nerui* 1603, *Nerui* 1608, *Nerui* 1667, *Nervigen* 1723 (NG12:370).

Tolking frå NG12: «Ganske vist et opr. \*Njarðvik, ligesom Nervik i Fjelberg og Nærvik i Orkedalen [...] 1ste Led er Gudenavnet Njørðr, Njord, i Stammeformen» (NG12:370). Kåre Flokenes trur at ei forklaring med gudenamnet *Njørðr* er lite truleg, og at namnet nok har samanheng med *nór* n. ‘trongt farvatn, sund’. Han peikar på litteratur som viser at *Næren* er eit vanleg namn i Sverige som er tolka som ‘trongsjøen’ eller ‘sjøen med sundet’.

*Nærvika* er ikkje ei spesielt trong vika, men det ligg ei øy, samt nokre holmar og skjer i opninga av vika, slik at farvatnet inn og ut av vika vert trongt. Ei *vika* ved *Vilnes* på *Atløy* heiter også *Nærvika*, og det same er tilfelle for denne. *Vika* er innramma av holmar og skjer med smale sund mellom. Ser ein på kartet på stadar med liknande namn kan ein sjå noko av det same. Ved *Nervika* i *Flora* og *Nervika* i *Hemne* kommune i *Trøndelag* er det berre ein enkelt holme utanfor vika som smalnar inn farvatnet til og frå *vika*. Ingen av dei nemnde vikene er særleg smale, men kanskje vert dette namn gjeve til vikar som har nettopp det Flokenes peikar på; trongt farvatn.

## 109. Vågane

*i Vaghom* BK 24a 1349, *Voge* 1563, *Voige* 1603, *Voge* 1608, *Vaage* 1667, *Waage* 1723, *Vaagene* 1919 (NG12:370).


Frå NG12: «Vágar, Flt. af vágr m., Vaag» (NG12:370).

I *Nynorskordboka* er ein *våg* m., av norrønt *vágr* definert som ‘smalt sjøestykke som skjer inn i landet’. Det er fleire små vågar og bukter i sjøen ved garden.

## 110. Osland

i *Odênalanðe* BK 24a 1349, *Odhenlandh* NRJ II 141, *Ouidtzlandt* 1563, *Oustlannd* 1567, *Oußlannd* 1603, *Ousland* 1608, *Oußland* 1667, *Ousland* 1723 (NG12:370). *Oustlannd*, *Oslannd* 1567 (Dybwad 1941:45, 159).

Tolking frå NG12: «Baade den feilskrevne Form i BK. og Formen i NRJ. II tale for, at Navnet er et opr. \*Oðinsland, af Gudenavnet Óðinn» (NG12:370). Det verkar rimeleg å tolke utmerkingsleddet som guden *Odin* med utgangspunkt i dei to eldste skriftbelegga. Om det er noko spesielt som gjer at denne staden har fått namn etter den mektigaste guden i norrøn mytologi veit eg ikkje. *Osland* ligg høgt samanlikna med dei andre gardane som høyrde til tidlegare Bru kommune på sørsida av Stavfjorden. Både *Merkesvika*, *Nærvika*, og *Vågane* ligg ved sjøen, medan *Osland* og *Oslandsbotnen* ligg på om lag 110 meter over havet. Ser ein på den norrøne mytologien skal *Odin* sin bustad *Valaskjalv* ligge høgt til, slik at han kunne sjå utover heile verda (Magerøy 2018). Ei slik forklaring vert nok truleg litt for høgtsvevande, spesielt sidan ein i grunn ikkje ser spesielt mykje frå *Osland*, fordi det ligg for langt inne. Mest truleg har nok berre namngjevaren villa heidre guden *Odin* ved å kalle opp garden.



Figur 33: Kart over Stongsvatnet og Oslandsvatnet.

Dersom ein ikkje skal ta omsyn til dei eldste skriftbelegga, men tolke garden etter notidsforma, finnast det i alle fall ei rimeleg forklaring. Ved garden *Osland* ligg *Oslandsvatnet*, som eigentleg heng saman med vatnet ved sidan av, *Stongsvatnet*. Vatna heng saman på midten, utan ei elv eller ein foss som skil dei. Ein *os* m, av norrønt *óss*, er ifølgje *Nynorskordboka* enten den staden der ei elv renn inn i, eller ut av, eit vatn eller ein innsjø, eit ‘langt smalt sund’. Dei to vatna er berre skilde av eit smalt sund midt mellom dei, danna av nes som stikk ut frå kvar si breidde. Dette kan vere den eventuelle *osen* det vert referert til i namnet.

### 111. Oslandsbotnen

*Bottn* 1563, *Bothenn* 1567, *Botten* 1603, *Bottenn* 1608, *Botten* 1667, *Bottnen* 1723 (NG12: 370).

Tolking frå NG12: «Opr. blot \*Botn; se Innl. S. 45. Ved et Vand inde i Landet» (NG12:370).

Truleg eit relasjonsnamn til nabogarden *Osland* med grunnordet *botn* m., av norrønt *botn* i tydinga ‘inste ende av ein dal, fjord, eit vatn’. *Oslandsbotnen* ligg ved inste delen av *Oslandsvatnet*. Som påpeika i NG12 ser det ut på skriftbelegga at garden opphavelig berre har heitt *Botnen*. Namn som *Botnalia* og *Botnastølen* på er med på å bekrefte denne teorien.

### 117. Stavestranda

*Stavøstranden* 1919 (NG12: 372).

Det vert påpeika i NG12 at skrivemåten *Stavøstrand* må vere ein skrivefeil, men elles står namnet utolka. Garden står oppført som underbruk til *Svanøy* i 1667 og 1723 (NG12:372). Eg trur også namnet må vere skrive feil i NG12, det er lite sannsynleg at *Stavestranda* skal ha fått namn frå *Stavøya*, ei øy nesten 10 km lenger nord i fjorden, med *Svanøya* mellom. Garden ligg på nordsida av Stavenesodden, og ligg ved Stavfjorden, så namnet er nok laga i relasjon til enten odden eller fjorden.

## 201. Helle

*Helle* NRJ II 142, *Hella* NRJ IV 487, *Helle* 1563, *Helde* 1603, *Helle* 1608, *Hellde* 1667, *Helde* 1723 (NG12:263). *Hellde* 1567 (Dybwad 1941:47).

Tolking frå NG12: «\*Hella f., Helle, fladt Berg, flad Klippegrund» (NG12:263). Ligg på eit flatt høgdedrag ved Dalsfjorden, noko som høver godt med forklaringa frå NG12. I vest grensar garden til *Dorhella*, og dei to gardane på kvart sitt «platå» med *Hellestranda* i mellom var før 1991 grensegardar mellom Askvoll og Fjaler.

## 202. Ytre Vårdal og 203. Indre Vårdal

*Vordall* NRJ II 142, *Vordall* og *Vordall ytre* NRJ IV 486, *Wardall* 1567, *Vaardal*, *Vardal* og *Inder Vaardal* 1603, *Ordall*, *Waerdall* 1608, *Ytter Vaardal* 1668, *Indre Vaardal* 1667, *Yttre* og *Indre Waardahl* 1723 (NG12:263). *Wardall*, *Vardall* 1563 (Dybwad 1938:149, 155), *Wanndall* 1567 (Dybwad 1941:47).

I NG12 vert det drøfta fleire ulike tolkingar, til dømes tydinga «Foraar», med grunnlag i at *Vårdal* kan ha vore ei vårseter for nabogarden *Helle*. Denne forklaringa vert forkasta, på grunn av storleiksforholdet mellom gardane. *Vårdal*-gardane er større enn *Helle*, og i tillegg ligg *Vårneset*, som ikkje let seg forklare på denne måten. Det vert utelukka at garden kan ha fått namn etter eit elvenamn «Varma» eller «Vara», fordi det ikkje er noko elv på garden. Til sist vert det foreslått at utmerkingsleddet i både *Vårdal* og *Vårneset* kan komme av varða f., «varde», men forfattaren veit ikkje om dette høver med dei lokale forholda på staden (NG12:264). Kåre Flokenes meiner at namnet kjem av *vør* 'steinbrygge eller steinsetjing på sida av ei båtstø' (Flokenes 1999:55). I *Vårdalsneset* er det ein opning i berget som dannar ei naturleg hamn.

Både *varde* og *vor* har språkleg samanheng med verbet *verje*, av norrønt *verja* som tyder å 'forsvare, verne'. Inn til *Vårdal* går Dalsfjorden rett frå vest til aust, men ved *Vårdalsneset* svingar fjorden nordover. Dette gjer at resten av fjorden vert liggande i le for vinden, i staden for å ligge eksponerte for . *Ytre Vårdal* og *Vårdalsneset* ligg relativt veirhardt til ifølgje ein informant, og det er mykje vind her. Innanfor neset er det derimot lunare. Namnet kan komme av at *Vårdal* vernar området innanfor mot vind og veir.



Figur 34: Kart over ytste del av Dalsfjorden. Vårdalsgardane er markerte med raud ring.

## 204. Vik

*Vigh* NRJ II 142, *Viigh* 1563, *Viig* 1603, 1608, 1667, *Wiig* 1723 (NG12:264).

Tolking frå NG12: «\*Vík f. (Incl. S. 85)» (NG12:264). *Viigh*, *Viig* 1563 (Dybwad 1938:149, 155), *Wiigh* 1567 (Dybwad 1941:47).

Ifølgje *Nynorskordboka* er definisjonen på ei *vik* f., av norrønt *vík*, ei ‘mindre (ofte trong) innskjerjing i strandlinja; liten fjordarm; kil, våg’. Appellativet *vik* f. er språkleg i slekt med verbet *vike* ‘dra seg attende; gå til sides’, som i overført tyding er det ei *vik* gjer i strandlinja.

## 205. Holmedal

*i Holmudali* DN IV 66 1306 (avskrift), *Holmudal* DN I 185 1334, *Haulmudaler*, *Haulmu dals kirkia* BK 25a, *Holmadals kirkia* BK 25b 26 a 1349, *Holmadals sokn* Aslak Bolt 109, *Hollmedalls sokn* NRJ IV 486, *Holmmedall* 1603, *Holmedahls Præstegaard* 1723 (NG12:264). *Holmedall* 1563 (Dybwad 1938:155).

Namnet er tolka i NG12 som eit forsvunne elvenamn, \**Holma* eller \**Halma*. Det vert jamført med *Holmedal* i Hardanger, der det finst ei elv ved namn *Holma*, som skal ha fått namn av at det er nokre små holmar i elva (NG12:264). *Bakkeelva*, som elva i *Holmedal* i dag heiter, er ikkje stor nok til at det kan vere snakk om nokon ordentleg *holme* i elva som har gjeve namn til eit eventuelt elvenamn. Kåre Flokenes meiner elva kan ha øyra opp ein «holme» ved utløpet sitt som er vekke no, men at det også like godt kan vere tale om *holme* i tydinga ‘liten

haug på flatt land' (Floknes 1999:55). Eit anna alternativ kunne ha vore at namnet siktar til staden der ein arrangerte holmgang. I færøysk er ein *hólmur* m. ein 'holme, eller lita øy' men også 'kamplass (til tvekamp), staden for ein holmgang' (Jacobsen og Matras 1961:165). Om det har vore noko slikt på staden veit eg ikkje.

## 206. Helleset

*Hællisætre* BK 25a 1349, *Hellesetter* NRJ II 142 1563, *Helsetther* 1567, *Hyllesetter* 1603, *Hellesetter* 1608, 1667, 1723, *Hellesæter* 1919 (NG12:264). *Hellesetter* ca.1620 (Johannessen 2000a:128).

I NG12 er namnet tolka som *\*Helligsetr*, av *hellir* m. 'klippehole' (NG12:264).

Namnet kan ha samanheng med både *helle* f., av norrønt *hella* av *hallr* 'stein' som tyder 'flat, tynn stein' eller med *heller* m., av norrønt *hellir* 'utoverhallande bergvegg'. Denne garden ligg på ei stor flate, og det mest rimelege er vel å tru at det kjem av det første alternativet, i tydinga «flatt som ei helle». Kåre Floknes hevdar at «dersom fyrsteleden Helle- i namnet *Helleset* har språkleg samanheng med gno. *hellir* m. «heller», ville namnet ha vore *Hillarset* eller *Hellarset* (Floknes 1999:179).



Figur 35: Helleset sett frå Ringstad. I lia ovanfor ligg garden Mork.



## 207. Mork

*Morck* 1563, *Mørch* 1608, *Morch* 1667, *Morchen* 1723 (NG12:264).

NG12 forklarer namnet som *mørk* f., ‘skog’ (NG12:264) I *Forord og Indledning* står det at dette nemnet alltid dukkar opp som *mark-* i gamle samansetjingar (FI:68), og det ser vi på namnet om lia nedanfor garden, *Markalia*. *Mark* f., av norrønt *mørk* ‘skog’ vert i Nynorskordboka sett i samanheng med *mark* f. ‘merkestrek på ein bismar’ og *marg* og *margin* i tydinga ‘grense(land)’. Sjølv om forklaringa ‘skog’ nok er det som høver best, kan det nemnast at *Mork* og *Helleset* ligg på grensa mellom tidlegare Askvoll Herad og Ytre Holmedal Herad.

## 208. Blakkstad

*Blackstadt* 1563, *Blackstad* 1603, 1608, 1667, *Blachstad* 1723, *Blakstad* 1919 (NG12:265).  
*Blachstaid* 1567 (Dybwad 1941:47).

Tolking frå NG12:

\*Blakksstaðir. Et Mandsnavn Blakkr forekommer en enkelt Gang i MA., Blakkr skald i Sverres Saga (maaske en Islænding); men det maa vistnok have været i mere alm. Brug, da der er ikke mindre end 15 Gaardnavne i Landet, hvis 1ste Led har været Blakks- eller en tilsvarende svagt bøiet Form Blakka-. Vistnok forekommer Adj. blakkr, blakki (blak) gjentagne Gange som Tilnavn, men alle 15 Navne lade sig neppe forklare paa denne Maade, men maa ialfald tildels henvises til Blakkr og Blakki som virkelige Navne (NG12:265).

Grunnen til at det her ikkje vert vurdert noko anna forklaring enn eit mannsnamn, er nok den tidlegare nemnde trongen til modelltolking, spesielt når det kjem til *staðir*-namna. Når ein jamfører med namn med same utmerkingsledd andre stader, ser ein at ved høve der grunnordet ikkje er *-stad*, vert adjektivet *blakkr* vurdert som karakteriserande for noko i lendet. Om *Blakkåheia* i Nordland vert det skrive at namnet kjem av adjektivet og viser til fargen i elva som er uklår (NG16:149). I dette tilfellet gjer rett nok namnet *Blakkå* det vanskeleg å sjå forbi eit elvenamn, men ein har andre liknande tilfelle også. Om *Blakrusten* (i dag berre *Rusten*) på Lillehammer vert det også referert til adjektivet og den bleike fargen, same med *Blakksetra* på Gjøvik (NG4:34, 224). Det vert rett nok nemnt at dei fleste gardsnamn som startar på *Blak-* eller *Blakk-* kjem av eit mannsnamn *Blakkr* eller *Blakki*. Bind 4 frå Oppland, eller *Kristians Amt*, er som NG12 ferdigstilla av Albert Kjær. Det at han er inne på andre tolkingar når det gjeld andre typar grunnord enn *staðir*-namna, viser kor stor respekt han har for Rygh sin teori om personnamn som utmerkingsledd i *staðir*-namna.

Eg trur namnet like gjerne kan karakterisere noko på garden, og at utmerkingsleddet er adjektivet *blakk* av norrønt *blakkr* ‘som har bleik og urein grågul farge’ (*Nynorskordboka*). På *Blakkstad* er det ei elv, men det eg kunne sjå var den ikkje nemneverdig grumsete på fargen, men dette kan jo ha forandra seg over tid. Også lendet kan ha vore «blakt», til dømes jorda eller graset.

## 209. Tveita

*Puæitt* BK 25a 1349, *Thuedt* 1563, *Tuedt* 1603, *Thuedt* 1608, *Tueiten* 1667, *Tvedt* 1723, *Tveiten* 1919 (NG12:265). *Thued* ca. 1620 (Johannessen 2000a:128). *Thued* 1567 (Dybwad 1941:47).

I NG12 vert det vist til oppslaget *Pveit* i *Forord og Indledning*: «Bruges i endel Bygder bl.a. om en Græsplet mellem Skov eller Klipper, en Slaatteng i Skoven, en Rydning (...) Tveit-Navnene standse omtrent ved Sognefjorden; nordenfor denne findes blot et Par af dem i Sønd- og Nordfjord og et Par i Indherred» (FI:83).

I *Norsk stadnamnleksikon* står det at *tveit* tyder ‘mindre jordstykke’, ‘grasfleck mellom skog eller berg, slåtteland i skogen’ (Sandnes og Stemshaug 1997:466).

*Tveita* kan ha vore ei ‘slåttemark i skogen’ eller ein ‘rydning’ under ein av dei andre gardane i området, til dømes nabogarden *Håland* eller under *Holmedal*.

## 210. Håland

i *Halandi* BK 25a 1349, *Haaland* 1603, *Haeland* 1608, *Haaland* 1667, 1723 (NG12:265). *Haaland* ca. 1620 (Johannessen 2000a:128).

Tolking frå NG12: «Håland (\*Hávaland). Se Kirkebø GN. 51. Gaarden ligger høit» (NG12:265). Under *Håland* i Kyrkjebø sokn står det at dette er eit svært vanleg namn frå Agderfylka til Sogn og Fjordane, og at alle namna ser ut til å ha opphav i adjektivet *hár* ‘høg’. Om *Håland* i Kyrkjebø står det at garden ikkje ligg spesielt høgt, men høgare enn dei næraste omgjevningane sine, men at ein grunna dette ikkje kan avskrive ei tolking med eit utmerkingsledd *há* ‘etterslått’ heilt (NG12:178). *Håland* i Askvoll kommune ligg heller ikkje veldig høgt til, men ligg i marka ovanfor *Holmedal* og ligg såleis høgare til enn både

*Holmedal* og *Bakke*. Nabogarden til *Håland* på vestsida er *Tveita*, som ligg høgare til enn mesteparten av *Håland*-garden, sjølv om eitt av bruka ligg oppå ein bakke og det dermed ligg like høgt over havet som *Tveita* (om lag 80 moh).

## 211. Engjabøen

*Engebøen* 1603, *Enngebøenn* 1608, *Engebøn* 1667, *Engeboe* 1723 (NG12:265).

Tolking frå NG12: «\*Engjarbær, af eng f., Eng, og bær m., Gaard» (NG12:265). *Bær* m., eller *bø* i tydinga ‘gard’, er eit busetnadsnamn, slik som mellom anna *-set*, *-heim* og *-stad*. Som grunnord viser namnet seg som *-bø* på til dømes Vestlandet, medan det på mellom anna Austlandet har forma *-by* (FI:47). Døme på dette er gardane *Lykkebø* og *Ullebø* i Sogn og Fjordane, og namn som *Vestby*, *Østby* og *Øverby* i Oppland.

## 212. Bakke

*a Haldisarbakka* DN I 185 1334, *i Hallinghsbakka* DN I 344 1380, *Haldisebacke* Cod. AM 880 4 (slå opp dette?), *Bake* NRJ II 142, *Backe* 1563, 1603, 1608, 1667, *Bache* 1723 (NG12:265). *Bacche* 1567 (Dybwad 1941:47).

Tolking frå NG12: «Halldísarbakki, af Kvindenavnet Halldís, som var sjeldent i Norge i MA (...) Det kan vel være uvist, om Halldísarbakki har været det opr. Navn paa den hele Gaard Bakke eller blot sigter til en enkelt Part af Gaarden, hvis Navn isaafald har været \*Bakki» (NG12:265). Garden ligg på ei flate oppå ein skråning, så *bakke* m., av norrønt *bakki* ‘terrengskråning’, særleg om sida av ein ås eller ein haug’ (*Nynorskordboka*) høver godt om denne staden. Som nemnt i NG12 er det usikkert om *Haldisarbakka* har vore namn på heile eller berre ein del av garden. Som nemnt tidlegare var Holmedalsområdet fram til 1991 ein del av Fjaler kommune, og er difor nemnt i gards- og ættesoga for Fjaler kommune. Ifølgje sogeskrivarane Ragnvald og Magne Fagerheim, forfattarane av soga, var truleg *Bakke* ein av dei eldste gardane i den dåverande Fjaler kommune, grunna fornfunn som er gjort på staden (Fagerheim og Fagerheim 1976:152). Eit usamansett naturnamn i ubestemt form, slik som *Bakke*, er då meir truleg enn eit samansett namn dersom garden er svært gammal.

## 213. Kleppeneset

i *Kleppanese* DN I 344 1380, *Kleppenes* 1563, *Klepnnnes* 1567, *Kleppnes* 1603, 1608, *Klepeness* 1667, *Kleppenes* 1723 (NG12:265).

Tolking frå NG12: «Kleppanes. 1ste Led Gen. Flt. af kleppr m., hvorom se Indl.

S. 60. Paa et Nes ved Dalsfjorden.» (NG12:265). I FI:60 vert utmerkingsleddet tolka som *klepp* m., av norrønt *kleppr*, ‘klump eller bergknatt’. Same namn finst i Gloppen, og er tolka på same måte. Jamfører ein med namn med same utmerkingsledd NG11 og NG12 ser ein at alle namna vert tolka slik. Det er litt ujamt terreng nedover *neset*, men det er ikkje utprega «knausete» samanlikna med omgjevnadane. Eg tenkte på om det kunne vere eit jamføringsnamn til fiskereiskapen *klepp*, ‘klubbe med krok til å huke fisk med’, grunna at *neset* har ein liten bøy mot aust ut i frå resten av landsida. Denne ‘kroken’ er ikkje veldig tydeleg, så det mest sannsynlege er nok at utmerkingsleddet kjem av *klepp* m., av norrønt *kleppr*, i tydinga ‘klett, knaus; svaberg ved sjøen (brukt til fisketørking)’ (*Nynorskordboka*). Neset ved sidan av sjølve *Kleppeneset* heiter *Naustneset*, og begge namna kan vise til kva kulturell funksjon dei to stadane har hatt.

## 214. Boge

*Bouffe* 1603, 1608, 1667, *Boge* 1723 (NG12:265).

Frå NG12: «\*Bugr m., Bugt» (NG12:265). Frå FI: «bugr m. (Flt. bugir), Bøining; i Stedsnavne særlig brukt om Bugter (som dannes ved en Bøining af Strandlinien) men ogsaa om Krumning af Elv, Vei og lign. Mest nu udt. med lukt o» (FI:46).



Figur 36: Bogeвика sett frå Boge.

I *Nynorskordboka* står følgjande om oppslagsordet *bug* m., av norrønt *bugr* (som språkleg har samanheng med *boge* og *bøye*) 1 ‘langvoren bøyg’ 2 ‘open, bogeforma vik’. Garden *Boge* ligg ved ei avrunda og opa vik i Dalsfjorden. Uttalen samsvarer med skildringa frå *Forord og Indledning*, med lukka /o/.

## 215. Liset

*Linsætre* BK 25a 1349, *Linsetter* 1563, *Linndsetther* 1567, *Linßetter* 1603, *Linnsetter* 1608, *Lindsetter* 1667, 1723 (NG12:265). *Limeszetter* ca. 1620 (Johannessen 2000a:126)

Tolking frå NG12: «Línsetr, af Plantenavnet lín n., Lin (Incl. S. 65). Samme Navn er Lisæter i Bremanger (GN. 1), skr. i Linsætre BK. 9 a, og vistnok ogsaa Lisæter i Vevring (GN. 10) og i Daviken (GN. 76) samt Liset i Rovde, maaske ogsaa Liset i Ørskog.» (NG12:265).

Sjå *Liset* i Kvammen, gard nr. 89.

## 216. Rivedal

*Rewedall* NRJ I 123, *Reffedall* NRJ II 142, *Riiffdall* 1563, *Riffdall* og *Øfre R.* 1603, *Riffdall Riffuedall* 1608, *Riffdal* 1667, *Rifdahl* 1723 (NG12:266).

Tolking frå NG12: «\*Rífudalr. (...) Den Forklaring, som falder naturligst, er af rifa f., Revne (...) Elvenavnet Rífa er vel beslægtet med rífa, rive (i stykker), og rifa f., Revne» (NG12:266).

*Rivedal* er både eit gardsnamn og namnet på ein dal, og ei grend. Gjennom denne dalen går det ei elv. Elva ligg fleire stader nedover dalbotnen i djupe søkk eller gjel, så namnet kan referere til elva sin påverknad på landskapet, at elva har «rive opp» dalbotnen.

Utmerkingsleddet er truleg, som nemnt i NG12, verbet *rive* av norrønt *rífa* og *hrífa* i tydinga ‘slite i to eller fleire bitar, flerre, spjerre, flengje’. Verbet *ripe* ‘streke, risse, rispe’ har språkleg samanheng med *rive* (*Nynorskordboka*). Ved utløpet til *Rivedalselva* ligg eit nes, *Ripeneset*.

## 217. Vindheim

*Vindym* NRJ II 142, *Vindem* 1563, *Vindum* 1603, *Winndum* 1608, *Windem* 1667, 1723, *Vindeim* 1919 (NG12: 266). *Wiinden* 1567 (Dybwad 1941:47). *Windim* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:210).

Tolking frå NG12: «\*Vindeimr; S sammensætning af heimr med vindr m., Vind. Gaarden ligger høit» (NG12:266).

*Vindheim* ligg om lag 80 meter over havet, og namnet refererer som nemnt i NG12 truleg til garden si plassering høgt i terrenget, samanlikna med gardane i nærleiken.

## 218. Vagstad

NRJ IV 487, *Vagestadt* 1563, 1567, *Vagestad* 1603, *Waigistad* 1608, *Wagestad* 1667, 1723 (NG12: 266). *Wagestaid* 1567 (Dybwad 1941:47).

Frå NG12:

O. R. mener i en Notits, at Formen i VL. nok kunde tyde paa et opr. \*Vágreksstaðir eller Vágrekastaðir, af \*Vágrekr eller -reki, et Mandsnavn eller Tilnavn. Noget saadant Mandsnavn er dog ikke kjendt. Et Tilnavn vágreki kunde vel tænkes dannet af Ordet vágrek n., hvad der kommer drivende paa Søen og af denne kastes paa Land; men selv dette vilde dog ikke stemme med 1ste Stavelse Vak- i VL. Af selve Fællesordet vágrek kan Gaardnavnet ikke komme, da Stedet ikke ligger ved Søen. Hvis Formen i VL. skulde skyldes en Feilskrift, kunde man gjette paa Forklaring af det gamle Mandsnavn Vagr (Gen. Vakrs), hvoraf mulig Vaagestad (Vockrestad 1594. Wokrestad 1612. 1619. Waagestad 1668. 1723) i S. Undal er at forklare (Bd. IX S. 156, jfr. S. 352 f.). Det kjendes i Norden hovedsagelig fra Island, i Norge kun fra Runestenen paa Reistad i Hitterø, i Formen WakraR. En saadan Gjetning finder dog ingen Støtte i de senere Former, som alle have -g, aldrig -k i 1ste Stavelse. Uden paalidelig Form fra MA. vil der neppe kunne gives nogen sandsynlig Forklaring af dette Gaardnavn. (NG12:266).

Garden ligg langt frå sjøen, inne i *Rivedal*, oppe i ei li under fjellet *Heileberget*, så eit appellativ *vágrek* i tydinga ‘noko som kjem drivande med sjøen’, kan som nemnt i NG12 ikkje omtale garden. Det kan til dømes vere eit tilnamn slik det vert hevda i NG12, men som nemnt er dette namnet ikkje kjendt verken som personnamn eller tilnamn. Det kan også ha vore eit forsvunne namn eller tilnamn på ein lokalitet ved garden, til dømes fjellet garden ligg under. Gunnstein Akselberg har ei tolking av gardsnamnet *Alrekstad* i Bergen, som det kan vere freistande å foreslå her. I NG11 vert det hevda at fjellnamnet *Alrek/Olrek/Ulriken* på

det høgaste av byfjella i Bergen har fått namn etter garden ved foten av fjellet, *Alrekstad*, medan Gunnstein Akselberg i si populærvitskapelege bok «Frå Bontelabo til Ånuglo» peikar på fjellnamnet som utgangspunktet for avleiing til garden under fjellet. Han tolkar namnet \**Alrekr* som prefikset *al* som det nynorske *ål* i tydinga ‘all, heil’ og grunnordet *rekr* som det norrøne *rikr*, ‘rik, mektig’. Dette er det same leddet ein finn i til dømes namnet *Fredrik* (*Fridrekr*). Akselberg skriv vidare at til same rota høyrer verbet *rekja* ‘rekke ut, strekke, dra ut, breie ut’. Ordet har også samanheng med *reka* ‘spade, skufle’, verbet *raka* ‘rake saman’, *ranke* ‘stabel, hop’ med grunntydinga ‘noko som er retta oppover’ (Akselberg 2012:358, 359).

Ei liknande tolking kunne ha vore aktuell for garden *Vagstad*, som ligg ved enden av det massive fjellet Heileberget, som på dei høgaste punkta er over 700 meter høgt, og stig rett opp frå Dalsfjorden. Det er om lag 6 km langt og synleg frå ytst i fjorden. Dette fjellet kan ha heitt noko anna i tidlegare tider, til dømes noko liknande det som vert føreslege i NG12 som eit mannsnamn eller persontilnamn; *Vagrekr*.



Figur 37: *Vagstad* ligg under vestenden av Heileberget, som strekkjer seg frå Rivedal, langs Dalsfjorden, til Dale.

Ei tolking frå *vágr* m. i tydinga ‘sjø, fjord, eller vik’ og anten *rekja* ‘rekke ut, strekke, dra ut, breie ut’, eller ein av dei andre språklege slektningane Akselberg nemner i tydinga ‘noko som

er retta oppover', kan vere mogleg. Sidan *Heileberget* både er bratt og breitt, kan begge tydingane gjelde her. Det er sjølvstg mykje enklare å dra denne parallellen mellom *Alrekstad* og *Ulriken*, sidan desse lokalitetane har namn som liknar på kvarandre, men det er ikkje umogleg at *Heileberget* kan ha heitt noko anna, eventuelt hatt fleire namn tidlegare. Fjellet skal visstnok ha heitt 'Fjøla' eller \*Fjøl i tidlegare tider, som skal vere opphavet til for kommunenamnet *Fjaler*, norrønt *Fjalir* (Frøysadal 1968:70). Fjellet *Alden* har til dømes tidlegare vore kalla både *Alden*, *Den norske hesten* og *Blåmann*.

Namnet *Fjøla* kan til dømes ha vore eit namn som vart brukt langs vegen, fordi på lang avstand ser ein toppen av *Heileberget* breier seg ut. For folket i *Rivedal* og *Dale*, som derimot såg fjellet på nærare hald, og såg kor det røyste seg beint opp frå sjøen, kan fjellet ha hatt eit anna namn.



Figur 38: Heileberget sett frå Dalsåsen i Fjaler. Dale sentrum i framgrunnen.

## 219. Hyllset

*Hillesetter* 1563, *Hyllesether* 1567, *Hyllesetter* 1603, 1608, 1667, *Hylldesetter* 1723, *Hyllesæter* 1919 (NG12: 266). *Hyllisetter* 1647 (Fladby og Marthinsen 1977:210).

Tolking frå NG12: «Paa Grund af Mangel paa Former fra MA. kan intet sikkert siges til Forklaring. Mulig kan 1ste Led være et \*hylli n. eller hylli f., hvorom se under Hyllestad GN.



77.» (NG12:266). Om gardsnamnet, soknamnet og kommunenamnet *Hyllestad* i Sogn står det:

\*Hyllis- kunde maaske være Gen. af et 'hylli n., venligt (roligt, stille) Sted (...) brugt om Fjorden. Eller Hylli kunde være oldn. hylli f., hylla, Velvilje, Yndest. Da Stamordet holr kan sigte til den Yndest og Hjælp, som Guder eller andre høiere Væsener yde Menneskene, kunde det vel være en Mulighed, at Forestilling om høiere Magters Beskyttelse har været knyttet til Navnet. Eller dette kunde i det væsentlige være af samme Betydning som antaget ved Ytre Holmedal (NG12:235,236).

Det er vanskeleg å forklare kvifor garden skulle ha fått eit namn som har med høgare makter sin beskyttelse å gjere, men ei forklaring om ein 'roleg, stille stad' kan passe.

Det kunne vore freistande å foreslå ei så enkel tolking som *hyll* f., av norrønt *hjalr* m. i tydinga 'høgd i lendet som er flat oppå', grunna garden si plassering på eit flatt parti, men garden ligg samanlikna med dei andre Rivedalsgardane lågt i terrenget, på ein lågareliggande avsats i nede i eit søkk.

Fleire andre gardar i landet med *Hyll-* som utmerkingsledd er tolka som *hyll* m., *høl* 'djup stad i eit vassløp'. *Hylland* i Telemark (NG:439), *Hylland* i Rogaland (NG10:95), *Hylland* i Aurland i Sogn og Fjordane (NG12:121) og *Hylleraasen* i Hedmark (NG3:333) er alle tolka på denne måten. *Hyllset* ligg ved ei elv, og ein informant fortalte meg at dei i barndommen brukte å bade i ein kulp i *Rivedalselva* ved garden *Hyllset*. Eg trur denne tolkinga er den mest rimelege.

## 242. Eikeneset

*Egenes* 1563 (Dybwad 1938:149), *Egernnes* 1567 (Dybwad 1941:47).

Ikkje nemnt som eigen gard i NG12 eller *Gards- og ættesoge for Fjaler*.

Truleg kjem namnet av tresorten *eik* f., av norrønt *eik*, 'løvtre i bøkefamilien' og *nes* n., av norrønt *nes* 'spist og smalt landområde som stikk ut i sjøen'.

## 246. Fossedal

Ikkje nemnt som eigen gard i NG12 eller *Gards- og ættesoge for Fjaler*.

Namnet kjem truleg av *foss* m., av norrønt *fors, foss* ‘stor mengd med fallande vatn’ og *dal* m., av norrønt *dalr* ‘stort og langstrekt søkk i terrenget’. Det er to bruk i *Fossedalen*, som ligg i kvar sin ende av *Fossedalsvatnet*. Frå vatnet går det ein foss ned til *Nedre Fossedal*, og elva fortset før ho igjen endar i ein stor foss ut i Dalsfjorden, ved *Fossevika*.

## 263. Ottersteinen

For dette gardsnamnet er det ingen eldre skrivemåtar eller tolkingar å finne, han er ikkje nemnt i verken NG12 eller *Gards- og ættesoge for Fjaler*. Eg jamfører difor med andre gardsnamn med *Otter-* som tmerkingsledd i NG11 og NG12. *Otterøya* på Bømlo, *Otteraa* (i dag *Oterå*) i Austevoll og *Otteren* (i dag *Oteren*) i Bremanger er alle tolka til å ha utmerkingsledd av dyret *oter*. *Otterstad* i Modalen vert tolka som mannsnamnet *Ottar*. Grunna grunnordet *-stad* har ein kanskje ikkje vurdert andre alternativ enn eit mannsnamn?

Om namnet kjem av mannsnamnet *Ottar* eller av *oter* m., norrønt *otr* ‘rovdyr i mårfamilien’ er ikkje godt å seie. Oter finst det mykje av på desse kantar, og det kan tenkjast at oteren har heldt til her før menneska tok over, sidan garden ligg såpass for seg sjølv som han gjer.

Grunnordet er nok *stein* m., av norrønt *steinn* ‘fast materiale av ikkje-metallisk, enkelt eller samansett mineral’, her i forståinga ‘bergknaus’.

## Avslutning

### *Staðir*-namna

Ein bustadnamnklasse er nemnt spesielt i denne oppgåva, *staðir*-namna. I Askvoll kommune er det fem *staðir*-gardar. Desse er *Yndestad*, *Fristad*, *Ringstad*, *Blakkstad* og *Vagstad*. I NG12 er det for fire av namna konkludert med eit mannsnamn eller mannstilnamn i utmerkingsleddet, utan noko anna forslag. Det eine *staðir*-namnet der det ikkje vert konkludert med eit mannsnamn eller mannstilnamn som forklaring, er *Yndestad*. Her vert det referert til ein gard i Fjaler med same namn, kor personnamn heller ikkje vert nemnt som forslag til tolking av utmerkingsleddet. I staden vert det foreslått at endinga kanskje ikkje opphøveleg har vore eit *staðir*-namn (fleirtalsforma), men eit *staðr*-namn (eintalsforma), fordi det er så sjeldan at *staðir*-namn tek eit appellativ som utmerkingsledd. Utvalet her er for lite for å uttale seg om personnamnteorien står sterkt i NG12 på generell basis, men det kan gje ein liten peikepinn. Når det gjeld namna i Askvoll kommune, vert det halde stand ved personnamnteorien i alle fem tilfella. I fire av dei vert eit personnamn eller persontilnamn føreslått, og i det siste vert det hevda at namnet moglegvis ikkje er eit *staðir*-namn, grunna den sjeldne førekomsten av appellativ som utmerkingsledd for denne namnegruppa.

Truleg har «regelen» om at *staðir*-namn sjeldan tek appellativ som utmerkingsledd, vore nok til at forfattaren av NG12 ikkje har sett det som naudsynt å vurdere andre, alternative tolkingar. Dette er eit resultat av statusen på stadnamnsfeltet tidleg på 1900-talet, og truleg også av meisteren Oluf Rygh sine ord om at *staðir*-namna i dei aller fleste tilfelle har eit personnamn som utmerkingsledd. Til dømes jamførte eg namnet *Blakkstad* med andre namn med *Blak*- som utmerkingsledd, og fekk då tolkingsforslag om appellativ som karakteriserer lendet for fleire av namna, men desse hadde ikkje *staðir* som grunnord. Blant desse var garden *Blaksæteren* i NG4 (NG4 del 2:34), som er redigert av same mann som NG12, Albert Kjær. Kjær har altså kjent til at adjektivet *blakk* nokre stader har vore brukt som lokalitetskarakteriserande appellativ, men det har truleg ikkje vore relevant når det kom til tolkinga av *staðir*-namna.

I denne oppgåva har eg sett på tolkingane frå NG12, og forsøkt å finne ut om tolkingane som gjeld Askvoll kommune står ved lag. Eg har spesielt sett tolkingane opp mot dei lokale topografiske og kulturhistoriske tilhøva på staden. Eg vil no forsøke å samle trådane frå det eg har funne ut, og sjå om eg kan finne eit mønster.

### **Kategoriske konklusjonar**

I det følgjande vil eg gå inn på tolkingane som er gjorde for Askvoll kommune i NG12, og sjå på kor mange av dei som er det ein kan kalle for «kategoriske konklusjonar». I dette legg eg formuleringar som hevdar, utan atterhald, at den føreslegne tolkinga er den rette. Dette vert formidla via formuleringar som «\*Engjarbær, af eng f., Eng, og bær m., Gaard» (NG12:265) eller «Uxaspor. Det nuv. Navn er øiensynlig en Forkortelse af det gamle, som utvivlsomt sigter til en i en Sten ovenfor Gaarden indhugget Fordybning, som ligner Sporet af en Dyreklov» (NG12:252), etterfulgt av eit utgreiing som jamfører namnet med tolkingar som er gjort for andre namn, men utan å drøfte om dette kunne vore eit alternativ for den aktuelle garden.

Formuleringar som «Vel \*Folavágr, af foli m., Føl, Unghest, og vágr m., Vaag, Bugt» (NG12:248), meiner eg legg eit lite atterhald i påstanden sin, grunna ordet vel, og er dermed plassert i *Nei*-gruppa når det gjeld kategoriske konklusjonar. Det gjer også tolkingar som på annan måte ikkje direkte påstår å ha det rette svaret, slik som «Vistnok Kumlar f., Flt. af kuml n., der bruges i Betydningen «Gravminde», men ogsaa om Mærke af anden Art» (NG12:253).

### **Grunntolkingar**

Eg brukar definisjonen til Akselberg (2000:78), som nemner to typar grunntolking: «Den eine typen er ekte grunntolking, tolking som er ein diskusjon av ulike alternativ som munnar ut i eit moglege/moglege eller usikkert/usikre resultat. Den andre typen er kategorisk grunntolking, tolking som er ein diskusjon, men som resulterer i eit kategorisk resultat. Til skilnad frå standardtolkingane må grunntolkingane ha ein reell diskusjon av utmerkinglekken, og ikkje berre ei stadfesting av tolkingresultatet.» Til kategorien grunntolking reknar eg begge typane, medan den kategoriske resultatet vert kommentert for seg. Skal ei tolking kvalifisere som grunntolking har eg sett som krav at det må vere foreslått

minst to ulike forklaringar. Der det er referert til eit anna namn i NG12, kor det er gjort ei grunntolking, vert det rekna som ei grunntolking. Der det er vist til eit likt eller liknande namn i eit anna bind, vert dette ikkje rekna som ei grunntolking, uavhengig av innhaldet i denne tolkinga. Grunnlaget for desse kriteria er at det å referere til ei grunntolking som er gjort innanfor det same verket truleg er gjort for å spare plass, og for å unngå å gjenta seg sjølv. Det er den same forfattaren som står for den grunntolkinga det er referert til. I tilfelle der det er vist til andre bind, vert dette meir ei «godkjenning» eller støtte til det forslaget som allereie er lagt fram, og ikkje ein reell diskusjon som er gjort av den aktuelle forfattaren. Dette vil altså gjelde alle stader det vert vist til innleiingsbindet utan vidare kommentar eller diskusjon.

## **Tolkingane**

### **Einig**

Under denne kategorien hamnar dei tolkingane som eg er einig i, der eg ikkje har noko å supplere med, saman med tolkingar som eg er einig i, men har ei forklaring supplere med som manglar i NG12, og kan vere med å bekrefte tydinga til gardsnamnet.

### **Delvis einig**

I denne kategorien hamnar tolkingar der eg har alternativ å komme med, men ikkje er direkte ueinig i tolkinga frå NG12. Her hamnar også dei tolkingane der eg er einig i ein del av forslaga som vert tatt opp, men er ueinig i konklusjonen som vert gjort i NG12. Dette gjeld stort sett gardar der tolkinga frå NG12 ikkje verkar særleg rimeleg, eller gardar der det er noko anna som spesielt særmerker garden enn det som er peika på i NG12.

### **Ueinig**

I denne kategorien hamnar tolkingar der eg ikkje er einig med verken tolkingforslaga eller konklusjonen.

Gardsnamn	Kategorisk konklusjon?	Grunntolka?	Einig?
Grimelia	Nei	Ja	Delvis
Lia	Ja	Nei	Ja
Holevika	Nei	Ja	Ja
Unneset	Ja	Nei	Nei
Mjåset	Ja	Nei	Ja
Stubseid	Nei	Ja	Ja
Fjella	Ja	Nei	Ja
Fauskevika	Ja	Nei	Delvis
Yndestad	Nei	Nei	Ja
Stong	Nei	Ja	Delvis
Gjerde	Ja	Nei	Ja
Stavsnes	Nei	Ja	Delvis
Størdal	Nei	Ja	Ja
Eidet	Ja	Nei	Ja
Fisma	Nei	Ja	Delvis
Folvåg	Nei	Nei	Delvis
Eidmind	Nei	Ja	Delvis
Røyset	Ja	Nei	Ja
Askvoll	Ja	Nei	Ja
Ask	Ja	Nei	Ja
Fristad	Ja	Nei	Delvis
Ringstad	Ja	Nei	Nei
Straumen	Ja	Nei	Ja
Loftheim	Ja	Nei	Delvis
Nes	Ja	Nei	Ja
Olset	Ja	Nei	Ja
Dorhella	Ikkje tolka		
Spor	Ja	Ja	Ja
Grov	Ja	Nei	Ja
Sauesund	Nei	Ja	Ja
Kumle	Nei	Ja	Ja
England	Ja	Nei	Ja
Gjervik	Nei	Ja	Delvis
Grane	Nei	Ja	Ja
Seljevoll	Ja	Nei	Ja
Høyvik	Ja	Nei	Delvis
Heggøyyna	Ja	Nei	Ja
Smelvær	Ikkje tolka		
Leirvåg	Ja	Nei	Ja
Sætre	Ja	Nei	Ja
Vilnes	Nei	Nei	Ja
Laukland	Ja	Nei	Nei
Hærland	Ja	Nei	Delvis
Hindøy	Nei	Ja	Nei

Gardsnamn	Kategorisk konklusjon?	Grunntolka?	Einig?
Tvibyrgje	Ja	Nei	Delvis
Alden	Nei	Ja	Ja
Værøy	Ja	Ja	Ja
Melværet	Ja	Nei	Ja
Gjørøy	Nei	Ja	Nei
Hågøy	Ja	Nei	Nei
Gjelsa	Nei	Ja	Delvis
Fedøy	Nei	Ja	Delvis
Sandøy	Ja	Nei	Nei
Halsøy	Ja	Nei	Ja
Hillersøy	Ja	Nei	Ja
Kjempenes	Ikkje tolka		
Nikøy	Nei	Ja	Delvis
Aralden	Nei	Nei	Delvis
Helle	Ja	Nei	Ja
Vårdal	Nei	Ja	Delvis
Vik	Ja	Nei	Ja
Holmedal	Ja	Ja	Ja
Helleset	Ja	Nei	Nei
Mork	Ja	Nei	Ja
Blakkstad	Ja	Nei	Delvis
Tveita	Ja	Nei	Ja
Håland	Ja	Ja	Delvis
Engjabøen	Ja	Nei	Ja
Bakke	Ja	Nei	Ja
Kleppeneset	Ja	Nei	Nei
Boge	Ja	Nei	Ja
Liset	Ja	Nei	Ja
Rivedal	Ja	Nei	Ja
Vindheim	Ja	Nei	Ja
Vagstad	Nei	Ja	Delvis
Hyllset	Nei	Ja	Delvis
<i>Eikeneset</i>	<i>Ikkje nemnt i NG12</i>		
<i>Fossedal</i>	<i>Ikkje nemnt i NG12</i>		
<i>Ottersteinen</i>	<i>Ikkje nemnt i NG12</i>		
Hestvika	Nei	Ja	Nei
Rørvika	Ja	Nei	Ja
Løvika	Ja	Nei	Delvis
Åsen	Ja	Nei	Ja
Nesskog	Ja	Nei	Ja
Åla	Ja	Ja	Delvis
Kvammen	Ja	Nei	Ja
Leknes	Ja	Nei	Ja
Liset	Ja	Nei	Ja
Hegreneset	Ja	Ja	Ja

Gardsnamn	Kategorisk konklusjon?	Grunntolka?	Einig?
Gjelsvika	Nei	Ja	Nei
Bjørndalen	Ja	Nei	Ja
Selvika	Ja	Ja	Ja
Skorva	Ja	Nei	Ja
Haslelia	Ja	Nei	Ja
Mandelia	Nei	Ja	Nei
Skjerlia	Ja	Nei	Nei
Flokeneset	Nei	Ja	Nei
Merkesvika	Ja	Nei	Ja
Nærvika	Ja	Nei	Delvis
Vågane	Ja	Nei	Ja
Osland	Ja	Nei	Delvis
Oslandsbotnen	Ja	Nei	Ja
Stavestranda	Ikkje tolka		
SUM:	67 JA, 29 Nei	32 JA, 64 NEI	56 JA, 14 NEI, 26 DELVIS

Som ein ser er det overvekt av kategoriske tolkingar i namneutvalet frå Askvoll kommune i NG12. Som regel er det samanfall mellom kategoriske konklusjonar og namn som ikkje er grunntolka. Det vil seie at der svaret er *Ja* på kategorisk konklusjon, er svaret *Nei* på grunntolking, og vice versa. Truleg er dette resultatet knytt opp mot kor sikker forfattaren er i tolkingane sine. Der forfattaren er sikker i si sak, har det truleg ikkje verka naudsynt å komme med alternative forslag. Dette kan nok knyttast opp mot malen i NG, som krev at ein held utgreiingane til eit minimum der tydinga er nokon lunde transparent. Å ta atterhald har kanskje ikkje vore eit mål i seg sjølv for forfattaren. Når det kjem til namn der ein er meir usikker, har det nok heller vore eit større behov for å ta atterhald, og syne at det kan finnast andre alternativ, som vert føreslegne i ei grunntolking.

Det som peikar seg ut som det interessante, er dermed dei tilfella der ikkje manglande grunntolking og kategorisk konklusjon ikkje komplimenterer kvarandre. Det vil seie dei tilfella der namnet er grunntolka, men konklusjonen likevel er kategorisk, og dei tilfella der konklusjonen er gjeve med atterhald, men namnet likevel ikkje er grunntolka. Dette gjeld 11 av namna, der 4 av tolkingane verken inneheld ein kategorisk konklusjon eller ei grunntolking, og 7 der tolkingane er konkluderte kategorisk sjølv om namnet er grunntolka.



## **Ikkje-kategorisk, ikkje grunntolka**

I den første av gruppene, der konklusjonen tek visse atterhald, men namnet framleis ikkje er grunntolka, hamnar dei fire gardane *Vilnes*, *Aralden*, *Yndestad* og *Follevåg*.

For namnet *Aralden* ser det ut til at atterhaldet ligg i at denne forklaringa ikkje er forfattaren si eiga, men er gjeven av Sophus Bugge. Forfattaren av NG12 set då truleg sin lit til forslaget til Bugge. For namnet *Yndestad* verkar det som om atterhaldet gjeld både utmerkingsleddet og grunnordet, men same atterhald gjeld for garden *Yndesdal*, som ikkje har det same utmerkingsleddet. Namnet er då truleg ikkje grunntolka fordi forfattaren ikkje har andre forslag å komme med. Både for *Vilnes* og *Folvåg* ligg atterhaldet i eit enkelt ord, *vel*. I tolkinga av namnet *Vilnes* vert det vist til andre liknande namn, som Oluf Rygh har samanstilt namnet med. Dette atterhaldet ligg nok dermed i at tolkinga ikkje er forfattaren si eiga, men han lyttar til meisteren sitt forslag, og kjem ikkje med alternativ. I omtalen av namnet *Folvåg* vert det ikkje vist til nokon andre stadar med dette utmerkingsleddet, og det vert heller ikkje gjeve inntrykk av at denne tolkinga er nokon annan si. Årsaka til at namnet likevel ikkje er grunntolka, må då anten vere at dette atterhaldet ikkje er eit «ekte» atterhald, eller at forfattaren ikkje har andre forslag å komme med.

Det ser altså ut som at det då er to grunnar til å ikkje grunntolke desse namna, sjølv om forfattaren ikkje er heilt sikker i si sak; anten at forfattaren stiller seg bak ei tidlegare gjeve forklaring, eller at han ikkje har andre forslag å komme med.

## **Kategoriske grunntolkingar**

Nokre av gardsnamntolkingane er grunntolka, men har likevel ein kategorisk konklusjon. Sidan tendensen i NG12 er at ein kategorisk konklusjon som regel berre inneheld eit enkelt tolkingforslag, er det interessant å sjå på kva som fører til ein kategorisk konklusjon, trass i at ein har teke seg plass til å vurdere fleire alternative tolkingar. Tolkingane i denne gruppa er det Akselberg kallar kategoriske grunntolkingar. Namna dette gjeld er *Spor*, *Værøy*, *Håland*, *Åla*, *Hegreneset*, *Selvika* og *Holmedal*.

I tolkingane av namna *Spor* og *Værøy* vert det jamført med andre namn med same utmerkingsledd, og vist til korleis desse er tolka. For *Spor* ser det ikkje ut som alternativa vert

vurderte, dei vert i alle fall ikkje drøfta som rimelege eller urimelege, berre nemnte. I tolkinga av *Værøy* er det referert ei tidlegare given tolking av dette namnet, og ei anna tolking av namnet *Værøy* i Lofoten, med ei anna tyding. I tillegg er det nemnt ei tredje tolking som kan passe, men denne er ikkje vurdert. Også denne tolkinga ser ut til å vere ferdig konkludert, utan å diskutere alternativa. Dei vert i realiteten berre nemnde.

Namna *Håland*, *Åla* og *Hegreneset* er grunntolka under andre gardar med same namn i NG12. I omtalen av *Hegreneset* vert namnet tolka som fuglenamnet *hegre*, med kommentar om at det her ikkje høver med eit elvenamn, som vert nemnt som eit alternativ under garden med same namn i Jølster. I tolkinga av namnet *Åla*, vert det grunna *a*-endinga til dette namnet hevda at namnet må vere danna av eit hokjønnsord, og dermed konkludert med eit av tolkingsforslaga som er gjevne for *Sogndal Prestegard* som tidlegare har heitt *Aall*. I omtalen av garden *Håland* vert det jamført med ein gard med same namn i Høyanger, og konkludert med ei av tolkingane til dette namnet, saman med kommentar om at garden ligg høgt i terrenget. Det kjem tydeleg fram at det er gjort ei vurdering av kva slags tyding som høver best for kvar av gardane, på grunn av desse forklarande kommentarane. I tolkinga av namnet *Selvika* vert det konkludert med ei tolking, medan ei anna, moglege tolking vert presentert, men avvist på grunn av den lokale uttalen. Her kjem det fram at det er tatt ei vurdering av to ulike alternativ, og konkludert med den rimelegaste.

*Holmedal* skil seg litt ut frå dei andre, for her verkar ikkje forfattaren sikker i si sak, sjølv om namnet vert påstått å vere eit elvenamn *Holma* eller *Halma*. Det vert nemnt ein annan stad som har fått namn etter eit slikt elvenamn, og at det er ein holme i den nemnde elva.

Forfattaren av NG12 vurderer det slik at dette ikkje høver for elva ved garden *Holmedal*, og at *holme* dermed må tolkast i tydinga "Plet, som adskiller sig fra den omliggende Grund" (NG12:264). Det ser ut som om forfattaren framleis held ved teorien om eit elvenamn, sjølv om 'flekk som skil seg frå området rundt' på meg verkar som eit merkeleg utgangspunkt for eit elvenamn. Det vert foreslått at namnet kan komme av eit ukjendt elvenamn *Halma*, som ein ikkje kjenner tydinga til. Deretter kjem kanskje det som er forklaringa på den kategoriske konklusjonen: Oluf Rygh har ført opp gardsnamnet under elvenamnet *Holma* i *Norske Elvenamne*. Det vert også nemnt at for *Holmedal* i Strandebarm er eit elvenamn lite truleg, men det vert ikkje foreslått nokon av dei tolkingane som er gjevne for dette namnet. Det

verkar dermed som om forfattaren av NG12 har bestemt seg for at dette er eit elvenamn, og ikkje ser det som naudsynt å foreslå alternativa som er foreslått for garden i Strandebarm.

I denne gruppa peikar det seg ut to ulike framgangsmåtar. I tolkingane av gardane *Værøy* og *Holmedal* ser det ut som at forfattaren av NG12 har «bestemt seg» for kva som er den rette tolkinga, men presenterer andre tolkingar likevel. Det same gjeld for garden *Spor*, men her vert tolkinga grunngeve med forma til namnet i det eldste skriftbelegget og at det finst eit avtrykk i eit berg på garden. Det er nok sikkert teke ei vurdering av kva som er det mest rimelege alternativet for den aktuelle garden, men dette vert ikkje gjort synleg for lesaren. Dette kan truleg knytast opp mot det tidlegare nemnte formatet i NG12, som legg opp til kortast mogleg omtale av kvar enkelt gard. Det har truleg ikkje vore ein prioritet med ein transparent vurderingsprosess, men heller å vise lesaren «svaret». For gardane *Håland*, *Åla*, *Hegreneset* og *Selvik* vert konklusjonen derimot grunngeve, og det vert vist at andre alternativ har vorte vurdert. Dei kategoriske konklusjonane kan nok også knytast til stilen i NG, og som nemnt har det truleg ikkje vore noko mål å ta atterhald for atterhaldet sin del.

### **Einig, delvis einig eller ueinig?**

I 56 av dei 96 tolkingane er eg einig med NG12. Til desse namna har eg anten ingenting å supplere utover det som står i NG12, eller eg er einig med konklusjonen, og har ei forklaring som kan vere med på å støtte opp under den aktuelle tolkinga.

I 25 av tilfella er eg delvis einig med forklaringa frå NG12. I fleire av desse tilfella er eg einig i forslaga som vert gjevne i NG12, men er ikkje heilt einig i den konklusjonen som vert dratt. I mange tilfelle er eg ikkje direkte ueinig i tolkingsforslaget frå NG12, men har alternativ som eg meiner kan vere like rimelege. Dette gjeld typisk gardar der det er noko anna som særmerker garden enn det som er peika på i NG12.

Den gruppa namn det er mest interessant å sjå på, er den gruppa der eg har sagt meg ueinig i tolkinga frå NG12. Dette gjeld 14 namn. Fellestrekk for denne gruppa, er at eg har ei motstridande forklaring, knytt til topografien på staden. Eit av namna fell ikkje inn i nokon

spesiell tendens, så det kan eg kommentere først. Garden *Mandelia* er sett i samanheng med garden *Mannebrekke* i Høyanger. I omtalen av *Mannebrekka* vert denne garden stilt saman med ein gard på Island med namnet *Kvennebrekka*, og forklarar desse namna med at det på tidspunktet namna vart laga truleg berre har budd menn i *Mandelia* og på *Mannebrekke*, medan det på *Kvennebrekka* berre har budd kvinner på namnelagingstidspunktet. Denne forklaringa verkar ikkje spesielt rimeleg. Det vert nemnt under *Mannebrekke* at nokre namn med utmerkingsleddet *Mand-* er knytt til fjellnamn, men dette vert ikkje diskutert vidare.

Resten av dei 13 namna deler seg inn i to hovudgrupper. I den første gruppa er namna *Hestvika*, *Skjerlia*, *Kleppeneset*, *Helleset*, *Sandøy*, *Hågøy*, *Hindøy* og *Laukland*. I omtalen av desse namna er det konkludert med ei tolking knytt til realia som eg er ueinig med. Berre *Hindøy* er grunntolka av desse namna, og forfattere av NG12 kjem berre med eit vagt forslag om kva dette namnet kan komme av. I dei andre tilfella er det konkludert kategorisk med berre eitt forslag til tyding, som etter mi meining ikkje høver med topografien på staden.

Det som kjenneteiknar den andre gruppa er at det i alle desse tilfella er konkludert med eit personnamn som utmerkingsledd. Desse namna er *Unneset*, *Ringstad*, *Gjørøy*, *Gjelsvika* og *Flokeneset*. I alle tilfella har eg foreslått ei forklaring knytt opp mot topografien på staden, framfor personnamnforklaringa. Dette kan peike på to tilhøve. Det eine er at forfattere av NG12 kan ha ein tendens til å foreslå eit personnamn der han ikkje har andre forslag å komme med. Det andre er at eg kan ha ein tendens til å forkaste personnamn som utmerkingsledd der det er mogeleg.

I teorikapitlet mitt nemner eg det Gunnstein Akselberg kallar «naturnemneteorien». Dette er den motsette tendensen av «personnamnteorien», der utmerkingsleddet *skal* vere eit naturnemne, og at ein berre godtek ei forklaring med personnamn som utmerkingsledd dersom ein ikkje får naturlokalitetane til å stemme (Akselberg 1984:80). Der ein tidlegare fort foreslo eit personnamn som forklaring dersom ein ikkje hadde andre forslag, er det no motsett. Eit personnamn vert berre aktuelt dersom ikkje ein har andre alternativ. Denne tendensen kan vere med på å dra tolkingane mine mot dei topografiske forholda på staden. Dette kan ein også sjå under tolkingane til to av *staðir*-namna, *Fristad* og *Vagstad*, kor eg har

sagt meg delvis einig. Her forkastar eg ikkje forslaga om personnamn, men forsøker å finne ei alternativ forklaring knytt til topografien på garden. Sjølv om eg er klar over at eg kan ha tendens til å *ville* finne ei topografisk forklaring, meiner eg at eg ikkje grip etter halmstrå i desse tilfella. Eg har vore på alle gardane og forsøkt å sjå kva det er som særmerkar dei, og forsøkt å setje dette i samanheng med det språklege. Denne moglegheita hadde ikkje Oluf Rygh, eller Albert Kjær, forfattaren av NG12. Dei fekk i mesteparten av tilfella ikkje besøkt stadane bak namna dei tolka. Som nemnt i innleiinga, var «Mangelen af tilstrækkeligt Kjendskab til Stedforholdene paa de Steder, hvor Navnene høre hjemme» (Rygh 1898:12), noko Rygh sjølv peika på som ei utfordring.

## Litteratur:

- Akselberg, G., 1984. Vikingtidsindividualisme eller naturnemnerelasjonar? I: Namn og Nemne 1. Side 51-81.
- Akselberg, G., 2000. Gardsnamntydingar – standardtolking og modelltolking hjå Oluf Rygh. Ei metodisk drøfting av gardsnamntolkingane til Oluf Rygh. I: Sandnes, Sandnes, Stemshaug og Stenvik (red.) *NORNA-rapporter 70 A*. Uppsala: NORNA – förlaget. Side 65-88.
- Akselberg, G., 2012. *Frå Bontelabo til Ånuglo. Stadnamn i Hordaland*. Oslo: Samlaget
- Askevold, B., 1980. *Frå heimbygda. Etter Bernt Askevold sine minnebøker*.
- Askheim, S., 2017. Blegja. I: *Store Norske Leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/strandflate> Lest: 13.12.2017.
- Bergens kalvskinn. 2017. I: *Store Norske Leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [snl.no/bergens\\_kalvskinn](https://snl.no/bergens_kalvskinn) Lest: 10.04.2018.
- Dybwad, J. (red.), 1938. *Norske Lensrekneskapsbøker 1548-1567. Bind III. Skatten av Bergenhus Len 1563*. Oslo: Riksarkivet
- Dybwad, J. (red.), 1941. *Norske Lensrekneskapsbøker 1548-1567. Bind IV A. Rekneskap for Bergenhus Len 1566-1567*. Oslo: Riksarkivet
- Fladby, R. og Marthinsen, L. (red.), 1977. *Skattematrikkelen 1647. XII Sogn og Fjordane fylke*. Oslo: Universitetsforlaget
- Flokenes, K., 1999. *Stadnamn i Askvoll*. Stavanger: Erling Skjalgssonselskapet
- Frøysadal, Ø., 1968. Fjellnamn i Hordaland og Sogn og Fjordane. I: Tylden, P. og Sandnes J. (red.) *Namn i fjellet*. Oslo: Det Norske Samlaget. Side 70-88.
- Fylkesarkivet. Kulturhistorisk leksikon. Vilnes kyrkje. Lest: 19.04.2018: <https://leksikon.fylkesarkivet.no/article/4649cb84-a4bf-4ba6-88b0-14cd7a309e4e/>
- Hallan, N., 1984. Om Oluf Rygh på 150-årsdagen. I: Namn og Nemne 1. Side 9-21.
- Hallaråker, P., 2000: Oluf Ryghs Indledning til Norske Gaardnavne – vår første lærebok i stadnamngransking I: Sandnes, Sandnes, Stemshaug og Stenvik (red.) *NORNA-rapporter 70 A*. Uppsala: NORNA – förlaget. Side 43-56.
- Heggstad, L., Hodnebø, F. og Simensen, E., 2008. *Norrøn ordbok*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Hovda, P., 1981. Mån, man f., gn. møn f., i høgdenamn. Årsmelding 1980, Universitetet i

- Oslo. Side 49-52.
- Indrebø, G., 1936 (red.). *Ågrip. Ei liti norsk kongesøge*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Jacobsen, M.A. og Matras, C., 1961. *Føroysk – Donsk Ordabók. 2. utgåva*. Tórshavn: Føroya Fróðskaparfelag
- Johannessen, O.J. (red.), 2000 a. *Jordebok for Bergen bispedømme ca. 1600: med jordebok for Hospitalet i Bergen ca. 1617-21*. Oslo: Riksarkivet.
- Johannessen, O.J., 2000 b. Oluf Ryghs bruk av etterreformatoriske kilder i Norske Gaardnavne, særlig i bind XI (Søndre Bergenhus Amt) og bind XII (Nordre Bergenhus Amt). I: NORNA-rapporter 70 A: Oluf Rygh. Artikler om en foregangsmann i humanistisk forskning. Uppsala: NORNA-Förlaget. Side 99-116.
- Johannessen, O.J. (red.), 2016. *Bergens kalvskinn*. Oslo: Riksarkivet
- Kleppa, H., 2004. Fylkesarkivet, 'Steinkrossen i Korssund'. Tilgjengelig frå:  
[http://www.sffarkiv.no/sffbasar/print.asp?p=result&db=dbatlas\\_leks&art\\_id=479&spraak\\_id=1&ptype=single](http://www.sffarkiv.no/sffbasar/print.asp?p=result&db=dbatlas_leks&art_id=479&spraak_id=1&ptype=single) Lest 19.10.2017.
- Knudsen, A.M., 1992. Lin og lindyrking i Møre og Romsdal. I: Romsdalsmuseets Årbok. Molde: Romsdalsmuseet. Side 167-197.
- Kruken, K. og Stemshaug, O., 2013. *Norsk personnamnleksikon. 3. utgåva*. Oslo: Samlaget
- Linge, H., 2015. Strandflate. I: *Store Norske Leksikon* [Internett]. Tilgjengelig frå:  
<https://snl.no/strandflate> Lest: 13.12.2017
- Losnegård, G., 2009. *Havfolk og fjordfolk. Allmennsøge for Askvoll. Bind I*. Askvoll: Askvoll kommune
- Losnegård, G., Losnegård, R., Rivedal, H., 1999. *Dalsfjordboka. Frå Gaularfjellet til Bulandet*. Leikanger: Skald Forlag
- Magerøy, H., 2018. Odin. I: *Store Norske Leksikon* [Internett]. Tilgjengelig frå:  
<https://snl.no/Odin> Lest: 02.05.2018
- Mjåseth, K., 2016. Gardsnamn på øyene i Askvoll kommune. [Uprenta semesteroppgåve]
- Nes, O., 1974. Nokre øynamn laga til germansk \*hi. I: *Maal og Minne*. Side 53-65.
- Norsk Ornitologisk Forening. Fugleatlas. Lest 05.03.2018:  
[http://www.birdlife.no/fuglekunnskap/fugleatlas/index.php?taxon\\_id=3584](http://www.birdlife.no/fuglekunnskap/fugleatlas/index.php?taxon_id=3584)
- Nynorskordboka på nett: <http://ordbok.uib.no/>
- Olsen, Magnus, 1971. *Hvad våre Stedsnavne lærer oss*. Oslo: Universitetsforlaget

Ot.prp. nr. 105 L (2014-2015). *Endringer i lov om stadnamn (om høvet grunneigarar har til å fastsetje skrivemåte av bruksnamn m.m.*

Posten: Oversikt over innbyggjarar i grendene i Askvoll kommune. Tilgjengeleg frå:

<https://adressesok.posten.no/nb/addresses/search?utf8=%E2%9C%93&q=askvoll>

Lest: 05.01.2018.

Rasmussen, T., 2016. Reformasjonen. I: *Store Norske Leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: [snl.no/reformasjonen](http://snl.no/reformasjonen) Lest: 10.04.2018.

Rygh, O., 1898. *Norske Gaardnavne: Forord og Indledning*. Kristiania: W.C. Fabritius og Sønners Bogtrykkeri

Rygh, O., 1898. *Norske Gaardnavne. Akershus Amt*.

Rygh, O., 1900. *Norske Gaardnavne. Hedemarkens Amt*.

Rygh, O., 1904. *Norske Elvenavne*. Kristiania: Fabritius

Rygh, O. & Kjær, A., 1902. *Norske Gaardnavne: Kristians Amt*. Kristiania: Fabritius

Rygh, O. & Rygh, K., 1908. *Norske Gaardnavne. Romsdals Amt*.

Rygh, O. & Kjær, A., 1919. *Norske Gaardnavne: Nordre Bergenhus Amt*. Kristiania: Fabritius

Rygh, O. & Olsen, M., 1910. *Norske Gaardnavne: Søndre Bergenhus Amt*.

Rygh, O. & Rygh, K., 1908. *Norske Gaardnavne: Romsdals Amt*.

Sandnes, J., 1985. Kvam som terrengord, gards- og bygdenavn i Norge. I: *Namn og nemne 2*. Side 31-41.

Sandnes, J. og Stemshaug, O., 1997. *Norsk stadnamnleksikon. 4. utgåva*. Oslo: Det Norske Samlaget

Sandnes, J., 2000. Plikten fremfor alt. Oluf Rygh, mannen, miljøet og vitenskapen. I:

Sandnes, Sandnes, Stemshaug og Stenvik (red.) *NORNA-rapporter 70 A*. Uppsala: NORNA – förlaget. Side 11-20.

Sandvik, G., 2017. *Diplomatarium Norvegicum*. I: *Store Norske Leksikon* [Internett].

Tilgjengeleg frå: [snl.no/diplomatarium\\_norvegicum](http://snl.no/diplomatarium_norvegicum) Lest: 10.04.2018.

Schmidt, T. (red.), 1994. *Kåre Hoel: Bustadnavn i Østfold. Bind I*. (Forord). Oslo: Avdeling for navnegransking, UiO.

Schmidt, T., 1998. Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne*. I: Johnsen, E.B. og Berg Eriksen, T.



(red.): *Norsk Litteraturhistorie. Sakprosa fra 1750 til 1995. Bind 1*. Oslo: Universitetsforlaget. Side 410-414.

Skipreider i Sogn og Fjordane (2014), i: *Lokalhistoriewiki* [Internett]. Tilgjengeleg frå:

[https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Skipreider\\_i\\_Sogn\\_og\\_Fjordane](https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Skipreider_i_Sogn_og_Fjordane)

Lest: 15.12.2017

Statens vegvesen, 2006. Vakre vegar. Vegdirektøren sin pris. 2006 Bulandet-Værlandet,

Fylkesveg 365. Tilgjengeleg frå:

[https://www.vegvesen.no/attachment/575033/binary/923954?fast\\_title=Vakre+veger+s+pris+2006+Bulandet+%28pdf%29](https://www.vegvesen.no/attachment/575033/binary/923954?fast_title=Vakre+veger+s+pris+2006+Bulandet+%28pdf%29) Lest: 06.01.2018.

Statistisk sentralbyrå: Befolkning, tettbygde strøk. Tilgjengeleg frå:

<https://www.ssb.no/befolkning/statistikker/befteft/aar> Lest: 05.01.2018.

Statistisk sentralbyrå: Kystlinje Askvoll kommune. Tilgjengeleg frå:

<https://www.ssb.no/statbank/table/01405/tableViewLayout1/?rxid=c40a951c-c2e5-46d2-b126-62bbc189da3b>

Stemshaug, O., 1985. *Namn i Noreg*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Stemshaug, O., 1998. Lø – gard, lagerplass og hamn. I: *Namn och bygd* nr. 86. Side 101-109.

Stemshaug, O., 2000. Oluf Rygh som namnegranskar og språkvitskapsmann. I: Sandnes,

Sandnes, Stemshaug og Stenvik (red.) *NORNA-rapporter 70 A*. Uppsala: NORNA – förlaget. Side 31-42.

Svendsen, Å., 2009. Oluf Rygh. I: *Norsk Biografisk Leksikon* [Internett] Tilgjengeleg frå:

[https://nbl.snl.no/Oluf\\_Rygh](https://nbl.snl.no/Oluf_Rygh) Lest: 04.04.2018.

Særheim, I., 2004. Person- og stadnamn. I: Haugen, O.E. (red.): *Handbok i norrøn filologi*.

Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke. Side 337-373.

Særheim, I., 2015. *Jærstrendene. Namn og stader*. Stavanger: Arkeologisk museum,

Universitetet i Stavanger.

Thorsnæs, G., 2017. Oslofjorden. I: *Store Norske Leksikon* [Internett]. Tilgjengeleg frå: :

[snl.no/Oslofjorden](https://snl.no/Oslofjorden) Lest: 23.04.2018.

Thorsnæs, G., og Askheim, S., 2017. Askvoll. I: *Store Norske Leksikon* [Internett].

Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/Askvoll> Lest: 13.12.2016

## **Gardsnamn i Askvoll kommune. Ein diskusjon av tolkingane i «Norske Gaardnavne» bind 12.**

**Av Kristin Heggheim Mjåseth**

### **Samandrag**

I denne oppgåva har eg tatt for meg tolkingane av matrikkelgardsnamn som er gjort i *Norske Gaardnavne* bind 12, for det geografiske området Askvoll kommune i Sogn og Fjordane. Eg har sett på korleis gardsnamna i NG12 er tolka, og sett desse tolkingane i samanheng med dei lokale topografiske og kulturhistoriske forholda på staden. Manglande lokalkunnskap var eit av hovudproblema med tolkingsarbeidet som vart gjort i NG, noko Oluf Rygh, hovudmannen bak NG har uttalt sjølv. Eg har brukt lokalkunnskapen min knytt til topografi og kulturhistorie for å vurdere kor gyldige tolkingane i NG12 er, eller om det finst andre, meir rimelege tolkingsalternativ.

I arbeidet med oppgåva har eg reist rundt og besøkt alle dei ulike gardane, og eg har forsøkt å finne ut kva som særpregar den enkelte garden. Eg har så forsøkt å sjå desse tilhøva i ein språkleg samanheng, for å forstå kvifor gardane har fått namna sine. Eg har også studert korleis namnetolkingane i NG12 vert presentert, om konklusjonane er kategoriske eller om dei tek visse atterhald om andre moglege tydingar. Knytt til måten tolkingane vert presentert på, som anten ein påstand eller eit forslag med atterhald, har eg også sett på om det vert drøfta fleire ulike tolkingsforslag, slik at ein kan sjå at det har foregått ein reell diskusjon, eller om det berre vert presentert eitt tolkingsalternativ.

Eg har funne at om lag 60% (56 av 96) av tolkingane held seg i jamføringa med dei topografiske og kulturhistoriske forholda på staden. I 26 av 96 tilfelle er eg einig anten med konklusjonen eller med eitt eller fleire av forslaga, men har andre tolkingsforslag som også kan vere rimelege. I 14 av 96 tilfelle er eg ueinig med tolkingane i NG12, og dette er hovudsakleg knytt opp mot dei topografiske tilhøva på staden.

# **Farm names in Askvoll municipality. A discussion of the interpretations in “Norske Gaardnavne” volume 12.**

**By Kristin Heggheim Mjåseth**

## **Abstract**

In this thesis I have examined the interpretations from *Norske Gaardnavne* (Norwegian Farm Names). The selected geographical area of my examination is Askvoll municipality in Sogn og Fjordane county. I have researched how farm names in NG volume 12 is interpreted and compared this to the topography and cultural-history at the various locations. Lack of local knowledge was one of the main problems with the interpretations done in NG12, as stated by Oluf Rygh, the the creator of *Norske Gaardnavne* himself. Throughout this thesis, I have taken advantage of my local knowledge of topography and cultural history of the area in order to assess whether the interpretations of NG12 are still valid, or if there are other, more feasible, methods of interpretation.

As a part of my work with this thesis I have spent time in travelling around to the different farms in order to find out what their distinctive features are. In my work, I have tried to relate these distinguishing factors to a linguistic context to effectively discuss why these farms are named the way they are. Additionally, I have explored how the interpretations is presented in NG12, to see whether these are categorical, or if they take certain precautions in their assessments. In relation to this, I have assessed wheter or not the interpretation shows a real debate of the meaning of the namnes, or just suggests one meaning.

I have found that in 56 og 96 cases the interpretations are valid when put in a topographical and cultural-historical context. In 26 of 96 cases, I partially agree with the interpretations, either the conclusion or the interpretation suggestions. In 14 of the 96 cases, I disagree with what is stated in NG12. This is mostly related to topographical matters, where the topography does not match what is suggested in NG12.

## Profesjonsrelevans

Kva gjer denne masteroppgåva relevant for lærarprofesjonen?

Når eg no er ferdig med lektorutdanninga ved Universitetet i Bergen, har eg undervisningskompetanse i faga norsk og historie. Namnegransking er eit fagfelt som balanserer mellom begge desse faga, sidan ein nyttar kunnskap både om det norske språket og om historia vår når ein arbeider med stadnamn. I løpet av arbeidet med masteroppgåva mi om stadnamn, nærare spesifisert gardsnamn, har eg lært mykje om både det norske språket, vår felles kulturhistorie og om heimkommunen min. Det språklege utbyttet eg har fått av arbeidet med denne oppgåva har vore mykje større enn eg hadde tenkt meg at det kom til å bli. Gjennom å arbeide med ord i nært og fjernt slektskap til kvarandre, har eg sett samanhengar i språket vårt eg tidlegare ikkje har vore klar over, og sett utviklinga i språket vårt frå norrønt til moderne norsk.

Eg har også lært mykje om korleis folk levde liva sine tidlegare, og korleis lokalsamfunn har utvikla seg. Dette er ei viktig innsikt for historiefaget, og det å setje seg inn i utviklinga til eit spesifikt lokalsamfunn har vore med på å gje meg ei djupare forståing av den historiekunnskapen eg har tileigna meg gjennom historiefaget på Universitetet. Den historiekunnskapen eg har fått gjennom dette arbeidet er knytt opp mot Vestlandet spesielt, men den gjeld også den felles kulturarven i Noreg. Sjølv om oppgåva mi er knytt opp mot heimkommunen min, Askvoll, meiner eg at det eg har lært også kan nyttast på meir generell basis.

Arbeidsprosessen har også lært meg mykje eg meiner eg kan ha utbytte av i lærarprofesjonen. Eg har lært meg å orientere meg i faglitteratur, og å anvende faglitteratur på ein relevant måte. Dette er viktig for meg som lærar, både for å kunne utvikle min eigen kompetanse vidare, men også for å kunne rettleie elevar i arbeidet deira med faglitteratur og kjelder. I tillegg har eg lært meg å arbeide sjølvstendig, noko eg meiner er ein viktig eigenskap som lærar.